



# Vedlegg til fredingssak del 1 A

Dokumentasjon til fredingssak

# Innhald

1. Lokalitet.....	1
1.1 Kart over området.....	1
1.2 Kart over tuna og bygningane i tunet.....	2
1.3 Kart over hagane i tunet.....	4
1.4 Kart over innmarka, med stadnamn.....	5
2. Klyngetun på Vestlandet .....	7
2.1 Freda klyngetun/rekkjetun i Vestland .....	9
2.2 Hageanlegg i andre freda klyngetun i Vestland .....	13
3. Otternes.....	25
3.1 Eldre oppmålingsteikningar .....	29
3.2 Eldre foto av tunet .....	38
4. Otternes i dag.....	57
4.1 Tunet .....	58
4.2 Bygningstypar i tunet.....	61
4.3 Bygningane i Andersgarden .....	63
4.4 Bygningane i Oddagarden .....	71
4.5 Bygningane i Guttormgarden .....	77
4.6 Bygningane i Thomasgarden .....	84
4.7 Oppsummering bygningane i tunet i dag.....	95
4.8 Hagane.....	96
4.9 Innmarka .....	104
5. Bygningshistorikk Otternes .....	105
5.1 Anlegget på 1920-talet .....	105
5.2 Anlegget mellom 1930 og 1970.....	116



5.3 Anlegget på 1970-talet .....	118
5.4 Sefrak-registreringa .....	132
5.5 Restaureringa av anlegget 1984 – 1996 .....	162
5.6 Tunet før istandsetjinga byrja i 2017 .....	186
5.7 Oppsummering bygningshistorikk 1926 – 2022.....	213
<b>6. Kulturhistoriske verdier.....</b>	<b>215</b>
6.1 Eigenskapar .....	215
6.2 Kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi .....	218
6.3 kulturhistorisk verdi knytt til dei enkelte bygningane .....	219
6.4 Otternes sett i samanheng med dei andre freda klyngetuna i Vestland .....	223
6.4 Oppsummering kulturhistoriske verdier .....	224
<b>7. Kjelder .....</b>	<b>226</b>

Framsidedeilete er tatt av Glenn Heine Orkelbog/Vestland fylkeskommune, 2021





# 1. Lokalitet

## 1.1 Kart over området




Figur 1. Oversiktskart over den indre delen av Sognefjorden. Otternes er markert med ein raud sirkel. Kartutsnitt frå [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no).




Figur 2. Kart som viser plasseringa av Otternestunet. Plasseringa av tunet er markert med raud sirkel. Kartutsnitt frå [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no).

## 1.2 Kart over tuna og bygningane i tunet



Figur 3. Oversiktskart som viser bygningane i tunet til dei ulike bruka. Lilla – Andersgarden, Grøn – Oddagarden, Raud – Guttormgarden og Blå – Thomasgarden.




Figur 4. Oversiktskart over dei enkelte bygningane i tunet.



Tabellen nedanfor omhandlar meir opplysingar om dei enkelte bygningane i kartet figur 18.

Bruk	Nummer i kartet	Type bygning
Andersgarden	1	Eldhus
	2	Stall og sauefjøs
	3	Løe, kyr- og geitefjøs, oppbevaring av høy og korn
	4	Stabbur
	5	Stovehus, Håkonstova, hovudhuset i Andersgarden
	6	Kårstove, Vetlastova
Oddagarden	7	Stovehus, Oddastova
	8	Fjøs/sauefjøs
	9	Eldhus
	10	Stabbur
	11	Løe, med stall, geite- og sauefjøs.
Guttormgarden / Oppigarn	12	Kårhus, Nystova
	13	Stovehus, Gjertrudstova, hovudhuset i Guttormgarden
	14	Stabbur
	15	Eldhus
	16	Fjøs til kyr, i dag nytta som serveringslokale
	17	Løe, fjøs til geit, sau og hest
Thomasgarden / Framigarn	18	Stabbur/kvernhus
	19	Stovehus, Linastova
	20	Stabbeløa, hus til høy, sau, gris og høns
	21	Stall
	22	Stabbur
	23	Stovehus, Eilertstova, hovudhuset i Thomasgarden
	24	Kårstove
	25	Løe med fjøs for kyr, geit og sau, lager for korn, høy mm., Thomasløa
	26	Eldhus

### 1.3 Kart over hagane i tunet




Figur 5. Kartskissa viser plasseringa av dei eldre hagane i tunet på Otternes. Den blå sirkelen markerer plasseringa av hagen ved Oddastova. Denne hagen er det ikkje spor etter sidan Oddastova vart forlenga inn i hagen for å bygge nytt produksjonskjøkken.

Oversikt over dei enkelte eldre hagane i tunet:

Nummer i kartet	Hage
1	Tidlegare hage ved Håkonstova i Andersgarden
2	Hagen ved Nystova i Guttormgarden
3	Hagen på nedsida av stabeløa og stallen i Thomasgarden.
4	Hagen aust for Thomasløa
5	Hagen sørvest for Thomasløa
6	Plasseringa for den inngjerda søtapalen framfor Linastova i Thomasgarden
Blå sirkel	Viser plasseringa av den tidlegare hagen i sørgavlen til Oddastova.



## 1.4 Kart over innmarka, med stadnamn



Figur 6. Kart over

innmarka med stadnamn.

Oversikt over stadnamna i kartet med merknadar henta frå opplysingar om stadnamn i

[www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)

Nr.	Namn	Merknad
1	Holmen	Nedanfor Storevegen, ingen holme men ein bratt bakke, langorvslætte
2	Lundsåkeren	Gamal åker, no tilsådd, bratt

3	Hellestoi	Frå sjøen og oppover, utomgarden, naust. Maskinslætte, hellehammar. I dag er mykje av området vesentleg endra som fylje av bygginga av E 16.
4	Myrane	Nedanfor Norvollen, ovanfor storevegen, innom Håkon Vikesland.
5	Skarpeteigen	Hitom Helleståi, ovanom vegen.
6	Svinstigen	Slætte, ringt å gå, ein svinaveg. Sprengt vekk i 1985.
7	Norvollen	Hallar mot nord, innanfor Lundsåkeren, men andre eigedomar i mellom desse to.
8	Dalen	Slåtte i Kvelven, nedanfor husi.
9	Dalåkeren	Ovanfor Nordvollen. Det var ein smal åker som fylgde dalen, no er det tilsådd.
10	Kvernhuset	Det stod ei kvern her.
11	Gjerda	Der nya huset står.
12	Larsskorene	Det stod ei kvern her.
13	Klørne	Rett under låni (løa), liten åker, vegen gjekk i sikksakk nedover.
14	Bergåkeren	Ovanfor Svingstigen.
15	Talbore	Gamal åker, ei åkerstrimle, ein lang smal åker, går rett oppetter terrenget. Usikkert.
16	Nyemuren	Nedanfor flotane og ovanfor Galden. Nokså ny mur, oppsett under dyrking.
17	Galden	Nedanfor Nyemuren, bratt og ulendt.
18	Humlagarden	Her dyrka ein humle til brygging. Dette slættet ligg innanfor og ovanfor Galden.
19	Reinene	Nedanfor Kjellarflekken.
20	Flotane	Slåmaskinslette, nedanfor Firmælingen, fleire åkrar.
21	Firmælingen	Nedanfor floten, grasvoll – åker, firmælingsland.
22	Floten	Nedanfor husi, over 1 mål, no er det eng, tidlegare var det åker.
23	Hagen	Frukt og bær innom husi. I dag vert området omtala som Pærehagen.
24	Skorene	Utom og ovanfor garden, slætte.
25	Øpste Haugafloten	Åker, tidlegare var det åker på begge flatene.
26	Nedste Haugafloten	Grasmark, tidlegare åker.
27	Trædet	Langorvslætte, ligg ovanfor Humlegarden.
28	Konnheller	Åker innanfor Eilert, stor heller i kanten av åkeren, dei set inn høyrivene her, mur fremst.
29	Træflaten	Flat, attgrodd åker, 3 mæles land.



## 2. Klyngetun på Vestlandet

I store delar av Vestland fylke var klyngetun og rekkjetun den vanlege tunskipnaden tidlegare. Gardane med mange bruk samla i eit klyngetun, og med jorda i teigblanding var ei drifts- og buform som har ei lang historie.

Mange av gardane hadde ein lang historie og når ein plasserte tuna var det fleire ting ein måtte ta omsyn til. Tuna låg gjerne høgt og fritt med godt utsyn over bygda, i tillegg til at dei måtte ligge på tørr grunn. God åkerjord var viktig å ta vare på, så ein plasserte ikkje tuna der. I tillegg er ras ein velkjend problematikk på Vestlandet og det var viktig å plassere tunet trygt for rasa. Mange av gardane låg i svært brattlendt terreng og ein måtte finne ei hylle i terrenget der ein kunne plassere husa. Tilgang til sikker vasskjelde i tunet eller i rimeleg avstand frå det var viktig. Bygdevegen gjekk mellom tuna og batt dei ulike gardane saman.

På mange av tuna var stovehusa i hovudsak plassert på rekkje bak i tunet med uthusbygningane framfor ut mot bygda, men det var og ulike variantar av dette. Terrenget og når ein bygde dei ulike husa har nok vore medverkande til dei ulike variasjonane. Større uthus vart gjerne plassert i utkanten av tunet slik at avrenninga frå husdyrgjødsla vart leia vekk frå bustadane. Dette bidrog også til at åkrane nedanfor fekk godt med gjødsel.

I tuna skil ein mellom innhus og uthus, og kvart bruk hadde vanlegvis sitt sett med hus som var nødvendige for drifta. Men ein kunne også finne tilfelle der brukarane delte på nokon av husa. Dei vanlegaste innhusa på ein gard var stove, eldhus, stabbur, loft, kjellarbu, badstu smie og tørkehus (kjone).<sup>1</sup> Smie og tørkehus vart gjerne plassert eit stykke utanfor sjølve tunet truleg på grunn av brannfaren.<sup>2</sup> Ikkje alle gardane hadde alle desse husa, men av innhus var stove, eldhus og stabbur vanleg. På større bruk var det også vanleg med fleire hus av same type slik at kårfolket hadde sine egne hus. Spesielt stove og stabbur finn ein gjerne fleire av til kvart bruk. I tillegg kom uthusa som løer, stall, fjøs, sauefjøs, geitefjøs og grisehus. Også her varierte talet på uthus, nokon bruk hadde fleire uthus av same type medan andre kunne ha fleire funksjonar i det same. Til dømes ein fjøs som romma fleire dyreslag, eller kombinasjonen med naust og høyløe som var vanleg på gardar der ein måtte nytte båt for å kome til ein del av slåtteteigane. Å ha kombinert fjøs og løe vart etterkvart også vanleg på gardane. Storleiken på bruka la føringar på både tal og storleiken på husa som høyrde til det enkelte bruket.

Utmarka utgjorde ein viktig ressurs for livberginga og gardane hadde gjerne ei rekkje hus der også. Dette i hovudsak i form av uteløer, naust og stølar. På stølane hadde ein gjerne både stølshus og fjøs og der ein slo graset på stølen hadde ein gjerne løer til å oppbevare høyet før det vart frakta ned til garden på vinteren.

Driftsmåten i dei gamle bruka med teigblanding og busetnaden samla i eit felles tun var konservativ, arbeidsintensiv og gav lite rom for nytenking. Med utviklinga av nye driftsmetodar på 1800-talet vart det behov for å gjere noko med denne driftsstrukturen slik at ein kunne nytte seg av nyvinningane.

I 1821 vart *Lov angaaende Jords og Skovs Udskiftning af Fælleddsskab* vedtatt. Dette var den første lova som regulerte utskifting av fellestuna. Nokon gardsbruk vart skifta ut som fylje av denne lova, men den

---

<sup>1</sup> Visted og Stigum 1951 s. 62

<sup>2</sup> På Vestlandet vart heile tørkeinreinga i kjona bygd i eit hus med ein etasje. Tørkeanordninga kunne også bil sett opp i ei smie eller eit eldhus. Visted og Stigum 1951 s. 113

førte ikkje til nokon vesentlege endringar i landbruket.<sup>3</sup> I 1857 vart den første lova om utskifting erstatta av *Lov om Jords og Skovs Udsifting af Fælleddsskab*. Den nye lova påla oppløysing av jordfelleskapet og utflytting av tunet dersom ein av brukarane i tunet krov det. Med denne lova vart det fortgang i utskiftinga av gardane og fram til 1932 vart mange tusen klyngetun oppløyse.<sup>4</sup> Dei endringane som vart gjort i landbruket frå midten av 1800-talet og framover var så store at dei endra karakteren på landsbygda. Uttrykket «Hamskiftet» vert i dag brukt for å beskrive denne endringa i jordbruket med overgangen frå sjølvbergingsjordbruk til handelsjordbruk.<sup>5</sup>

Ofte var det ein av brukarane som sat att med det gamle tunet medan dei andre bygde seg nye moderne tun der dei hadde jorda si samla. Dette fall òg saman med utbreiinga av sveitserstilen og nye tankar kring gardsdrift. Der den nye driftsbygninga med mange funksjonar, erstatta mange av dei små husa i tunet. Eit resultat av utskiftinga var at heile kulturlandskapet endra seg i stor grad som fylje av at teigdelinga var erstatta av samanhengande større jorder og at dei gamle klyngetuna med mange små hus vart erstatta av nye enkeltståande gardstun med få og større hus. Typisk for dei nye gardstuna var at dei bestod av eit våningshus i sveitserstil og ein stor driftsbygning, samt gjerne eldhus og stabbur.

Etterkvart som det vart få gamle klyngetun att så begynte ein å sjå verdien av dei, og fleire vart bevart. Dette ser vi mellom anna på Aga der delar av tunet etterkvart var kjøpt opp og nytta til museum, medan brukarane bygde seg nye hus utanfor tunet. Havråtunet unngjekk utskifting av tun og jord som ei fylje av at utskiftingsformannen meinte at garden var for unik og vanskeleg å utskifte<sup>6</sup>, også her er delar av garden i dag museum. På Otternes starta ein ikkje med utskiftinga før på midten av 1980-talet, på den tida var det få brukarar att som budde i tunet. I samband med utskiftinga vart tunet skild ut som eit eige bruk og eigarskapen vart overtatt av Aurland kommune. Føremålet til kommunen med å overta eigarskapet til bygningane i tunet var at dei ynskte å bevare bygningane og nytte det til bygdetun.

---


<sup>3</sup> Røyane 2018 s. 35

<sup>4</sup> Røyane 2018 s. 36

<sup>5</sup> Hjulstad1991 s. 35                      Omgrepet Hamskiftet vart lansert av forfattaren Inge Krokann i boka *Det store hamskiftet i bondesamfunnet* som kom ut i 1942.

<sup>6</sup> Skre 1994 s. 48

## 2.1 Freda klyngetun/rekkjetun i Vestland



Figur 7. Kartutsnitt der dei freda klyngetuna er merka med blå sirkel og klyngetun som er under freding i Vestland er merka med raud sirkel.

I Vestland fylke er det i dag fire klyngetun der bygningane etter fleire bruk framleis står på opphavleg plass, som er freda i medhald av Lov om kulturminne; Osmundnes i Gloppen, Mølstertunet på Voss, Havråtunet på Osterøy og Agatunet i Ullensvang. Det er også statta opp fredingssak for tunet på Ystås Granvin i Voss herad i tillegg til Otternes. I tillegg er det fleire stadar freda bygningar som høyrer til utskifta klyngetun. Det kan vere enkeltbygningar som er flytta eller bygningar knytt til eit bruk som har blitt ståande att i det opphavlege tunet etter at dei andre brukarane har flytta husa sine ut av tunet. Bensentunet og Midttunet i Jølster er to døme på tun der hus til eitt bruk har blitt ståande att etter at dei andre brukarane har flytta ut av tunet.

Dei freda klyngetuna i Vestland har alle ulik karakter noko som viser mangfaldet innan klyngetuna på Vestlandet. Osmundnes, Havrå og Agatunet er alle tun som ligg i tilknytning til ein fjord og der fjorden var ein del av gardsdrifta. Både Havrå og Osmundnes hadde ein markant vertikal driftsstruktur og dei ligg begge i eit svært brattlendt terreng. Ved Aga er det nære landskapet til tunet opnare og flatare, men også her stig fjella bratt opp i bakkant av tunet. Mølstertunet og Ystås ligg ikkje i nær tilknytning til ein fjord og begge ligg vesentleg høgare. Sjølv om desse tuna ikkje ligg ved fjorden har begge utsikt til vatn som ligg lenger nede i terrenget.

## 2.11 Tunskipnad og plassering

Tunskipnaden skil seg noko frå alle dei klyngetuna som er freda eller under freding i Vestland. Der plasseringa av bygningane i tunet har ei rekkje fellestrekk, samstundes som at det også er ein del markante skilnadar mellom dei. Skilnadane kom nok i stor grad av terrenget tuna var plassert i, storleiken på garden og storleiken på dei enkelte bruka. Ser vi på kartet så er alle tuna omgjeve av eit bratt terreng, der tuna er plassert på eit område som er noko flatare enn resten av terrenget. Terrenget gjev her føringar til kvar det var mogleg å plassere bygningane. Dette saman med kor mange bruk ein skulle ha plass til i tunet var med å bestemme kor tett og korleis bygningane vart plassert. Karta i figur 8 til 13 viser tuna med det næraste terrenget og plasseringa av bygningane.

Viss vi ser på tunet på Osmundnes, figur 8, så er det i dag att bygningane til to av dei tre bruka på opphavleg plass. Dei er samla på eit område som er mindre bratt enn resten av innmarka og her har kvart bruk samla sine bygningar slik at ein ikkje har bygningar inn i mellom kvarandre. Eit særtrekk her er at løene er plassert i bakkant av tunet, medan bustadhusa og nystovene er plassert i framkant med utsikt over Hyefjorden. Dette kan ha samanheng med at dei i gavlen på løene og dei andre husa øvst i tunet er murt opp store steinmurar som beskyttelse mot fonnvind. Samspelet mellom tunet og fjorden er her lett lesbart med naustrekkja som ligg rett nedfor tunet,

På Mølster, figur 9, har det berre vore to bruk i tunet. Tunet var plassert på eit lite platå der terrenget skråar bratt nedover framfor bygningane. Tunet ligg høgt og fritt med god utsikt. Det kan sjå ut som at ein på Mølster har hatt noko meir areal å bruke til tunet enn på dei andre gardane som er omtala her. I tunet er bygningane plassert som eit tilnærma firkanttun med ein stor open plass i midten. I tunet står bygningane til dei to bruka plassert om ein annan. Samstundes som ein har den opne plassen midt i tunet så står mange av husa i kring plassen svært tett. I rekkja med hus som ligg på kanten av platået har alle gavlen vendt utover mot Vangsvatnet. Også løene og fjøsa i rekkja mot aust har same møneretningen. I rekkja med bustadhus, eldhus og vedhus som ligg nord og vest ligg alle med langsida ut mot sør.

På Ystås, figur 10, er det noko meir rom mellom mange av dei enkelte husa. Her kan vi sjå at bustadhusa og innhusa er samla omlag midt i tunet. Med løene/driftsbygningane plassert i ytterkant av tunet. Her har kvart bruk klart å samle sine bygningar i stor grad slik at dei ikkje står om ein annan.

Tunet på Havrå, figur 11, med sine omlag 30 bygningar er eit av dei største klyngetuna der bygningane framleis står på sin opphavlege plass. Havrå ligg i eit bratt terreng og bygningane ligg tett samla. Også her ligg innhusa samla i midten av tunet medan løene er plassert i ytterkant. Tungata er her eit viktig element i tunstrukturen og i drifta av gardane. Også her er samspelet mellom tunet og fjorden lesbart med dei freda nausta som ligg eit stykke frå tunet.


Agatunet, figur 12, er det klårt største tunet der det på det meste var 9 bruk i tunet, i tillegg hadde garden 16 husmannsplassar utanfor tunet. I samband med jordskiftet vart 45 av bygningane i tunet freda. Terrenget er noko flatare frå tunet og ned til fjorden enn det vi finn på Havrå, Otternes og Osmundnes. Men i bakkant av tunet skråar terrenget bratt opp mot fjellet.

Otternes, figur 13, har mange fellestrekk med dei andre freda klyngetuna si plassering og organisering. Tunet låg i eit bratt terreng på ei hylle over fjorden og driftsstrukturen strakk seg frå fjorden til høgjellet. Tunstrukturen på Otternes med den særst tydelege kombinasjonen mellom eit klyngje- og rekkjetun er eit av dei trekka som skil Otternes frå dei andre freda klyngetuna i Vestland.




Ser vi på dei freda tuna under eitt er det svært tydeleg at terrenget har vore avgjerande for korleis tuna har blitt utforma. I tillegg har storleiken på gardane og kor mange bruk som utgjorde tunet hatt mykje å seie for tunstrukturen og tal bygningar.


I kartutsnitna nedanfor er dei vedtaksfreda bygningane markert med ein rosa trekant.




Figur 8. Osmundnestunet



Figur 9. Mølstertunet




Figur 10. Yståstunet




Figur 11. Havråtunet





Figur 12. Agatunet



Figur 13. Otternestunet

### 2.1.2 Bygningar i dei freda klyngetuna

I alle dei freda klyngetuna finn vi i hovudsak att dei same bygningane. Nokon bygningstypar mangar, som til dømes naust på Mølstertunet. Skildnadane finn vi meir i korleis bygningane er utforma og planløyising. Dette heng saman med den lokale byggeskikken og tilpassing til klima og tilgjengeleg materiale. På Havrå er til dømes dei brakekleddede løene eit særprega innslag i tunet, som har ein materialbruk vi ikkje finn att på nokon av dei andre freda klyngetuna.

Frå slutten av 1800-talet sette sveitserstilen sitt preg på mange av dei gamle gardstuna. Då spesielt på dei tuna som var flytta ut av fellestuna, men også i ein del av dei klyngetuna som ikkje vart utskifta har den sett preg på noko av bygningsmassen. Den nye tida kom også dit og dei som budde att i tunet fekk nok også behov for å fornye både drifts- og bumåten. Dette ser vi godt på Havrå der det i dag er fleire hus som har preg av sveitserstilen.

Noko av det same finn vi i tilknytning til Agatunet, der brukarane bygde seg nye hus i utkanten av tunet då delar av det vart overtatt til museumsverksemd. Her finn vi bygningar i både sveitserstil og seinare byggestilar. Ved at dei nye husa kom tett på det gamle tunet er dei også med på å setje sitt preg på opplevinga av tunet og fortel korleis ein her har tilpassa seg den nye tida etter utskiftinga. I tillegg er det her aktiv frukt dyrking tett på tuna slik at bygningar knytt til dagens fruktproduksjon også bli ein del av heilskapen kring det opphavlege klyngetunet. Der tuna har vore i drift lenge ser vi også at løene har blitt modernisert slik som til dømes den eine løa på Ystås som ber preg på å ha blitt endra på ei rekkje gonger med ulike tilbygg og takopplett.

Otternes ligg lengst aust av dei freda klyngetuna, og ein har hatt kontakt både vestover til Bergen, men også austover. Dette har igjen sett noko preg på byggemåten slik vi til dømes finn dei i stabbura i Guttormgarden og Andersgarden der gavlen er trekt ut framfor døra slik at trammen utanfor inngangen er under tak.

## 2.2 Hageanlegg i andre freda klyngetun i Vestland

Ved dei klyngetuna i Vestland som er freda og der fredingssak er starta opp er hagane bevart i ulik grad. På Havrå omfattar kulturmiljøfredinga heile garden og der har ein hatt eit spesielt omsyn for bevaring av kulturlandskapet og den gamle måte garden vart drifta på. For dei andre freda klyngetuna har det vore mindre merksemd retta mot hagane og dyrkinga av frukt og bær. Likevel er det bevart spor etter hagar og eldre planter i desse tuna også.

### 2.2.1 Ystås i Granvin, Voss herad (fredingssak starta opp)

Tunet på Ystås bestod opphavleg tre bruk med til saman 13 hus. Kring husa er mykje av kulturlandskapet framleis ope og vi kan også her finne spor etter dei tidlegare hagane. Innmarka ligg heilt inn til ytterkantane av tunet og dyra gjekk gjennom tunet på veg til beite. I tunet var det fleire hagar i tilknytning til bustadhusa, der ein dyrka frukt, bær, tobakk og blomar. Desse hagane var inngjerda, nokon med plankegjerde med liggande fjøler, andre med stakittgjerde og nettinggjerde. Ved glasstova (Larsastova) til bruk 1 og 2 var det langs den nordlege langveggen ein bærhage som var inngjerda med stakittgjerde. Her var buskene organisert i to rekker, ei med rips og ei med solbær.<sup>7</sup> Gjerdene var viktige for å beskytte hagane mot dyra som også gjekk gjennom tunet på veg til og frå beite. I tillegg var det nokon blomsterbed. Ved lemstova til bruk 3 var det eit blomsterbed med georginer som var innramma med lappskifer. Bak blomebedet er det ei stor tobakksplante. Eit anna bilete frå omlag same tid viser at blomsterbeda ved lemstova var inngjerda med nettinggjerde i tillegg til lappskiferen som avgrensa beda<sup>8</sup>. Nettinggjerdet var truleg sett opp for å beskytte blomane mot dyra som gjekk gjennom tunet. Ved den sørlige langveggen til glasstova til tidlegare bruk 3 var det espalierte frukttrær.

Ved fleire av husa var det planta trær tett på veggen. På glasstova til bruk 3 var det planta fruktre langs langveggen, i gavlveggen mot vest var det planta ei syrin og eitt plommetre. På glasstova (Larsastova) til bruk 1 står det framleis ei gamal syrin. Denne var tidlegare inngjerda med eit stakittgjerde. I tillegg var det ein del enkelttrær i tunet.

I dag er mykje av dei gamle plantene vekke og det er tilført ei rekkje nye planter i tilknytning til bustadhusa i tunet. Vi kan framleis sjå strukturane etter fleire av hagane og det er enkelte gamle planter som framleis er i tunet.

---

<sup>7</sup> Munnleg opplysing frå eigar Aslaug Nestås, 2021.

<sup>8</sup> Biletet det her vert referert til er i Torunn Ystås sitt eige og er ikkje attgjeve i oppgåva eller teksten.



Figur 14. Vestsida av tunet, med hesjer. Biletet er tatt før vegen vart bygd og rekkja med bjørker vart planta. Vi ser her korleis innmarka gjekk heilt inn til bygningane i tunet. Foto Hardanger og Voss museum.



Figur 15. Tunet på Ystås i 2021. Foto A. Bidne/VLFK.



## 2.2.2 Agatunet i Ullensvang kommune

I 1924 vart det første huset i Agatunet freda, Lagmannsstova, og i 1937 vart resten av tunet freda. Etterkvart har fredinga innskrenka seg slik at det i dag er ca. 40 bygningar av 67 som er freda. Fredinga omfattar kun bygningane i tunet, grøntområde knytta til hagar og innmarka var ikkje nemnd i samband med fredinga og er heller ikkje ein del av fredingsvedtaket. Dette er òg i tråd med kva ein hadde lovheimel til å gjere på denne tida og med den tida sitt fokus på enkelt objekt framfor kulturmiljø. Likevel var ein medviten på heilskapen i tunet og samspelet mellom bygningane, frukthagane og landskapet. I 1937 skreiv seinare riksantikvar Arne Nygård-Nilssen fyljande om dette samspelet:

*«Det er samspillet mellom alle delene, de uregelrette husrekkene, sammenbyggingen av gammelt og nytt, de mange overraskende gløtt gjennom gater og hellelagte smug, hus som stikker frem, og plasser som danner sig, og hovedgaten som fremdeles går rett forbi lagmannens hus og knytter det hele sammen. Og så er det spillet mellom bygninger og natur, utsynet og gløttene over fjorden, fjellveggen like innpå og alle frukttrærne som smyger sig opp mot husveggene og rammer hele gården inn. Det er blandingen av småby og bondegård i en natur hvor ynden og velden møtes.»<sup>9</sup>*

Mykje av dette finn vi att i dag når vi besøker Agatunet der det framleis er bevart gamle frukttrær tett på husa. Ser vi på Johan Lindstrøm sin situasjonsplan frå 1923, figur 32, kan vi også der sjå mykje av det same som Nygård-Nilssen skildrar. Også her er det teikna inn ei mengde med trær som er plassert tett på husa. Lindstrøm var her og målte opp fleire bygningar i tunet i tillegg til at han teikna denne situasjonsplanen. I tillegg til trea kan vi også i situasjonsplanen finne att nokon avgrensa hagar, mellom anna framfor Ådnesstova, og så kalla lensmannsstova. Det er ikkje gjeve noko opplysingar om kva type trær det var, men framleis er det bevart ein del frukttrær og andre trer i Agatunet som kan ha ein høg alder.

I samband med KULA<sup>10</sup> i Hordaland vart eit stort område i Ytre Sørfjorden vurdert til å vere eit kulturlandskap av nasjonal interesse. Dei nasjonale interessene i dette landskapet knytter seg til fruktdyrkinga, og landskapet vart her gjeve fyljande vurdering:

*«Fruktdyrkingslandskapet i Ytre Sørfjorden er det mest framstående landskapet av denne typen i landet. Det har stor utstrekning, einskap og visuell styrke. Det har tidsdjupne, kontinuitet og bruksverdi, og det er ein del av dei heilskapelege mangesyslarbruka som nyttar ressursar langs Hardangerfjorden frå fjord til fjell. Kulturminna på Lofthus, klyngetunet på Aga og ferdseisvegane til fjellet er framstående i nasjonal samanheng. Landskapet har stor opplevingsverdi.»<sup>11</sup>*

Agatunet med sine omkringliggande frukthagar, ligg sentralt i dette landskapet og det er nemnd i skildringa av landskapet.

Dei mest sentrale delane av tunet er i dag ein del av Hardanger og Voss museum og i denne delen ser det ut til at ein del av dei gamle grønt-strukturane i tunet er godt bevart. I samband med utskiftinga på 1930-talet vart det bygd nye bygningar til brukarane i utkanten av tunet. Ved desse bygningane har hagane eit meir moderne preg. Agatunet i Ullensvang kommune er eit av dei største og mest kjende av klyngetuna på vestlandet. Det er her framleis bevart ei rekkje eldre tre i tunet både frukttre og andre

<sup>9</sup> Sitat henta frå Røyrane s. 122

<sup>10</sup> KULA er ei forkorting av Riksantikvaren sitt prosjekt Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Dette prosjektet er ei kartlegging av kulturhistoriske landskap i Noreg som har ei nasjonal kulturhistorisk interesse.

<sup>11</sup> Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse Hordaland s. 31

lauvtrær. Eldre bilete viser tydeleg strukturane i tunet. Typiske trekk er trær som er planta tett på bygningane, blomebed omkransa med lappskifer eller stein ved inngangen til husa. På innmarka utanfor tunet er det store frukthagar der trærne er planta på rette rekkjer .



Figur 16. Agatunet i 2021. Foto Arlen Bidne/VLFK.




Figur 17. Agatunet, 1944. vi ser her ein hage inngjerda med stakittgjerde og dei store frukttræa som er planta tett på



husveggane. Foto Halvor Vreim, Riksantikvaren

[https://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/1/16/Agatunet%2C\\_Lensmannsstua%2C\\_Hordaland\\_-\\_Riksantikvaren-T276\\_01\\_0251.jpg](https://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/1/16/Agatunet%2C_Lensmannsstua%2C_Hordaland_-_Riksantikvaren-T276_01_0251.jpg)



Figur 18. Situasjonsplan over Agatunet i 1923, av arkitekt Johan Lindstrøm. Vi ser her at det er teikna inn mange trær i tunet knytt til dei ulike bygningane. Teikning frå Riksantikvaren sitt arkiv.

### 2.2.3 Havrå på Ostrøy

Garden Havrå på Osterøy vart freda etter kml § 20 i 1998, der føremålet med fredinga er fyljande:

«Føremålet med fredinga er å ta vare på og sikre eit nasjonalt kulturhistorisk og arkitektonisk eineståande fjordgardsanlegg, slik Havrå står fram med eit heilskapleg vestnorsk klyngetun med tilliggjande landbrukslandskap, og der jorda aldri har vore undergitt eit samla jordskifte. Målet er å ta vare på dette kulturmiljøet som ein historisk referanse og ei kjelde til kunnskap og forskning om levkår og driftsform knytt til det førindustrielle landbruket med tilhøyrande binæringar, og å sikre opplevingsverdien av Havrå med innmark og utmark.»<sup>12</sup>

Havrå er eit godt døme på ein typisk brattlendt vestlandsgard frå tida før utskiftinga. Garden har ein vertikal driftsstruktur som går frå fjorden og opp til stølane på fjella og der livberginga var avhengig av at ein kunne utnytte utmarksressursane på ein effektiv måte. Både i fredinga og i omtale av garden er det eit stort fokus på innmarka og utmarka, og garden som kjelde til det førindustrielle jordbruket. I tillegg

<sup>12</sup> Forskrift om freding av Havrå som kulturmiljø, Osterøy kommune, Hordaland, 1998 § III

vart ein del av bygningane freda i medhald av kulturminnelova § 15. Vi ser her ei stor endring frå 1920-tals fredinga på Agatunet ved at ein på Havrå har tillagt kulturmiljøet med innmark og utmark ein eigenverdi som kulturminne.

På Havrå var det tidlegare to humlehagar. I dag er det kun ein som står att då den eine forsvann i samband med bygginga av fylkesvegen på 1960-talet. Den attverande humlehagen er inngjerda med eit steingjerde.<sup>13</sup> På Bødn står det gamle frukttrær og styvingstre som er særmerkte element i landskapet. På nedsida av vegen til Blom er det bygd ei trapp ned til ein frukthage som er plassert mellom vegen og Elva.<sup>14</sup> Dyrkinga av frukt og bær på Havrå var kun til eige bruk. På 30-talet vart det planta frukttre på Bødn, og fleire av desse er framleis bevart.<sup>15</sup> Kjeldene seier ikkje noko om det var planta frukttre på Havrå før 1930 og kvar dei eventuelt stod. Eit bilete frå 1927, figur 20, viser at tunet var frodig med mange trær inn i mellom husa og vi kan sjå litt av hagane i tunet. I 1949 teikna Egil Knoph opp ein tunplan, figur 22, over Havrå og vi kan her finne att nokon av hagane frå biletet tatt i 1927. I denne planen har han også tatt med trær og hagar i tunet og vi kan her sjå litt av dei same strukturane som på Otternes.

Samanlikna med dei andre freda klyngetuna har Havrå stått i ei særstilling når det gjeld ressursar til å halde kulturlandskapet, dokumentasjon og forskning. Det har gjennom åra blitt gjort eit stort arbeid for å halde på både kulturlandskapet og kunnskapen om korleis det skal skjøttast på ein historisk korrekt måte. Når det gjeld frukt dyrking er dette lite dokumentert og det er heller ikkje gjort noko kartlegging som viser plasseringa av dei gamle frukttrea som framleis er her eller kva sort det er snakk om. Dette peiker moglegvis mot at frukt dyrkinga har hatt ei lita rolle for dei som dreiv Havrå tidlegare og at det var andre delar av jordbruket som var viktigare for livberginga.



Figur 19.

Havråtunet med innmarka. Foto Trond A. Isaksen, Riksantikvaren. <https://www.landbruksdirektoratet.no/nn/havra>

<sup>13</sup> Skre s. 21


<sup>14</sup> Bøthun og Clemetsen s. 30

<sup>15</sup> Bøthun og Clemetsen s. 58





Figur 20. Havråtunet i 1927. Foto frå Havråboka. s. 54. Fleire av desse hagane ser vi også på situasjonsplanen til Egil Knoph frå 1949.



omfanget av fredinga etter kml § 20.

Figur 21. Kartutsnitt frå Askeladden som viser



Figur 22. Tunplan teikna over Havrå tunet i 1949. planen viser husa, vegane og trærne inne i tunet. Teikning frå Havråboka s.57

#### 2.2.4 Osmundnes i Gloppen kommune


Klyngetunet på Osmundnes vart vedtatt freda i 2014. Fredinga omfattar bygningane etter kml § 15 og eit stort område frå fjorden og opp til utmarka i bakkant av tunet vart freda i medhald av kml § 19. Føremålet med fredinga etter § 19 var:

*«Formålet med fredinga av området rundt bygningane er å sikre verknaden i miljøet, og å sikre vitenskaplege interesser knytte til anlegget. Området syner landbruket sitt kulturlandskap, med ferdslveggar, beite og tidlegare dyrka flater, steingardar, bakkemurar, frukt- og lauingstre. Det marine miljøet kring nausta er og omfatta av denne fredinga, med brygge og støer/vorrrar.»*

Fredinga omfatta bygningane etter kml § 15 og eit stort område rundt etter § 19 for å bevare verknaden av kulturminnet i omgjevnadane. I fredinga var det noko fokus på kulturlandskapet og ein var oppteken av å bevare elementa i det for å kunne forstå driftsmåtar og levesett i den tida garden var i drift. Ein var her spesielt oppteken av dei store murane som var bygd opp som vern mot ras og spesielt mot fonnvinden, lufttrykket som oppstår når snømassane kjem ned fjellsida. I tillegg var det viktig at særtekkja ved tunstrukturen og sambandet mellom tunet og kulturlandskapet rundt det vart bevart. Her er det framleis mange element frå den gamle drifta bevart, som til dømes bakkemurar, rydningsrøyser og steingardar, ferdslveggar, tufter etter det tredje tunet som stod her, åkerreiner og dei mange stuingane/lauingstrea som framleis står. Det vart ikkje gjort noko eige kartlegging av desse elementa i samband med fredinga og det vart heller ikkje lagt vekt på hagar og planter knytt til den gamle drifta av tunet. Men i føremålet med fredinga etter kml § 19 vart gamle fruktrær og styvingstre nemnd som ein verdi i området.

Det var få eldre foto som fylgde dokumentasjonsvedlegget til fredingssaka og dei som var der var tatt rundt 1940. Biletet på figur 25 viser kulturlandskapet kring tunet i 1940. I fredingssaka peika ein på at det er framleis bevart mange element i kulturlandskapet kring Osmundnes. Det hadde difor vore interessant om det i framtida vart gjennomført ein dokumentasjon av vegetasjon i tunet og kulturlandskapet kring det.





Figur 23. Kartutsnitt frå Askeladden som

viser omfanget av områdefredinga til tunet på Osmundnes.



Figur 24. Oppsida av tunet. Vi ser her mellom annan nokon av dei store steinmurane i gavlane på husa. Murane var sett opp for å beskytte husa mot fonnvind. Foto Stig Nordrumshaugen/SFF 2017.





Figur 25. Kulturlandskapet kring Osmundnestunet i 1940. Foto henta frå dokumentasjonsvedlegget til fredingssaka.

### 2.2.5 Mølstertunet i Voss herad

Voss folkemuseum vart skipa i 1917 i samband med utskiftinga av garden Mølster. Museet sitt føremål var å ta vare på det gamle tunet på Mølster og dei overtok eigarskapen til tunet til Botolv Mølster i 1917 og tunet Arnfinn Mølster nokon år seinare. Dette gjorde at sjølve tunet ikkje vart skifta ut og bygningane kunne bli liggande på sin opphavlege plass. Tunet vart freda i 1923 og fredinga omfatta husa til begge bruka.

Mølstertunet er forma dels som eit firkanttun. Tunet rommar bygningane til to bruk der fjøs og låvar var plassert aust og sør i tunet og bustadhusa i ei bakre rekkje i nord. Skjul og stabbur er plassert mot vest og sør. Rekkja i sør ligg med ei storslegen utsikt over Vossevangen og Vangsvatnet. Her er stabbura plassert mot vest og mot aust i rekkja finn vi to av fjøsa. Plasseringa av fjøsa her fyl tradisjonen i område der dei vart plassert slik at avrenninga frå gjødselkjellaren rann vekk frå tunet og kom til nytte på bøen nedanfor. På nordsida av tunet ligg rekkja med bustadhus til dei to bruka. Bak tunet, eit stykke vekk frå bygningane, ligg smia til Botolvbruket.

Eldre bilete viser at det er lite plantar inne i tunet. Det er heller ikkje nokon trær som er planta tett på framsida av husa inne i tunet, men foto frå 1917-1920 viser at det har vore nokon trær på nedsida av muren i framkant av tunet. Eit anna foto frå ca. 1917, viser noko som kan være bærbusker på baksida av stove husa. Inne i tunet er det primært ope og vi ser at det er lagt ut store heller i delar av det, truleg der dei gjekk oftast. I dag er det blomsterbed framfor stovene til begge bruka, men det er usikkert om desse er nye eller ei vidareføring av gamle blomsterbed. I tillegg veks det humle opp langs husveggen til Botolvstova, alderen på denne er ukjend. Like utanfor tunet viser eit utdatert foto, figur 28, ein inngjerda hage med trær, samt åker/slåttemark på oppsida like utanfor tunet. Hausting av lauv til fôr har truleg vore viktig for drifta på garden då eldre foto av tunet viser fleire styva trær.



Figur 26. Kartutsnitt frå Askeladden av Mølstertunet og omgjevnadane. vi ser her at fredinga omfattar kun bygningane og ikkje noko av arealet kring dei. På kartet ser vi og restane av den store steingarden på oppsida av tunet.



Figur 27. Mølstertunet med eit av dei styva trea i framkant av tunet. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune, 2022.



Figur 28. Mølstertunet med slåttemark og eit solitært styva tre. Til venstre ser vi ein inngjerda hage, men det er vanskeleg å sei om det er ein frukthage eller om det er styvingstre. Foto Hardanger og Voss Museum <https://digitalmuseum.no/011012886843/molstertunet-fra-vest-nordvest>

### 2.2.6 Oppsummering

Ser vi dei fem klyngetuna i samanheng har dei fleire fellestrekk samstundes som det også er ulikskapar mellom dei. Fellestrekk er knytt til plasseringa av hagane inn i mellom bygningane, plassering av trær tett på husveggen. Eit anna fellestrekk er at hagane inne i tuna er svært små, noko som heng saman med at det var vanlegvis trangt om plassen i tuna og ein nytta alt av tilgjengeleg areal. I tillegg er plantevalget ofte svært likt, når det gjeld frukttrær er det eple, plomme, pærer og kirsebær som har vore planta. Av bærbusker var rips, stikkelsbær og solbær mykje brukt. Av prydtre finn vi syrin i fleire av tuna.

Klyngetuna var alltid tilpassa landskapet og det gav føringar for plassering av både bygningar og hagar. Vi ser her at det er ein skildnad på hagane i tuna som ligg i bratt terreng og dei som ligg på ei flate der det har vore meir plass mellom husa. Til dømes skil Mølstertunet seg markant frå dei andre tuna ved at det her er ein stor open, flat plass som husa er organisert rundt. Medan spesielt Otternes og Havrå ligg i eit svært bratt terreng med husa i ei tett klynkje og der det er plassert inn små hagar inn i mellom husa. I dei tuna som ligg i eit bratt terreng ser vi også at ein formar terrenget noko for å få litt flatare hagar, slik vi finn i til dømes hagen framfor Nystova i Guttormgarden på Otternes og i Havråtunet.

Då det er trangt inne i tuna har det ikkje vore mogleg å anlegge store frukthagar der. Dei gardane som satsa på fruktdyrking la difor dei større hagane utanfor tunet, slik vi ser det på Agatunet. Eldre bilete viser at det var store frukthagar like utanfor tunet. Dette er ein struktur som er vidareført til i dag der tunet er omgjeve av store moderne frukthagar. På Otternes finn vi litt av det same men i ein mindre målestokk ved at dei to største hagane ligg i utkanten av tunet.

Omfanget av hagebruk i tuna varierer nok også, men det er vanskeleg å seie noko sikkert om dette. Det er ulik grad av spor etter hagane i tuna. På Otternes er det svært tydelege restar etter hagane med både planter, murar og dokumentasjon i form av foto og oppmålingsteikningar. Andre stader er det lite spor etter hagebruken i tunet, slik vi til dømes finn det på Osmundnes og Mølstertunet.



### 3. Otternes

Busetjinga på Otternes går langt tilbake i tid og det kan ha vore drive jordbruk her i 2000 år<sup>16</sup>. Den lange tida området har vore tatt i bruk vises att ved at det mellom anna på neset ved fjorden nedanfor tunet er registrert eit automatisk freda gravfelt. I tillegg er det og ein teori om at dei automatisk freda gravfelte på Fronnes kan knytast til busetjinga på Otternes. Dei første skriftlege omtalane av tunet er frå 1522. Eigarane/brukarane på Otternes var helst stilfarne og arbeidssame menneske som i lita grad stakk seg ut. Unntaket var Eirik Otternes (1828-1915) som var aktiv i lokalpolitikken og sat i formannskapet frå 1868 til 1889, og i 1882-1885 var han ordførar. Etter at han gav seg som ordførar i 1885 vart han varaordførar i åra 1886 og 1887.<sup>17</sup>

Den gamle ferdslveggen gjekk i fleire hundre år gjennom tunet, og vert av Ohnstad omtala som «riksveg».<sup>18</sup> Vegtraseen gjennom tunet er ei fylje av at det bratte landskapet med svaberg og hamrar nedanfor husa stengde for ein vegtrase nede ved fjorden. I tillegg var det vanleg at dei gamle ferdslvegane gjekk gjennom gardstuna.

Den gamle vegen gjennom tunet var ein gangveg der det var mogleg å kome fram med kløvhest. Først i 1918 vart det bygd bilveg nede ved fjorden der E 16 går i dag. I tillegg var det ei rekkje stiar og gangveggar i skog og mark på Otternes som var viktig for drifta av garden, og kommunikasjonen mellom Otternes og dei andre gardane i området. I 1981 vart det bygd bilveg frå hovudvegen og opp til gardstunet. Fjorden var ein annan viktig ferdslveg og i mange tilfelle den mest effektive. Otternes hadde teigar på andre sida av fjorden og båten var då avgjerande for at dei kunne hauste av desse teigane. Naustet i Hellestøi (tilhøyrande Thomasgarden) er i dag eit tydeleg vitne om dette. Det lafta naustet er bygd med høyløe i hovudetasjen og naust til båt nedst der ein kunne ro båten inn under naustet.

Stølsdrift og bruk av utmarka var viktig for livberginga på Otternes. Garden hadde tre stølar på fjellet i tillegg til at ein på våren nytta ei stor grasgrodd flate på Sevål til å mjølking. Dei flytta med dyra oppover mot høg fjellet etter kvart som det vart tilstrekkeleg beite for dyra. Først drog dei til vårstølen på Høgsete (700 moh), så til Joasete (900 moh) der dei hadde mellomstøl og til sist til fjellstølen ved Liverdalsvatnet (865 moh). Fjellstølen vart neddemt i samband med kraftutbygginga i Aurland.

Hovudnæringa på Otternes var åkerbruk og fedrift. Korndyrkinga her gjekk langt tilbake i tid. Etter naudsåra i 1807-1814 begynte dei med potetdyrking. I fedrifta var stølsområda vesentlege og smørproduksjonen var ei viktig inntektskjelde. Som attåtnæring var fleire frå Otternes aktive med driftehandel, då særleg i tida mellom 1750-1850. Fjorden gav også inntekt til garden og mellom anna vart det kasta med not etter småsild. I utmarka vart det også drive med jakt, men det har hatt mindre å sei for inntektene. Grønsaksdyrkinga i den siste tida det var drift på Otternes var primært til eige bruk. Då det er lite skriftleg material knytta til fruktdyrkinga på garden vert dei attverande spora etter den viktige kjelder som fortel om denne sida av gardsdrifta.

Otternes var ein gard med god utkomme. Opphavleg var det to bruk på garden, men gjennom tidene har talet på bruk skifta og på det meste var det seks bruk. I hovudsak var det fire bruk på garden, også i dag

---

<sup>16</sup> Det har ikkje vore gjennomført arkeologiske undersøkingar i tunet og innmarka på Otternes. Ei slik undersøking vil kunne bidra til meir kunnskap om garden si eldre historie.

<sup>17</sup> Ohnstad s. 323, 1996

<sup>18</sup> Ohnstad, 1996 s. 267



består tunet av bygningar knytt til fire bruk. I tillegg var det på 1800-talet nokon husmannsplassar knytt til garden. I naturalhushaldet si tid vart Otternes rekna som ein av dei store og gode gardane i Aurland. Garden hadde gode kornåkrar og ei god stølsdrift, noko som var teikn på velstand og det budde mange folk i tunet. men kring 1840-talet var grensene for garden sin ekspansjon nådd. På denne tida hadde den store utvandringa til Amerika starta, og fram til ca. 1910 var det mange av dei unge som utvandra til Amerika. Dette saman med innføringa av nye måtar å drive jordbruk på markerte ein nedgangstid for drifta av garden. Garden vart driven på gamlemåten fram til ca. 1950, etter denne tida vart det noko modernisering av drifta. Etter 1960 vart tunet gradvis fråflytta og i 1996 flytta den siste av brukarane ut. Tunet er i dag eigd av Aurland kommune og brukt som bygdetun. Aurland kommune har oppretta Stiftelsen Otternes bygdetun, som eig og driftar Otternes som bygdetun.

### **Tunstrukturen**


Tunstrukturen på Otternes er i dag i hovudsak slik den var på byrjinga av 1900-talet. Arkitekten Johan Lindstrøm målte opp tunet i 1927 og dei fleste bygningane som var i tunet då står framleis på sin opphavlege plass. I 1956 teikna arkitekten Arne Berg ein rekonstruksjon av tunet, figur 29, denne er truleg basert på Lindstrøm sine oppmålingsteikningar samt synfaring til tunet, og den er tenkt å vise korleis tunet var i ca. 1900.<sup>19</sup> Berg sin teikning har nokon avvik frå Lindstrøm sin oppmålingsteikning og foto frå 1920-talet, men den gjev eit inntrykk av korleis tunet har vore med mangfaldet av hus og hagane inne i mellom husa. I rekonstruksjonen manglar stabburet framfor Håkonstova, og plasseringa av løa/gamlafjøs til Håkon samt smalahuset er usikker i forhold til kva som var korrekt i tunet på byrjinga av 1900-talet.

I tillegg skisserer både Berg sin rekonstruksjon og Lindstrøm sin situasjonsplan dei gamle ferdslvegane i og igjennom tunet. Vi ser her at vegen gjennom tunet i stor grad fyl vegane slik dei er i dag. Der gjennomgangsvegen går på oppsida av løene i Andersgarden, Oddagarden og Guttormgarden. Ved Thomasgarden deler vegen seg og eine fører opp mellom stallen og stabburet i Thomasgarden og går vidare opp på sida av eldhuset og langs oppsida av hagen bak Thomasløa. Den andre vegen Berg har skissert går ned på jorda i framkant av tunet om lag der dagens veg ned til bustadhuset nede på bøen går. Med bygginga av den nye bilvegen i tunet vart vegen lagt noko om slik at den i dag går på nedsida av løene til Oddagarden og Guttormgarden.

Både Berg sin rekonstruksjon og Lindstrøm sin oppmålingsteikning viser at den nordvestre delen av tunet var tettare tidlegare enn den er i dag. Dette på grunn av at fleire hus i dette området har blitt rivne utan at dei vart erstatta. Etter 1940-talet har det ikkje kome nye hus inn i tunet. Den einaste endringa er utvidinga av Oddastova.

---

<sup>19</sup> Berg 1968 s. 153



Figur 29. Rekonstruksjonsteikning av tunet på Otternes av Arne Berg. Rekonstruksjonen manglar stabburet framfor Håkonstova som vi kan sjå på teikninga til Lindstrøm og foto av A. Bugge frå 1920-talet. Norsk folkemuseum, <https://digitalmuseum.no/011013374732/otternes>



Figur 30. Otternes, truleg kring midten av 1900-talet. Foto Arne Berg, Norsk folkemuseum.  
<https://digitaltmuseum.no/011013415261/otternes>




Figur 31. Tunet på Otternes, ukjent årstal for bildet men det kan ha blitt tatt på 1990-talet i samband med utgjevinga av Gardssoga for Aurland band III. Vi ser her at Oddastova har fått eit mindre tilbygg i gavlen og at utedoen på eldhuset i Oddagarden framleis står. På Linastova er tilbygget og utedoen vekke og stabeløa står med pulttak. Foto frå Gardssoga for Aurland band III.




### 3.1 Eldre oppmålingsteikningar

I 1927 målte arkitekten Johan Lindstrøm opp fleire av bygningane i Otternestunet i tillegg til at han laga ein situasjonsplan for tunet som heilskap. I situasjonsplanen vart også hagane inne i tunet teikna inn.




Figur 32. Situasjonsplan over Otternestunet teikna av arkitekt Johan Lindstrøm i 1927. Plan frå Riksantikvaren sitt arkiv.




Figur 33. Stabbur og sauefjøs i Andersgarden.

Oppmålt av Johan Lindstrøm i 1926. Teikning frå Riksantikvaren sitt arkiv.




Figur 34. Løe med

saue og geitehus i kjellaren til T. Otternes i Andersgarden, oppmålt av Johan Lindstrøm i 1927. Teikning frå Riksantikvaren sitt arkiv.




Figur 35. Snitt av løa i figur 3. Teikning av Johan Lindstrøm 1927. Teikning frå Riksantikvaren sitt arkiv.




Figur 36. Planteikning til løa i figur 34 og 35. Teikning av Johan Lindstrøm 1927, Riksantikvaren sitt arkiv.







Figur 37.  
Kårstova/Vetlastova i Andersgarden. teikning av Johan Lindstrøm henta frå boka Norske bygder. 4. Sogn.




Figur 38. Detaljteikningar frå kårstova i Andersgarden. Oppmålingsteikningar av Johan Lindstrøm, 1927. Riksantikvaren sitt arkiv.



Figur 39. Oppmålingsteikning av stallen i Thomsgarden av Johan Lindstrøm i 1927. Riksantikvaren sitt arkiv.




Figur 40. Turken til Thomasgarden. Oppmålingsteikning av Johan Lindstrøm 1927, Riksantikvaren sitt arkiv. Turken er i dag ein ruin.




Figur 41. Snitt av nystova og daglegstova (Eilert-stova) i Thomasgarden 1927. Oppmålingsteikning av Johan Lindstrøm, Riksantikvaren sitt arkiv






Figur 42.

Snitt over Nystova og daglegstova (Edlingsstova) i thomasgarden. Oppmålingstekning av Johan Lindstrøm 1927, Riksantikvaren sitt arkiv.





Figur 43.

Planløsning Nystova og daglegstova (Edlingstova) i Thomassgarden. Oppmålingstekning av Johan Lindstrøm 1927, Riksantikvaren sitt arkiv.



Figur 44.  
Detaljteikning av peis og ovn i daglegstova (Edlingstova) i Thomasgarden. Oppmålingsteikning av Johan Lindstrøm 1927, Riksantikvaren sitt arkiv.



Figur 45. Til venstre. Detaljteikning av klinke på daglegstovedør (Edlingstova) i Tomasgarden. Oppmålingsteikning av Johan Lindstrøm 1927, Riksantikvaren sitt arkiv. Figur 46. Til høyre. Detalj frå O. Otterness si stove (Oddastova?). Beslag og nøkkel frå nystova i Thomassgarden. Oppmålingsteikning av Johan Lindstrøm 1927. Riksantikvaren sitt arkiv.



## 3.2 Eldre foto av tunet

### 3.2.1 Foto tatt før 1920



Figur 47. Marta og Karolina Otternes framfor

Lina-stova på Otternes tidleg på 1900-talet. Ved høgre hjørne på stova står "søt-apalen" som er inngjerda av eit nettingjerde med plankar øvst. I framgrunnen er ein langslede. Foto frå Fylkesarkivet i Vestland <https://foto.fylkesarkivet.no/foto/preview.php?id=SFFf-2001096.0021>

### 3.2.2 Foto tatt på 1920-talet

På 1920-talet hadde Riksantikvaren synfaringar til Otternes der det vart tatt fleire bilete av tunet. På denne tida var garden i full drift og vi får eit godt bilete av korleis tunet og innmarka var på den tida. I tillegg er det fleire bilete i Fylkesarkivet i Vestland frå denne perioden.



*Figur 48. Vegen opp til tunet med den gamle almestuvn på nedsida av vegen. På biletet ser vi fleire av husa i Andersgarden som var den første garden ein kom til når ein kom vegen frå Aurland. Lengst til venstre er eldhuset, bak det ser vi Håkonstova og midt i biletet er stabburet. Foto A. Bugge, 1926. Riksantikvaren.*



Figur  
49. Otternes tunet med innmarka nedanfor Andersgarden. Vi ser her mellom anna plasseringa av hesjene. Foto A. Bugge, 1926. Riksantikvaren.



Figur  
50. Foto som viser tungata langs inngangen til husa. Vi ser her tre av husa i Thomasgarden, venstre mot høgre er Eilertstova, stabburet og stallen. Foto. A. Bugge





Figur 51 og Figur 52. Til venstre Tre av husa i Guttormgarden. frå venstre ser vi eldhuset, løa og stabburet. Foto A. Bugge, 1926. Riksantikvaren. Biletet til høgre viser Linastova med den inngjerda søtapalen i gavlveggen. I bakgrunnen ser vi tunrekkja i Thomasgarden og litt av hagen lengst bak. Framme til venstre ser vi litt av ein av sledane som var mykje brukt i gardsdrifta. Foto. A. Bugge, 1926. Riksantikvaren.



Figur 53. Husrekkja i Thomasgarden, med åkrane framfor. Vi ser her at åkeren framfor Thomasløa vart brukt til korndyrking. Foto A. Bugge, 1926. Riksantikvaren.



Figur 54. Thomas, Ingebjørg, Marta og Karoline framfor stovehuset i Thomsgarden. Foto frå kring 1920, Fylkesarkivet i Vestland <https://foto.fylkesarkivet.no/foto/preview.php?id=SFFf-2001096.0030>



Figur 55. Martha O. Otternes og dottera Karoline i Linastova kring 1920. Fotograf ukjend. <http://www.aurlandsportalen.net/bilddr/Gardsbilder/garden-otternes/2001096.0029.1.jpg.php>





Figur 56. Guttormstova kring 1920. <http://www.aurlandsportalen.net/bilddr/Gardsbilder/garden-otternes/guttormstova-otternes.jpg.php>

### 3.2.3 Foto tatt på 1950- og 1960-talet



Figur 57. Framsida av husa i Thomasgarden kring 1958. Foto Stein Holm Olsen, Fylkesarkivet i Vestland <https://foto.fylkesarkivet.no/foto/preview.php?id=SFFf-2001096.0036>





Figur 58. Thomasgarden. husrekkja viser frå venstre stallen, stabbur, Eilertstova, kårstova og Thomasløa. Foto Fylkeskonservatoren, truleg 1966, Riksantikvaren.



Figur 59. Stabbur og løe i Guttormgarden. Foto Fylkeskonservatoren, truleg 1966, Riksantikvaren.



Figur 60 og Figur 61. Til venstre kårstova i Thomasgarden. Til høgre Staburet, Eilertstova og kårhuset i Thomasgarden. Foto Fylkeskonservatoren, truleg 1966, Riksantikvaren.



Figur 62. Husrekkja i Thomasgarden med åker/slåttemark framfor . I framkant ein av møkasledane som vart brukt i drifta av tunet. Foto frå Fylkeskonservatoren, 1966, Riksantikvaren.





Figur 63. Innmarka sett mot løa i Guttormsgarden. I framkant ein møkaslede som vart bruk i drifta av garden. Foto frå Fylkeskonservatoren, 1966, Riksantikvaren.



Figur 64 og Figur 65. Detaljar som viser konstruksjonen på ei av løyene. foto frå Fylkeskonservatoren, 1966. Riksantikvaren.





Figur 66. Hagen framfor Thomasgarden kring 1965. Foto frå Fylkesarkivet i Vestland, <https://foto.fylkesarkivet.no/foto/preview.php?id=SFFf-2001096.0039>

### 3.2.4 Foto tatt på 1970-talet



Figur 67. Foto av tunet sett frå vegen opp. Vi ser her fire av bygningane i Andersgarden. Frå venstre er Håkonstova (bak trærne) stabburet, kombinert stall og sauefjøs og løa med kyr- og geitefjøs lengst til høgre. Foto O. Ø. S. Riksantikvaren 1970



Figur 68. Tunet sett frå vegn opp. Foto frå Fylkeskonservatoren, 1972, Riksantikvaren.



Figur 69. Andersgarden og innmarka sett frå veggen opp til tunet. Foto K. Skjeggstad, 1974. Riksantikvaren.



Figur 70. Andersgarden sett frå vegen opp til tunet. Lengst til venstre vises vegen før det vart bygd bilveg opp til Otternes. Foto K. Skjeggstad, 1974. Riksantikvaren.




Figur 71. Foto som viser tre av bygningane i Andersgarden. Frå høgre ser vi del av stabburet, låa med kyr og geitefjøs i midten og kombinert stall og sauefjøs lengst til høgre. Foto: O. Ø. S. Riksantikvaren 1970.





Figur 72. Foto som viser del av stabburet i Oddagarden lengst til venstre. I midten av bildet ser vi taket på løa i Andersgarden og lengst til høyre er stabburet i Andersgarden. Foto O. Ø. S. Riksantikvaren 1970



Figur 73

og Figur 74. Kårstova, Vetlastova i Andersgarden. Foto frå Fylkeskonservatoren, 1972, Riksantikvaren



Figur

75. Kårhuset, Vetlastova, og Håkonstova i Andersgarden. Biletet viser at det var ein bærhage på sida av Håkonstova. Foto K. Skjeggstad, 1974, Riksantikvaren.



Figur

76. Guttormgarden til venstre, og Andersgarden til høgre, Oddagarden bak midt i biletet. Biletet viser også hagane som var i tunet. Foto K. Skjeggstad, 1974. Riksantikvaren.





Figur 77. Stabburet i Guttormsgarden. Foto K. Skjeggestad, 1974. Riksantikvaren.



Figur 78. Tre av husa i Guttormsgarden, frå venstre Gjertrudstova, stabburet og fjøs. Foto frå Fylkeskonservatoren, 1972, Riksantikvaren.





Figur 79. Tunet sett frå tungagta ved Thomasgarden mot Guttormgarden. Foto K- Skjeggestad, 1974, Riksantikvaren.



Figur 80. Linastova til venstre, bak i midten er Oddastova med den tidlegare frukthagen i gavlen. til høgre er Gjertrudstova og stabburet i Guttormgarden. Foto K. Skjeggestad, 1974. Riksantikvaren.



Figur

81. Husa i Thomasgarden. Framme til venstre er ein del av den inngjerda frukt og bærhagen mellom stallen og stabeløa. Foto K. Skjeggestad, 1974, Riksantikvaren.



Figur 82. Thomasgarden sett frå berget ovanfor. Vi ser her også hagen bak Thomasløa. Foto K. Skjeggestad, 1974, Riksantikvaren.





Figur

83. Stabburet og stallen i Thomasgarden. I bakgrunnen ser vi hagen mellom stallen og stabeløa som på dette tidspunktet var inngjerda. Foto K. Skjeggstad, 1974, Riksantikvaren.



Figur

84. Husrekkja i Thomasgarden. Frå venstre er stabburet, Eilertstova, kårstova og løa. Foto frå Fylkeskonservatoren, truleg 1972, Riksantikvaren.





Figur 85. Tunet sett frå nedsida frå Thomasgarden. Foto K. Skjeggstad, 1974, Riksantikvaren



Figur 86. Tunet til Thomasgarden med dei kringliggende hagane og inmarka. Foto K. Skjeggstad, 1974. Riksantikvaren.

## 4. Otternes i dag

Otternes er eit typisk vestlands gardsbruk med ein vertikal driftsstruktur, der garden strakk seg frå Aurlandsfjorden og opp til høgfjellet til fjellstølen på Joasete. Tunet ligg i Aurland kommune, like utanfor Flåm. Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, grensar inn til garden Otternes i sjøkanten. Landskapet som Otternes ligg i er eit typisk vestlandsk fjordlandskap med høge, bratte fjell og ein djup fjord. Tunet ligg på eit nes på ein terrasse ca. 110 moh. Frå tunet skrår neset bratt ned mot fjorden. E-16 går langs fjorden og har avskjert tunet og innmarka frå fjorden. Ei fylje av bygginga av vegen er at landskapet ved fjorden er prega av høge skjæringar og fyllingar. Over skjæringane på oppsida av vegen er innmarka til Otternes bevart og framleis i bruk til gardsdrift.

Tunet på Otternes er organisert som ein kombinasjon av eit klyngetun og eit rekkjetun. Dei 26 bygningane i tunet er knytt til fire bruk som i dag vert omtala som Andersgarden, Oddagarden, Guttormgarden og Thomasgarden. Namna er etter tidlegare eigarar/brukarar, Thomasgarden vart også kalla Framigarden. Guttormgarden vart kalla Oppigar'en av dei som budde i Håkongarden og Oddagarden. I Thomasgarden pleide ein å kalle dei tre andre bruka for Heimigar'en.<sup>20</sup>

Bygningane i tunet står der dei har stått og det har ikkje vore gjort store bygningsmessige tiltak i tunet, med unntak av restaurering av bygningane, samt rekonstruksjon av fire bygningar. Det einaste nye endringa i tunet er at Oddastova vart forlenga for å få plass til eit produksjonskjøkken til drifta av Otternes som bygdetun. Tilbygget glir inn som ein del av heilskapen i tunet.

Bygningsmassen i tunet er mangfaldig og vi har her bevart ein stor variasjon av bygningar knytt til levemåten og drifta av gardane. Tunet består av fleire stovehus, kårhus, ulike fjøsbygningar, stallar, låvar, stabbur og eldhus.

Otternes hadde teigblanding fram til utskiftinga i 1985. I samband med utskiftinga tok Aurland kommune over bygningsmassen i tunet. Dette gjer at tunet og innmarka kring det i dag framstår med ei svært høg grad av autentisitet. Mykje av det gamle jordbrukslandskapet rundt tunet er framleis bevart. Det er kome nokon nyare tun i området kring tunet men framleis er det bøane som dominerer omgjevnadane til Otternestunet. Hagane og innmarka på Otternes er særskild godt bevart og det er gjort få moderne inngrep.

---

<sup>20</sup> Berg 1968 s. 153



Figur 87. Otternestunet med hagane og den næraste innmarka. Innmarka gjekk tidlegare heilt ned til fjorden. I dag vert den avbroten av E16. Foto Glenn Heine Orkelbog/VLFK 2021.

## 4.1 Tunet

Tunet på Otternes har ei tradisjonell plassering, der godt utsyn, sikkert vatn og trygg byggegrunn var viktig. Tunet er plassert på stein- og leiregrunn høgt over fjorden, der ein har godt utsyn både utover og innover fjorden. I tillegg var det her to brønnar og ei lita grov som gav vatn til garden. I periodar kunne det vere lite med vatn til garden, noko som gjorde kunstig vatning vanskeleg.<sup>21</sup>

Anlegget består i dag av 26 ståande bygningar samt ein ruin etter ein turk<sup>22</sup> og utgjør tuna til fire bruk. Dei fleste bygningane står tett saman i eitt kombinert klynge- og rekketun. Der bygningane mot nord utgjør ei klynge, medan bygningane mot sør er plassert på ei rekkje.<sup>23</sup> Karakteristisk med tunet er at bygningane står svært tett, og mange stader er det svært liten avstand mellom dei. Inn i mellom husa er fleire små hagar som bryt opp den tette bygningsmassen. Dei fleste bygningane i tunet er små, men dei fire løene skil seg ut som vesentleg større bygningar. Løene til tre av bruka er plassert i nedkant av tunet og er såleis med på å markere skiljet mellom tunet og innmarka. I Thomasgarden står dei fleste av husa på rekkje og der løa markerer enden på tunet. Her ligg den store flate bøen (tidlegare åker) på garden tett på framkanten av denne husrekkja.

Husa i tunet er bygd i tre og mange av dei har ein til dels høg grunnmur, då spesielt i framkant. Dette på grunn av det bratte terrenget som tunet ligg i. Brukarane har nytta terrenget til å bygge kjellarar bak dei høge grunnmurane til mange av husa. Husa er i hovudsak bygd i lafta tømmer eller reisverk. Typisk er

<sup>21</sup> Ohnstad 1996, s. 265-266.

<sup>22</sup> Turken var sannsynlegvis bygd på 1700-talet jf. Ohnstad 1996 s. 313

<sup>23</sup> For meir om bygningane sjå vedlegg 1.



det at fjøs og bustadhus er i lafta tømmer medan løene er i reisverk. Stabbur og eldhusa i tunet finn vi både i reisverk og lafta. Taktekkinga er i hovudsak teglpanner, plater eller torv. På fleire av bygningane har det tidlegare vore torvtak som seinare har blitt erstatta med byljeblekkplater. Nokon tak har sannsynlegvis hatt byljeblekk lenge då foto frå 1920-talet viser fleire hus med byljeblekktak, til dømes Håkonstova og stabburet i Andersgarden, fig. 48.


Otternestunet har eit svært alderdommerleg preg. Med mange små bygningar med ulik funksjon plassert tett saman. Det vert anslått at mange av bygningane har ein høg alder og er bygd på 1700-talet, mogleg at nokon av dei kan vere eldre. Medan enkeltbygningar er vesentleg nyare. Dateringa av dei eldste bygningane er ikkje sikker, og det hadde vore hensiktsmessig på sikt å få gjort ei dendrokronologisk datering av dei. På 1940-talet vart det gjort ei modernisering av løene i tunet då dei fekk bygd til ei ark og låvebru slik at ein kunne køyre inn høyet.

På midten av 1980-talet starta ei omfattande restaurering av fleire av bygningane i tunet som varte fram til 1995. I skildringa nedanfor er det difor tatt med kort om kva som vart gjort på dei ulike bygningane. I 2018 hadde fleire av bygningane behov for istandsetjing og Stiftinga Otternes bygdetun har sett istand fleire bygningar, mykje med økonomisk støtte frå fylkeskommunen, tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71.



*Figur 88. Tunet sett ovanfrå ned mot fjorden. Vi ser her tydeleg strukturen i det kombinerte klynge- og rekkjetunet. Foto Glenn Heine Orkelbog/VLFK 2021.*

Garden Otternes vart ikkje utskifta før i 1985. På grunn av den seine utskiftinga, og at garden hadde vore drive på gamlemåten svært lenge, er bygningane i tunet bevart på sin opphavlege plass og det er gjort svært få nyare tilføyningar i tunet. I tillegg finn vi i innmarka framleis spor etter den gamle teigstrukturen.



Figur 89. Oversikt over bygningane i

tunet. Nummereringa av bygningar fortel kva bygning som er kva jf. lista nedanfor. Kartgrunnlag frå fylkesatlas.no – Norge i bilder. Tidlegare var det også eit turkehus til å tørke korn. Dette var plassert på innmarka søraust for Thomasløa utanfor kartutsnittet. I dag er det kun tuftene att.

Tunet består av bygningar knytt til fire bruk som i dag vert omtala etter namn etter ein av dei tidlegare eigarane. Fylgjande bygningar står i tunet i dag:

Bruk	Nummer i kartet	Kulturminne-ID	Type bygning
Andersgarden	1	227439-2	Eldhus
	2	227439-3	Stall og sauefjøs
	3	227439-4	Driftsbygning med løe, kyr- og geitefjøs, oppbevaring av høyr og korn.
	4	227439-5	Stabbur.
	5	227439-1	Stovehus
	6	227439-6	Kårstove, Vetlastova.
Oddagarden	7	227439-7	Stovehus, Oddastova.
	8	227439-8	Fjøs/sauefjøs
	9	227439-9	Eldhus
	10	227439-10	Stabbur

	11	227439-11	Driftsbygning med løe, stall, geite- og sauefjøs.
Guttormgarden / Oppigarn	12	227439-12	Kårhus, Nystova.
	13	227439-13	Stovehus, Gjertrudstova.
	14	227439-14	Stabbur.
	15	227439-15	Eldhus.
	16	227439-16	Fjøs til kyr.
	17	227439-17	Løe.
Thomasgarden / Framigarn	18	227439-18	Stabbur/kvernhus
	19	227439-19	Stovehus, Linastova.
	20	227439-20	Stabbeløa, hus til høy, sau, gris og høns.
	21	227439-21	Stall.
	22	227439-22	Stabbur.
	23	227439-23	Stovehus.
	24	227439-24	Kårstove.
	25	227439-25	Driftsbygning med løe, fjøs for kyr, geit og sau, lager for korn, høy
	26	227439-26	Eldhus.

## 4.2 Bygningstypar i tunet

I tunet finn vi bevart alle dei mest vanlege bygningstypane i dei vestlandske klyngetuna. Bygningane er frå ulik tid der nokon har ein svært høg alder medan andre er forholdsvis nye. Dette viser korleis tunet har endra seg over lang tid og tilpassa seg nye drifts- og levemåtar, samstundes som dei også bevarte og brukte vidare bygningar med høg alder.

### Stovehusa

I tunet finn vi til saman åtte stovebygningar, som er fordelt på hovudhus og kårhus. Oddagarden hadde ikkje kårhus og Thomasgarden hadde to kårhus. Alle stovehusa er oppført i lafta tømmer. Eitt særtekk er at dei fleste stovehusa kun er kledd på nokon av ytterveggane, medan dei har synleg tømmer på veggane som vender inn mot berget. Dette gjer at bygningane får to ulike uttrykk alt etter kvar i tunet ein ser dei i frå. Eit anna gjennomgåande fellestrekk er den to-delte inngangsdøra som vi finn i alle stova husa for utan Oddastova. Der det vart sett inn moderne dører i samband med ombygginga på 1990-talet.

Med unntak av Kårstova/Vetlastova i Andersgarden har alle stovehusa har ein tradisjonell treromsplan. Dei fleste har inngang i kleven i gavlen. Håkonstova skil seg litt frå dette då den hadde inngangsdør frå langsida, men også her kom ein då inn i kleven før ein gjekk vidare inn i stova. Eldre foto viser at Håkonstova tidlegare hadde inngang i gavlen mot Vetlastova. Kårstova/Vetlastova i Andersgarden skil seg frå dei andre stovebygningane ved at den er svært liten og har ein to-romsplan der ein først kjem inn i ein innebygd svalgang før ein kjem inn i stoverommet. Håkonstova og Eilertstova er i dag halvlemstover. Det vil sei at ein har bygd ein lem over deler av stoverommet slik at rommet framleis er ope til røstet samstundes som ein har opphaldsplass på lemme over delar av stova. Fleire av desse bygningane har truleg tidlegare vore røykomnstover som har blitt bygd om etterkvart som ein bytta ut røykomnen med jernomn og/eller peis. I kjellaren på Linastova og Eilertstova finn vi i dag att store steinfundament under peisen, desse kan tidlegare ha vore fundament til ein røykomn. I Eilertstova finn vi og spor etter ljore i taksperrane. Under fleire av stovene var det tidlegare fjøs til dyra.



## Stabbur

Det er i dag til saman fem stabbur i tunet og alderen på desse strekk seg frå 1700-talet og opp til midten på 1900-talet. Dei utgjer difor ei svært interessant bygningsgruppe ved at det her er samla stabbur frå eit langt tidsrom slik at vi kan sjå korleis byggjeskikken har endra seg. I tillegg er kvernhuset som vart flytta til Linastova og nytta som stabbur eit interessant døme på korleis ein brukte opp att bygningar som ein ikkje hadde bruk for. På stabbura til Andersgarden og Guttormgarden er gavlen over inngangsdøra trekt fram slik at det er tak over døra. I tillegg er svillstokken trekt fram slik at ein har kunna lagt plankar framfor døra til å stå på. Dette trekket gjer at ein kan stå under tak når ein skal inn i stabburet, samstundes som det dannar ein fin sitje/oppbevaringsplass framfor stabbursdøra.

## Kjellarar

Terrenget tunet ligg i er bratt og for å få plassert husa var ein i mange tilfelle nøydd til å bygge opp høge grunnmurar i framkant av bygningane. Dette gav og moglegheit til å bygge kjellarar under delar av bygningane og dei mange kjellarane er her eit særtrekk ved tunet. Vi finn her kjellarar under både stovehus, stabbur, fjøs og løer. For fleire av dei utgjer store steinar i terrenget delar av veggane slik vi mellom anna finn det under stabeløa i Thomasgarden og stabburet ved Linastova i Thomasgarden. Dette viser korleis ein har tilpassa seg terrenget og nytta moglegheitene som det gav. Eit fellestrekk ved kjellarane er at dei er oppmura i gråstein og har inngangen i veggen på nedsida av huset. I kjellarane under fleire av stovehusa finn vi spor etter at dei har vore nytta som fjøs. Den best bevarte av desse finn vi under Eilertstova, der det også er ei trapp opp til ei luke i taket slik at ein kunne gå ned i kjellaren utan å gå ut.

Kjellarane under stabbura er eit anna særtrekk ved tunet. Her er det mura opp i framkant og ein har gjerne nytta terrenget som delar av kjellaren. Kjellaren har så fått eit flatt tak og stabbane som bær stabburet står på muren slik at det er eit ope rom mellom taket på kjellaren og golvet på stabburet.

## Eldhus

I tunet står det i dag fire eldhus. To av dei, tilhøyrande Andersgarden og Guttormgarden, er i lafta tømmer medan dei andre to er oppført i reisverk. Eldhusa i Oddagarden og i Thomasgarden er enkle grindverksbygningar. Vi finn også ein ulik storleik på eldhusa der det som er lafta er mindre enn dei to i reisverk. Saman viser eldhusa i Otternestunet ein god variasjon i denne bygningstypen.

## Stall

I tunet er det bevart to frittstående stallar, ein som tilhøyrer Andersgarden og ein som tilhøyrer Thomasgarden. Hesten var eit av dei viktigaste dyra då den representerte ei stor arbeidskraft i drifta av garden. Delar av stallen i Andersgarden har seinare blitt ombygd til toalett men det er framleis att noko eldre innreiing i den eine delen av bygningen. I stallen til Thomasgarden ser det ut til at innreiinga fjerna.<sup>24</sup>

## Fjøs

Det er bevart eit mangfald av ulike fjøsbygningar i tunet. I alle løene har det tidlegare også vore fjøs, i dag er det i Thomasløa at den gamle fjøsen er best bevart. Tunet har også frittstående fjøsar slik som sauefjøsen i Oddagarden som framleis er bevart og kyrfjøsen i Guttormgarden som i dag kun er ein

---

<sup>24</sup> Undersynfaringa var stallen så fylt med gjenstandar at det var vanskeleg å sjå rommet og om det var att noko innreiing.

eksteriørkopi. Begge desse fjøsa var i laftverk og har horisontale smale vindauga i langveggen. Frå midten av 1800-talet vart det vanleg å ha små vindauga i fjøsen og den bevarte fjøset i Thomasgarden er eit tidleg døme på vindauga i fjøs. I kjellarane til fleire av husa var det også fjøs. Mangfaldet av dei ulike løysingane på fjøs i tunet fortel mykje om korleis garden vart drifta tidlegare og korleis ein utnytta dei ressursane ein hadde tilgjengelege.

### **Løe kombinert med fjøs**

Dei fire store løene i tunet er alle kombinasjonsbygningar og det har vore fjøs i til ulike dyreslag i dei. I tillegg er det i tunet ei frittstående løe, stabbeløa som i dag er ein rekonstruksjon. Dei store løene er bygd opp etter same romskjema. Der løe-delen er tredelt med eit stål i midten og eit brot på kvar side. I kjellaretasjen er det fjøs til ulike dyreslag. I tillegg er det fjøsrom knytt til løa i Oddagarden og Guttormgarden. I Thomasløa er ein stor fjøs bygd i forlenginga av løa og det er dør mellom fjøsen og brotet.

### **Løe**

Tidlegare var det fleire frittstående løer som var ein del mindre enn driftsbygningane. Desse har blitt rive i løpet av 1900-talet. Den siste som stod var Stabbeløa i Thomasgarden. Den vart riven i samband med restaureringa av tunet og det vart då ført opp ein kopi av denne løa.


### **Utedo**

I tunet i dag er det to utedoar som er plassert slik vi finn det att på Johan Lindstrøm sin situasjonsplan, ein i gavlveggen på stallen i Andersgarden og ein ved langveggen på Thomasløa. Alderen på utedoane er usikker, dei kan vere rekonstruert. Utedoane fortel mykje om kvardagslivet og kva sanitære forhold ei hadde i klygnetuna tidlegare.

## **4.3 Bygningane i Andersgarden**

Husa til Andersgarden er dei første ein kjem til når ein går inn i tunet frå parkeringsplassen. I tunet er det i dag 6 hus knytt til dette bruket. Bygningane er ganske godt samla i tunet og det ligg ikkje hus til andre bruk inn i mellom husa i Andersgarden, men husa til både Oddagarden og Guttormgarden står tett på. I dag er det bevart fyljande hus i Andersgarden: eldhus, stall og sauefjøs, løe med fjøs til kyr og geit, stabbur, stovehus og kårstove. Husa er sannsynlegvis bygd i tida 1810-1820.

For fleire bilete av dei enkelte husa sjå dokumentasjonsvedlegg 1C.



Andersgarden har fyljande 6. bygningar i tunet:

1. Eldhus
2. Stall og sauefjøs
3. Løe/driftsbygning
4. Stabbur
5. Stovehus, Håkonstova
6. Kårhus, Vetlastova

Figur 90. Oversiktskart som viser bygningane til dei ulike bruka i tunet. Bygningane til Andersgarden er merka med lilla, nummereringa av bygningane tilsvarar nummereringa i teksten.

#### Eldhus, nr. 1 i kartet figur 90.



Figur 91. Eldhuset med inngangsdøra i gavlen og vindaugsopning på langsida. Foto Arlen Bidne/VLFK 2021.



**Plassering:** Eldhuset er det første ein kjem til når ein kjem inn i tunet frå parkeringsplassen. Huset har ein godt synleg plassering i landskapet.

**Alder:** 1810-1820-åra.

**Tidlegare istandsetjing:** Eldhuset vart restaurert i 1984, i samband med restaureringa vart huset demontert og bygd opp att. ca. 50% gjenbruk av tømmer.

**Eksteriør:** Eldhuset er ein liten rektangulær bygning som står på ein grunnmur i gråstein. Bygningen står i eit bratt terreng og som ei fylje av dette er grunnmuren svært høg i eine gavlveggen for så å fylje terrenget slik at den vert forholdsvis låg i den andre gavlen. Huset er i lafta tømmer og tømmeret er synleg. Taket er eit sperretak tekka med uglaserte teglpanner. I gavlen mot tunet er det ei låg labankdør. Det er ein vindaugsopning i langveggen mot nord, men det er ikkje sett inn noko vindauga der, kun ei treplate som dekker for opninga.

### **Stall og sauefjøs, nr. 2 i kartet figur 90.**



*Figur 92. Stall og sauefjøs, inngangsdørene på langsida og det tilbygde skotet i gavlen til venstre. Foto Arlen Bidne/VLFK 2021.*

**Plassering:** Bygningen står på nedsida av bilvegen inn i tunet og er ein av dei første bygningane ein kjem til når ein kjem opp i tunet. Bygningen står med langsida ut mot fjorden i nord.

**Alder:**1810-1820

**Tidlegare istandsetjing:** Det vart gjort istandsetjingsarbeid på bygningen i 1987 og 1992. Det vart då gjort mindre reparasjonar og det vart innreia toalett for besøkande i delar av bygningen.



**Eksteriør:** Stall og sauefjøsset er ein rektangulær bygning med eit skot tilbygd i gavlen mot nordvest. Bygningen står på ein gråsteinsmur, grunnmuren er høgast på langsida ut mot fjorden og lågast på langsida inn mot vegen. Den er reist i lafta tømmer som er synleg på tre av veggane, medan gavlveggen mot søraust er kledd med liggande umåla kledning. Skotet er i reisverk og kledd med liggande panel. I skotet er det ei labankdør inn mot vegen. Sperretaket er tekka med byljeblekkplater. I mønet er det ei luftepipe, sannsynlegvis vart denne sett inn i samband med at det vart tilrettelagt for toalett.

På langveggen mot vegen er det to labankdører som fører inn til stallen og fjøset, framfor desse ligg det store steinheller på bakken. I langveggen mot fjorden er det ein liten glugge som tidlegare slapp lys inn i bygningen. I gavlveggen mot driftsbygningen er det ein liten rektangulær vindaugsopning.

### Løe/driftsbygning, nr. 3 i kartet figur 90.



*Figur 93. Løa med kyr- og geitefjøs. Vi ser her tilbygga langs langveggen mot bilvegen. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.*

**Plassering:** Løa er plassert på nedsida av bilvegen inn i tunet og står ved sida av stallen og sauefjøsset. Bygningen sin langvegg fyl vegen. Bilvegen ligg nokon høgare enn løa.

**Alder:** 1810-1820.

**Tidlegare istandsetjing/endingar:** På midten av 1900-talet vart det bygd ei ark og to mindre tilbygg. Arka vart fjerna i samband med restaurering av bygningen i 1985. I samband med restaureringa i 1985 vart bygningen demontert og bygd opp att. Dagens tilbygg på langsida mot vegen er kopiar av dei som stod der når restaureringa i 1985 starta. Det er utfordrande å tidfeste tilbygga mot vegen. Foto frå 1926 viser at det er tilbygg på denne langsida, men det er vanskeleg å sjå kor store desse tilbygga er og heile

utforminga av dei. Johan Lindstrøm sin situasjonsplan frå 1927 viser ingen tilbygg på denne løa. Bygningen hadde opphavleg torvtak som seinare vart skifta til teglpanner. Foto frå 1970-talet viser bygningen med teglpanner.

**Eksteriør:** Løa er ein rektangulær bygning med to markante tilbygg på langsida mot vegen. Bygningen står på ein gråsteinsmur som er svært høg under langveggen ut mot fjorden for så å bli lågare etterkvart som ein kjem mot bilvegen langs bakre langvegg. Løa er bygd av lafta tømmer som er synleg på langsida mot fjorden og i gavlane. Langsida mot vegen er prega av dei to tilbygga som dekker meste parten av denne sida. Desse er oppført i reisverk og er kledd med umåla liggande kledning. Løa har eit sperretak tekka med uglasert teglpanner, tilbygga har pulttak med byljeblekkplater.

Inngangen til løa er midt på langveggen mot vegen mellom tilbygga. Inngangsdørene til tilbygga er i kortveggen mot døra til løa. I løa er det ein stor rektangulær opning om lag midt på langveggen mot fjorden. Løa har to rektangulære vindaugsopningar på langsida mot fjorden i nord, i dag er det sett inn trelemmar framfor desse på innsida. I kjellaren er det eitt rektangulært eitt-ramsvindauga med tre kvadratiske ruter.

#### **Stabbur, nr. 4 i kartet figur 90.**



*Figur 94. Stabbur med kjellar under. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.*

**Plassering:** Stabburet ligg oppe på knausen på oppsida av bilvegen. Huset er plassert med gavlen ut mot fjorden og inngangsdøra i gavlen inn mot tunet.

**Alder:** 1810-1820.



**Tidlegare istandsetjing:** Stabburet vart restaurert i 1985-1988 då det vart demontert og bygd opp att. Det vart då godkjend av Mattilsynet som lagringsrom for mat. I samband med restaureringa vart det sett opp ein lecamur under langsiden på bygningen. Denne vart så skjult med terreng og tørrmur. I samband med restaureringa vart det skifta ut mykje av tømmeret.

**Eksteriør:** Stabburet er ein liten rektangulær bygning som består av ein kjellardel oppmurt av gråstein. Opp på den står stabburet på fire stabbar av stein. Mellom stabbane og huset er det lagt ei stor skiferhelle som skal hindre mus og andre skadedyr å kome inn i stabburet. Stabburet er i lafta tømmer som er synleg. Det har sperretak som er tekka med uglasert teglpanner. I gavlen mot tunet er taket trekt ca. 1 meter utanfor laftekassen slik at ein har fått eit takoverbygg over inngangsdøra. Ein tresøyle i kvart av hjørna støttar opp takutstikket. Svillen til laftekassa går ut under takutstikket og det er her lagt kraftige golvbord på den slik at ein får eit tregolv framfor inngangsdøra. Inngangsdøra er ei labankdør som er umåla. I gavlen mot fjorden er det ein vindaugsopning. Her er det sett opp netting framfor delar av den og det er ei plate/skodder på innsida som stenger vindaugsopningen.

Under stabburet er det murt opp ein kjellar denne er i dag mura i leca med ei forblending både utvendig og innvendig av den opphavlege gråsteinen. Her har ein nytta terrenget med den bratte knausen og murt opp ein gråsteinsmur på to sider. I muren ut mot bilvegen er det ei låg, umåla labankdør. Kjellaren har tretak som er synleg under stabburet.

#### **Stovehus, Håkonstova, nr. 5 i kartet figur 90.**



Figur 95. Håkonstova. Foto Arlen Bidne/VLFK 2021.

**Plassering:** Håkonstova ligg oppe på knausen litt ovanfor stabburet. Stova er plassert med gavlen ut mot fjorden mot nord slik at ein har god utsikt over landskapet i nord. Stova har namn etter den siste eigaren, Håkon Eliassen Otternes, før Aurland kommune kjøpte garden av han i 1974.

**Alder:** 1810-1820.

**Tidlegare istandsetjing:** Håkonstova har blitt restaurert to gonger, først i 1991 og så i 2018-2022. I samband med den siste restaureringa måtte bygningen demonterast for å få reparert grunnmuren. Bygningen vart så remontert igjen og skada material vart skifta ut med ny av same kvalitet og utforming.

**Eksteriør:** Håkonstova er ein rektangulær bygning med eit skot på austre langvegg. Stova står på ein grunnmur i gråstein. Grunnmuren er høgast under gavlen mot nord for så å fylje terrenget sørover der grunnmuren er svært låg. Det er kjellar under delar av stova og inngangen til kjellaren er gjennom ei labankdør i gavlen mot nord. Stova er bygd av lafta tømmer som er kledd med liggande panel, ved inngangsdøra er det ståande panel. Gavlveggen mot nord og langveggen mot vest er kvitmåla, dei andre veggene er umåla. Huset har eit sperretak som er tekka med byljeblekkplater. Pipa er i mura gråstein.

I gavlen mot nord er det to to-ramsvindauga med seks ruter i kvar ramme i første etasje og eit to-ramsvindauga med tre ruter i kvar ramme i loftsetasjen. På langsida med inngangsdøra er det eitt to-ramsvindauga med tre ruter i kvar ramme, og på langsida mot aust er det eitt tre-ramsvindauga med tre ruter i kvar ramme. I gavlen mot sør er det eit lite eitt-ramsvindauga med fire ruter. Inngangsdøra ligg på langveggen mot vest. Den er ei to-delt dør, der det øvste dørbladet kan opnast uavhengig av dørbladet nedanfor.

Tilbygget på austre langvegg står på ein gråsteinsmur og er bygd i reisverk med ståande kledning. Det har eit pulttak tekka med byljeblekkplater. Inngangsdøra er ei labankdør i kortenden mot sør. Tilbygget har ikkje nokon vindauga.

**Kårstove, Vetlastova, nr. 6 i kartet figur 90.**



*Figur 96. Kårstova, Vetlastpva. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.*

**Plassering:** Kårstova er plassert med langveggen tett på gavlen til Håkonstova. Bygningane står tett på kvarandre og det er her ein hellelagt sti mellom dei.

**Alder:** 1810 – 1820

**Tidlegare istandsetjing:** Kårstova vart restaurert i 1990-1991. Stova vart då demontert og bygd opp att.

**Eksteriør:** Kårstova er ein liten rektangulær bygning som står i eit skrånande terreng. Den står på ein gråsteinsmur som er svært høg ved langveggen mot nord (mot Håkonstova) og som så skrånar inn mot tettenget i sør. Gråsteinsmuren går framfor vestre gavlvegg slik at det her er ei flat terrasse ved gavlen med inngangsdøra. Det er kjellar under delar av huset og inngangen til den er via ei låg labankdør i nordre langvegg. Huset er oppført i lafta tømmer, med synleg tømmer i gaven mot aust og øvste del av gavlen mot vest. Nordre langvegg har synleg tømmer i tømmerdelen av stova og liggande umåla panel i delen med reisverk. I gavlen mot vest er det liggande panel i første etasje som er bygd av reisverk og synleg tømmer oppe i gavlen. Søre langsida er kledd med liggande umåla kledning i delen som er tømra og med ståande umåla kledning i delen som er i reisverk. Stova har sperretak som er tekka med torv. Pipa er i mura gråstein.

Framfor inngangsdøra er det ei trapp i gråstein frå terrassen opp til døra. Døra er delt horisontalt på midten slik at det er mogleg å kun opne opp den øvste delen av døra. Kvar av dørblanda har ein dekor i form av eit kvadrat sett med hjørna opp. På langveggen mot nord er det eitt lite eitt-ramsvindauga med fire ruter i ramma. I gavlveggen mot aust er det to to-ramsvindauga med seksruter i kvar ramme i første etasje og eitt to-ramsvindauga med seksruter i kvar ramme i loftsetasjen. I loftsetasjen er det blyglassvindauga, medan det i første etasje er trevindauga. I gavlen over inngangsdøra er det ein lite




glugge utan glas, den er tetta til med ei treplate på innsida. Denne plata kan skyvast til side for å få lys inn i gangen.

## 4.4 Bygningane i Oddagarden

Oddagarden har fem bygningar i tunet i dag. Bygningane er godt samla i tunet og dei ligg plassert omlag i midten av klynga mot nord. Der bygningane til dei andre tre bruka omkransar dei. Av bygningane i Oddagarden er det stovehuset, Oddastova, som ligg høgst i tunet med dei andre bygningane ligg noko lågare i terrenget. Bygningane i Oddagarden strekkjer seg over eit langt tidsspenn, med bygningar frå sannsynlegvis 1740-talet og fram til midten på 1900-talet.

For fleire foto av bygningane i Oddagarden sjå vedlegg 1D.



Oddagarden har fyljande bygningar i tunet:

7. Oddastova
8. Fjøs/sauefjøs
9. Eldhus
10. Stabbur
11. Løe/driftingsbygning

Figur 97. Oversiktskart som viser bygningane til dei ulike bruka i tunet. Bygningane til Oddagarden er markert med grønt.

### Stovehus, Oddastova, nr. 7 i kartet figur 97



Figur 98. Oddastova. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.

**Plassering:** Oddastova er plassert omlag midt inne i den nordlege husklynga i tunet. Framfor hagen ved Nystova i Guttormgarden.

**Alder:** mogleg så tidleg som 1740.

**Tidlegare istandsetjing/endingar:** Stova vart restaurert i 1988-1995. Den gongen vart det laga eit mindre tilbyg i gavlen mot sør. Tilbygget vart seinare erstatta med eit større tilbygg for å få plass til eit produksjonskjøkken i samband med drifta av Otternes som bygdetun.

**Eksteriør:** Oddastova står på ein tørrmur i gråstein som fyl terrenget. Under gavlen mot nord er det ei dør inn til kjellaren. Huset er i 1 ½ etasje og den gamle delen er i lafta tømmer, medan den nye delen er i reisverk. Stova er kledd med liggande panel og måla. Det har saltak i sperrekonstruksjon som er tekka med uglaserte takpanner. Skorsteinane er nyare.

Inngangsdørene er på langsida mot aust. Der det er to inngangsdører, ei til den gamle delen og ei til det nyare produksjonskjøkkenet. I gavlen mot nord er det to to-ramsvindauga med 12 ruter i kvar ramme i første etasje og eitt to-ramsvindauga med seksruter i kvar ramme i loftsetasjen. På vestre landside er det tre toramsvindauga med seks ruter i kvar ramme. I gavlen mot sør er det to to-ramsvindauga med seks ruter i kvar ramme i første etasje. Alle inngangsdører er nyare, truleg frå istandsetjinga på 1990-talet.

### Fjøs/sauefjøs, nr. 8 i kartet figur 97



Figur 99. Sauefjøsene med inngang i gavlen. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.

**Plassering:** Sauefjøsene er plassert omlag midt i klynga med hus i den nordlege delen av tunet. Det står nedanfor Oddastova med møneretninga nord/sør slik at desse to bygningane ligg parallelt med kvarandre. Delar av fjøsene ligg på ein fjellknaus.

**Alder:** Ukjend alder, mogleg 1800-talet jf. SEFRAK-registreringa, plan for istandsetjing frå 2008 anslår at fjøsene var frå midten av 1900-talet (Vetti/Kvamme) usikkert kva som er rett. Mogleg at dateringa frå SEFRAK-registreringa er den rette då hjørnet av bygningen vises i foto frå 1926 og det er teikna inn på situasjonsplanen til Johan Lindstrøm frå 1927.

**Tidlegare istandsetjing:** Det vart gjennomført mindre reparasjonar på bygningen i 1989.

**Eksteriør:** Fjøsene står delvis på gråsteinsmur og delvis på stabbar av gråstein i tillegg til ein tresøyle under vestre langvegg. Grunnmur/stabbar er tilpassa terrenget og delar av fjøsene er open under bygningen der den står på søyler/stabbar. Fjøsene er i 1 ½ etasje oppført i lafta tømmer og kledd med umåla liggande kledning. Det har saltak i sperrekonstruksjon tekka med bylje-etermittplater. Inngangsdøra er i den nordlege gavlen og består av ei umåla labankdør. Det er ingen vindauga i dag i fjøsene, men det er ein opning i gavlen over inngangsdøra.



### Eldhus, nr. 9 i kartet figur 97



Figur 100. Eldhuset i 2021. Foto Arlen Bidne/VLFK.

**Plassering:** Eldhuset er plassert nord for sauefjøset og står på knausen tett saman med eldhuset i Oddagarden.

**Alder:** Ukjend, eldhuset er ein av tre bygningar i tunet som ikkje er SEFRAK-registrert, mogleg at huset er bygd på 1900-talet. På Johan Lindstrøm sin situasjonsplan frå 1927 er det teikna inn eit eldhus som har ein utedo inntil veggen mot fjorden (mot vest). På eldre foto av tunet kan vi også sjå ein tilsvarande bygning.

**Eksteriør:** Eldhuset står på ein gråsteinsmur som fyl terrenget slik at den er høgst mot vest og så skrånar innover mot aust der den er svært låg. Huset er bygd av reisverk og kledd med ståande umåla panel. Saltaket er tekka med byljeblekkplater. Inngangsdøra er ei enkel labankdør med jernhengslar som er plassert på austre langside. Det er ingen vindauga i eldhuset.

**Stabbur, nr. 10 i kartet figur 97**



*Figur 101. Stabburet i 2021. Foto Arlen Bidne/VLFK.*

**Plassering:** Stabburet står oppe på knausen omlag midt i den nordlege delen av tunet, tett på eldhuset.

**Alder:** ukjend, dette er eit av tre hus i tunet som ikkje er SEFRAK-registrert, truleg er stabburet bygd på 1900-talet.

**Eksteriør:** Stabburet står på firkanta stabbar av betong. Stabburet er bardunert fast til fjellet. Høgda på stabbane varierer då dei er tilpassa terrenget. Huset er eit lite rektangulært bygg i ein etasje. Det har to labankdører på austre langvegg. Stabburet er kledd med ståande umåla panel og har eit saltak tekka med byljeblekk. Det har to vindauga, eitt i gavlen mot nord som er eit eitt-ramsvindauga med fire ruter i ramma, og eitt i vestre langvegg som i dag er dekkja til med ei plate,



### Løe/driftsbygning, nr. 11 i kartet figur 97



Figur 102. Løa i 2021. Foto Arlen Bidne/VLFK.

**Plassering:** Løa er plassert på oppsida av bilvegen som går gjennomtunet og har dei andre bygningane i tunet bak seg og på sida. Til liks med dei andre løene er det ingen bygningar framfor løa.

**Alder:** Truleg bygd kring 1740. Plan for istandsetjing frå 2008 anslår løa til å vere frå midten av 1800-talet (Vetti/Kvamme), men delar kan vere eldre. Bør undersøkjast nærare.


**Tidlegare istandsetjing:** Løa har blitt påbygd seinare, og i 1948 vart arka ved låvebrua bygd. Løa vart restaurert i 1989 då det vart lagt på byljeblekktak.

**Eksteriør:** Løa står i eit sterkt skrånande terreng og har såleis svært høge gråsteinsmurar langs vestre langvegg. Murane fyl terrenget bakover slik at den austre langveggen har ein forholdsvis låg grunnmur. Bygningen er i lafta tømmer der den sørleg delen av austre langvegg er kledd med ståande umåla panel, og gavlveggen mot sør er kledd med liggande panel. Resten har synleg tømmer. Bygningen har saltak tekka med bøljeblekkplater.

Midt på austre langvegg er det ei låvebru og ei flatt takopplett (ark). I arka er det ei dobbel umåla labankdør med jernhengslar. På vestre langvegg er det to inngangsdører til fjøset i kjellaren og ein vindaugsopning i hovudetasjen. I gavlveggen mot sør er det i første etasje to små horisontale ett-ramsvindauga med to ruter i kvar ramme.



## 4.5 Bygningane i Guttormgarden



Guttormgarden har fyljande hus i tunet. Nummereringa tilsvarar den i kartet.

- 12. Nystova, kårhus
- 13. Gjertrudstova
- 14. Stabbur
- 15. Eldhus
- 16. Fjøs til kyr, i dag brukt som serveringslokale
- 17. Løe/driftsbygning

Figur 103. Oversiktskart som viser bygningane til dei ulike bruka i tunet. Bygningane til Guttormgarden er merka med raudt.

Husa i Guttormgarden ligg omlag midt i tunet. Der dei fleste husa til dette bruket er samla i ei klyngje, men løa på plassert litt unna denne klyngja, to av husa i Thomasgarden står i mellom dei. Løene til Guttormgarden, Oddagarden og Andersgarden avgrensar tunet mot innmarka i nederkant. Bygningane i Guttormgarden har ein høg alder. Der fleire av husa er bygd tidleg 1700-tal, mogleg før 1700 og dei nyaste bygningane er bygd før 1850. For fleire foto av bygningane i Guttormgarden sjå vedlegg 1E.

## Kårhus, Nystova, nr. 12 i kartet figur 103



Figur 104. Kårhuset/Nystova i 2021. Foto Arlen Bidne/VLFK.

**Plassering:** Kårhuset ligg heilt aust i tunet med ein fjellknaus bak seg og er omkransa av Vetlastova i Andersgarden i nord og eldhuset, Gjertrudstova og stabburet i Guttormgarden i sør og vest. I tilknytning til kårstova er det ein stor frukthage og det er også ein open plass mellom kårhuset, eldhuset og Gjertrudstova. Noko som gjer at denne bygningen har meir rom rundt seg enn mange av dei andre bygningane i tunet.

**Alder:** Truleg 1839.

**Tidlegare istandsetjing:** Huset vart restaurert i 1989. I 2020 vart stova jekka opp att i det eine hjørnet som hadde sige og taket vart lagt om. Øydelagde takpanner vart skifta ut med tilsvarende gamle takpanner.

**Eksteriør:** Nystova står på ein gråsteinsmur som er høgst ved austre langvegg for så å skråne innover med terrenget til ein låg grunnmur ved bakre langvegg. I gavlveggen mot sør er det ei stor steintrapp opp til inngangsdøra. Huset er rektangulært i 1 ½ etasje, bygd i tømmer som så er kledd med liggande panel på austre langvegg og gavlveggen mot sør. Dei andre veggane har synleg tømmer. Bygningen har saltak tekka med utglaserte teglpanner. På baksida av taket er det ei høg pipe i teglstein.

Under huset er det ein kjellar som har inngang via ei låg labankdør i den austre langsida. Inngangsdøra til huset er i den sørlege gavlen. Her er det også to eitt-ramsvindauga med seks ruter i kvar ramme i loftsetasjen. På langsida mot aust er det to vindauga, eitt eitt-rams vindauga med seks ruter og eitt to-rams vindauga med tre ruter i kvar ramme. I gavlen mot nord er det to to-ramsvindauga med seks ruter i kvar ramme i første etasje og to eitt-ramsvindauga med seks ruter i kvar ramme i loftsetasjen. I gavlen mot nord var det opphavleg lemmar som kunne dragast opp framfor alle vindauga. Lemmane framfor



eitt av vindauga i første etasje, samt framfor vindauga i gavlen er bevart. Ved det andre vindauga i første etasje er det kun bevart rammene som lemnen var festa i. På Nystova finn vi også eit lite innslag frå sveitserstilen med dei to hengebretta som er plassert nede på vindskiene i gavlen med inngangsdøra. Element frå sveitserstilen er det svært lite av i tunet elles.

### **Stovehus, Gjertrudstova, nr. 13 i kartet figur 103**



Figur 105. Gjertrudstova i 2021. Foto Arlen Bidne/VLFK.

**Plassering:** Gjertrudstova står omlag midt i tunet med gavlen vendt mot fjorden i aust. På to av sidene står det bygningar tett på, Linastova i Thomasgarden tett framfor gavlen og stabburet står tett på den sørlege langveggen. Ved den nordlege langsida er hagen ved Nystova og framfor inngangsdøra er det også ein noko open plass på dei andre sida står husa tett på Gjertrudstova. Stova vert og omtala som Guttormstova.

**Alder:** tidleg 1700-tal, mogleg før 1700. Om bygd til noverande utsjånad kring 1900.

**Tidlegare istandsetjing/endringar i bygningen:** Kvamme/Vetti har fyljande skildring av huset sin bygningshistorie: «Opprinnelig bygget som røykstove med kove og svalgang. Dette er trolig det eldste huset som står i tunet i dag og kan vere bygget allerede på 1600-tallet. Den ble bygget om til lemstove på 1800-tallet, samtidig som den fikk innvendig paneling og nye vindusløsninger. Svalgangen ble i løpet av 1800-tallet bygget inn i tømmer, dette er gjenbrukstømmer fra 16- 1700-tallet, muligens fra en annen stove på garden. Ved ombygging til lemstove ble bygningen forhøyet med nye bjelkelag og det ble satt inn peis. Stova fikk også nye høyere dører med empirebelistning.»



I Ohnstad sin gjennomgang av branntaksten frå 1846 er det også omtala ei røykstove som truleg er Gjertrudstova. Her vart den skildra som ei stove med vindaug, kakkelomn, peis og halvlem. Vidare hadde den trapp opp til loftet som ligg rett over kammerset og gangen.<sup>25</sup> På eit seinare tidspunkt har stova blitt ombygd til ei lemstove slik den er i dag.

Huset vart restaurert i 1991 då det fekk ny bordkledning og nytt tak, i tillegg til at ein del tømmer vart skifta ut..

**Eksteriør:** Gjertrudstova står på ein gråsteinsmur som er høg i framre gavlen og skrå innover med terrenget slik at den er svær låg ved gavlen med inngangsdøra. Stova er ein rektangulær bygning i 1 ½ etasje bygd i lafta tømmer. Den har eit saltak som er tekka med uglaserte teglpanner og den har ei høg pipe i gråstein. Gavlen med inngangsdøra har synleg tømmer, medan dei andre veggane er kledde med liggande kledning som er måla rosa.

Under huset er det ein kjellar som har inngang i gavlen mot fjorden, medan inngangsdøra til huset ei labankdør med jernbeslag i den andre gavlen. I gavlen med inngangsdøra er det i loftsetasjen eitt tre-ramsvindauga med tre ruter i kvar ramme. På langveggen mot hagen ved Nystova er det to vindauga, eit to-rams vindauga med tre ruter i kvar ramme og eitt tre-ramsvindauga med tre ruter i kvar ramme. I gavlen mot fjorden er det to tre-rams vindauga med tre ruter i kvar ramme i første etasje og eitt tre-ramsvindauga med tre ruter i kvar ramme i loftsetasjen.

### Stabbur, nr. 14 i kartet figur 103



Figur 106. Stabburet i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune.

---

<sup>25</sup> Ohnstad, s. 318, 1996

**Plassering:** Stabburet er plassert mellom Gjertrudstova og fjøset i Guttormgarden. Framfor inngangen er det ein liten open plass opp mot eldhuset.

**Alder:** Tidleg 1700-tal, men det kan òg vere eldre.

**Tidlegare istandsetjing:** Bygningen vart restaurert i 1985, og vart i denne samanhengen demontert og lafta opp att.

**Eksteriør:** Stabburet er ein liten nærast kvadratisk bygning som står med gavlen ut mot fjorden mot vest. Bygningen står på fire stabbar i tre og er ei enkel laftekasse med saltak tekka med uglaserte teglpanner. Inngangsdøra er i gavlen mot den opne plassen med eldhuset. Ei steintrapp leier opp til inngangsdøra som er ei låg labankdør med jernbeslag. Gavlen ved inngangsdøra har trekt veggjen noko inn i forhold til langveggen og takutstikket slik at ein her får eit lite overbygg over inngangsdøra. Framfor inngangsdøra er det to tjukke plankar som golv. I gavlen mot fjorden er det eitt eitt-rams vindauga med fire ruter.

### **Eldhus, nr. 15 i kartet figur 103**



*Figur 107. Eldhuset i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune.*

**Plassering:** Eldhuset er plassert tett opp til berget i overkant av tunet og har gavlen med inngangsdøra retta mot Nystova. Framfor denne gavlen og på langsida mot fjorden er det forholdsvis oppe i tunet. Ved den andre gavlen er det ein inngjerda brønn.

**Alder:** Tidleg 1700, men det kan og vere oppført før 1700.



**Tidlegare istandsetjing:** Eldhuset vart restaurert i 1984 og vart i den samanhengen demontert. Det er truleg at det har vore peis/grue her tidlegare. I branntakst frå 1846 vert det nemnd at det også var smie i eldhuset.<sup>26</sup> Eldre bilete, figur 135, viser at bygningen tidlegare hadde ei stor pipe på langveggen mot tunet, noko som tyder på at bygningen hadde ei grue/peis/smie på eit tidlegare tidspunkt.

**Eksteriør:** Huset står på ein forholdsvis flat plass i tunet og har difor ein ganske låg grunnmur i gråstein. Eldhuset er ein liten, rektangulær bygning med saltak tekka med uglaserte teglpanner. Bygget er oppført i lafta tømmer og tømmeret er eksponert på alle fire sidene. Inngangen er via ei labankdør i gavlen mot Nystova, i denne gavlen er det også ein lite kvadratisk glugge oppe i gavlen. Eldhuset har ingen vindauga.

### **Fjøs til kyr (i dag serveringslokale), nr. 16 i kartet figur 103**



*Figur 108. Fjøset i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune.*

**Plassering:** Fjøset ligg med langsida ut mot fjorden i vest og gavlen med inngangsdøra mot stabburet.

**Alder:** Den opphavlege fjøsen var frå seint 1700/tidleg 1800-tal. Bygningen som står der i dag er ein kopi med enkelte opphavlege tømmerstokkar.

**Tidlegare istandsetjing:** Fjøset vart restaurert i 1983-84, det vart då demontert og bygd opp att. Opphavleg var det her 15 båsar til kyr, desse er i dag vekke og fjøset er ombygd til serveringslokale. I samband med istandsetjinga vart mykje av tømmeret skifta ut då det var hardt angrepet av husbukk.

---

<sup>26</sup> Ohnstad s. 318, 1996



**Eksteriør:** Fjøset er ein rektangulær bygning som står delvis på ein gråsteinsmur og delvis på ein stor knaus. På grunn av det skrånande terrenget er muren høg under delar av langsida mot fjorden for så å skrå inn med terrenget slik at den er svært låg på langsida mot tungata. Det er kjellar under delar av fjøset og inngangen til den er frå langsida mot fjorden. Bygningen er oppført i lafta tømmer med saltak som er tekka med torv.

Inngangen til fjøset er via ei labankdør i gavlen mot stabburet. Fjøset har to horisontale vindauga i langsida mot fjorden. Kvart av dei er eitt-rams vindauga med 12 glas i kvar ramme.

### Løe/driftsbygning, nr. 17 i kartet figur 103



Figur 109. Løa i Guttormgarden i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune.

**Plassering:** Løa er plassert på oppsida av bilvegen gjennom tunet og vender seg med langsida ut mot fjorden. Løa har ingen andre bygningar framfor seg og saman med løene til Oddagarden og Andersgarden avgrensar dei denne delen av tunet ned mot sjøen.

**Alder:** Tidleg 1700-tal, løa er truleg noko påbygd seinare.


**Tidlegare istandsetjing/endingar:** Løa fekk bygd ark truleg kring midten av 1900-talet. I den samanhengen var det også bygd ei låvebru opp til døra i arka, denne manglar i dag. I 1987 vart bygningen restaurert og det vart då lagt på byljeblekk. Seinare er fleire av ytterdørene skifta ut med nye, truleg kopiar av dei som stod her tidlegare.

**Eksteriør:** Bygningen består av to ulike bygningar som er samanbygde, noko også bygningsnummeret i matrikkelen viser til. Løa er ein stor rektangulær bygning i 1 ½ etasje med saltak tekka med byljeblekk. Den står på ein grunnmur i gråstein i eit skrånande terreng og har til dels høge murar på langsida mot

fjorden. Grunnmurane fyl terrenget og ved langsida inn mot tunet er det ein svært låg grunnmur. I grunnmuren er det tre dører inn til fjøs/lager i kjellaren og ei labankdør i gavlen mot sør. Løa er oppført i lafta tømmer. Tømmeret er synleg på tre av veggane, medan gavlen i sør er kledd med liggande panel.

Omlag midt på langsida mot tunet er det ei høg ark med pulttak som går litt over mønet å løa. På denne sida er det tre dører inn til løa, to labankdører nord for arka og ei dobbel låvedør under arka. Desse tre dørene er nye, sannsynlegvis kopi av dei opphavlege. Oppe i arka er det også ei dobbel låvedør. I tillegg er det ei gamal dør i første etasje i gavlen mot nord. Her er det også ein dørpning i loftsetasjen over døra i første etasje. Denne dørpninga manglar dør. På langveggen mot fjorden er det to vindaugsopningar. Desse manglar vindauga, ein av dei er delvis dekkja til med to plankar.

## 4.6 Bygningane i Thomasgarden



Thomasgarden har fyljande 9 bygningar i tunet:

18. Stabbur/kvernhus
19. Linastova
20. Stabbeløa
21. Stall
22. Stabbur
23. Eilertstova
24. Kårstove
25. Thomasløa, løe/driftsbygning
26. Eldhus

Figur 110. Oversiktskart som viser bygningane til dei ulike bruka i tunet. Bygningane til Thomasgarden er merka med blått og nummereringa tilsvarar nummereringa i omtalane.

Med sine ni bygningar er Thomasgarden det bruket som har flest bygningar i tunet. Plasseringa av ein del av bygningane til Thomasgarden skil seg frå resten av tunet ved at fem av dei er plasserte på ei rekkje lengst sør i tunet. I tillegg er eldhuset plassert på oppsida av denne rekkja, medan dei tre siste bygningane er plasserte saman med klynga av bygningar til dei andre tre tuna. Med unntak av eldhuset som vart bygd på 1940-talet, har bygningane i Thomasgarden ein høg alder. Husa kan vere frå tidleg 1700-tal, mogleg eldre, og fram til midten av 1800-talet. For fleire foto av bygningane i Thomasgarden sjå vedlegg 1F.

### Stabbur/kvernhus, nr. 18 i kartet figur 110



Figur 111. Stabbur/kvernhus i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland

fylkeskommune.

**Plassering:** Stabburet er plassert omlag midt i klynga av bygningar, tett på Oddastova i Guttormgarden og Linastova i Thomasgarden.

**Alder:** 1850, eller noko seinare.

**Tidlegare istandsetjing/endingar:** Stabburet var opphavleg eit kvernhus, men vart seinare flytta inn i tunet og nytta som stabbur til kårfolket. Det vart restaurert i 1993.

**Eksteriør:** Stabburet er ein liten rektangulær bygning i ein etasje med saltak tekka med dråpeforma lappskifer. Bygningen står med gavlen ut mot fjorden. Bygningen står på stabbar av tre, det eine hjørnet står på berget. Under stabburet er det laga ein liten kjellar ved at det er murt opp ein gråsteinsmur på langsida mot nord. I gavlsida mot fjorden er det sett opp ein plankevegg mellom store steinar/berg. Steinane/berget utgjør delar av dei to siste veggane. Kjellaren har eit flatt tak som stabburet står på.

Stabburet er oppført i lafta tømmer. Tømmeret er synleg på tre av veggane, medan gavlveggen med inngangsdøra er kledd med ståande umåla panel. Inngangsdøra er ei labankdør og der borda er festa med trenaglar. Bygningen har ingen vindauga. Eit særmerkt trekk ved stabburet er at bjelkelaget er festa med bogekne som heng under svillen. Dette er godt synleg på den nordre langveggen.



## Stovehus, Linastova, nr. 19 i kartet figur 110



Figur 112. Linastova i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland

fylkeskommune.

**Plassering:** Linastova står med gavlen ut mot fjorden. Den er plassert ved sidan av stabburet og med Gjertrudstova i Guttormgarden like bak.

**Alder:** 1830-40, kanskje seinare 1860.<sup>27</sup>

**Tidlegare istandsetjing:** Linastova vart sett i stand i 1994, bygningen vart då demontert og sett opp att

**Eksteriør:** Linastova er ein rektangulær bygning som står på ein grunnmur i gråstein i eit bratt terreng. Grunnmuren er svært høg under gavlen mot fjorden for så å skrå innover med terrenget til ein låg grunnmur i gavlen inn mot tunet. Stova er ein lafta bygning i 1 ½ etasje med saltak tekka med lappskifer. På langveggen mot sør har den eit tilbygg i reisverk med pulttaka tekka med skifer. Stova har synleg tømmer i gavlveggen mot fjorden og langveggen mot sør. Gavlveggen mot fjorden er måla raud. Gavlveggen mot Gjertrudstova og nordre langvegg er kledd med umåla liggande panel.

Linastova har kjellar under delar av bygningen. Inngangsdøra til kjellaren er ei umåla labankdør i gavlen mot fjorden. Inngangen til stova er på søre langvegg, der inngangsdøra er ei umåla labankdør som er delt i to horisontalt slik at en har moglegheit til å kun opne øvste delen av døra. Tilbygget har inngangsdør på kortsida mot tunet, her er det ei labankdør festa med smijernhengsler og fjølene i døra er festa med trenaglar.

I gavlen mot fjorden har stova to to-rams vindauga med seks ruter i kvar ramme i første etasje og eitt to-rams vindauga med seksruter i kvar ramme i loftsetasjen. På langveggen mot nord er det eitt to-rams

---

<sup>27</sup> Ohnstad meiner kring 1860, Ohnstad s. 314, 1996

vindauga med seks ruter i kvar ramme, og eit tilsvarande vindauga er oppe i loftsetasjen på gavlen mot Gjertrudstova. Det er ingen vindauga i tilbygget.

### Stabbeløa, nr. 20 i kartet figur 110



Figur 113. Stabbeløa i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune.

**Plassering:** Stabbeløa er plassert tett på fjøsen i Guttormgarden med gavlen ut mot fjorden. Den vart opphavleg brukt som hus for sau, gris, høns og hø.

**Alder:** Dagens løe er ein kopi frå 1983-84. Opphavleg løe var frå 1830-1840.

**Tidlegare istandsetjing:** Den opphavlege løa vart riven i 1983 og dagens bygning er ført opp som ein kopi av denne. Alle materiala er frå 1983-84.<sup>28</sup>

**Eksteriør:** Stabbeløa er ein rektangulær bygning som står på delvis gråsteinsmur og delvis stabbar av tre. Den står i eit skrånande terreng på to sider og har ein høg gråsteinsmur i gavlen mot fjorden. På langsida mot fjøsen i Guttormgarden er det mykje berg og delvis gråsteinsmur. I gavlsida mot tungata er det ein låg gråsteinsmur. Under langveggen mot sør er det delevis mur og delevis stabbar i tre. I opninga mellom stabbane her er det felt inn tømmer slik at ein får eit tett rom under løa. Inngangen til kjellaren er via ei umåla labankdør i gavlen mot fjorden. Over denne døra er det eit horisontalt eitt-rams vindauga med fire ruter i ramma.

<sup>28</sup> Vetti/Kvamme Plan for restaurering av Otternes



Løa er bygd i lafta tømmer med saltak tekka med torv. I gavlen mot tungata stoppar tømmerveggen eit stykke frå mønet slik at det manglar vegg i den øvste delen. Tømmeret er synleg på alle fire sidene. Løa har inngang i gavlen mot tungata, via ei umåla labankdør.

### Stall, nr. 21 i kartet figur 110



Figur 114. Stallen i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune.

**Plassering:** Stallen er den første bygningen i rekkja med fem bygningar som utgjør ein stor del av husa i Thomasgarden. Stallen ligg langs tungata med langsida ut mot fjorden.

**Alder:** 1700-talet.

**Tidlegare istandsetjing:** Stallen vart restaurert i 1983-1984, det vart då sett opp ny grunnmur og nytt tak. I svolen på sida av stallen vart meste parten av materialet skifta ut.

**Eksteriør:** Stallen er ein rektangulær bygning i 1 ½ etasje med saltak tekka med uglaserte teglpanner. I gavlen mot nord er det eit tilbygg med pulttak tekka med takpapp. Bygningen står på ein grunnmur av gråstein. Terrenget er bratt og grunnmuren er høg under langsida mot fjorden og så skrår inn med terrenget slik at det er ein svært låg grunnmur mot tungata. I langsida mot fjorden er det to store opningar i grunnmuren, den eine er kledd inn med ståande kledning medan den andre er open slik at ein har direkte tilgang til eit ope rom under stallen.

Stallen er bygd i lafta tømmer som er synleg på langsidene og i gavlen mot nord. Mot nord er det reisverk i første etasje og lafta tømmer i loftsetasje. I gavlen mot sør er den kledd med liggande umåla panel. Langsida mot fjorden er raudmåla. I stallen går to betar ut gjennom tømmerveggen og er festa med ei nål for å halde bygningen saman. Betane er plassert ein i bjelkelaget og ein oppe på kneveggen.



Tilbygget i gavlen mot nord er i reisverk som er kledd med ståande umåla panel. Stallen har to inngangsdører på langsida mot tungata, begge er umåla labankdører der ei er plassert omlag midt på langsida og den andre i reisverksdelen mot nord. Døra i reisverksdelen har panelen festa med trenaglar. Døra er ny og vart truleg laga i samband med istandsetjinga i 1983-84.

### Stabbur, nr. 22 i kartet figur 110



Figur 115. Stabburet i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland

fylkeskommune.

**Plassering:** stabburet står med gavlen ut mot fjorden, og er plassert mellom stallen og Eilertstova.

**Alder:** Tidleg 1820-1840, mogleg tidlegare.

**Tidlegare istandsetjing:** Stabburet vart restaurert i 1985. Stabburet vart sett i stand også 2020. Då vart stabburet demontert for å kunne utbetre grunnforholda, fundament og å skifte ut øydelagt material i bygningen. Halvparten av stabbane var så dårlege at dei måtte skiftast ut med nye

Under demonteringa fann ein spor som tyder på at stabburet er bygd av gjenbrukstømmer frå ei røykstove, mellom anna eit par ljosperr i gavlen mot vest. Tømmeret har tidlegare hatt eit ovalt tverrsnitt, men på eit tidspunkt har dei blitt øksla til rektangulære.

**Eksteriør:** Stabburet er ein rektangulær bygning med saltak tekka med uglaserte teglpanner. Utvendig sperr mot vest er gamle ljosperr frå ei røykstove.<sup>29</sup> Det står på trestabbar, tilsaman 12 trestabbar. I gavlen mot fjorden er det murt opp ein mur i gråstein som stabbane står på. Dette sannsynlegvis på grunn av at terrenget skrånar ganske bratt nedover mot fjorden. Stabburet er bygd i lafta tømmer og det er kledd med liggande umåla panel i gavlen mot tungata. I gavlen mot fjorden er tømmeret måla raud.

<sup>29</sup> Vetti og Kvamme Plan for restaurering

Stabburet har ei inngangsdør i gavlen mot tungata. Døra er ei umåla to-delt labankdør. Det har to vindauga, eitt i kvar gavl. Vindauga i gavlen mot fjorden er eit to-rams vindauga med seks ruter i kvar ramme. Mot tungata er det eit lite kvadratisk vindauga med ei rute som er plassert ved sida av døra. Framfor dei øvste lafteknutane i gavlen mot tungata er det montert hengebrett med eit diagonalt stilt kvadrat til avslutning.

### **Stovehus, Eilertstova, nr. 23 i kartet figur 110**



*Figur 116. Eilertstova i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland*

*fylkeskommune.*

**Plassering:** Eilertstova står mellom stabburet og kårstova i rekkja med fem hus i den søre delen av tunet. Stova har namn etter den siste eigaren som budde fast på garden.

**Alder:** Kring 1700, kanskje på 1600-talet.

**Tidlegare istandsetjing/endingar i bygningen:** Eilertstova var tidlegare ei røykstove som etter 1800 vart bygd om til ei halvlemstove. Etter 1800 fekk stova nye vindauga og større eldstad. Bygningen vart restaurert i 1993-94 med nytt tak og skorstein. I 2020 vart grunnmuren restaurert, i tillegg til at svillstokken vart reparert. Kledningen i gavlen inn mot tunet vart demontert og øydelagt material vart skifta ut før remontering. Vindauga i kammeret og vindauga i gavlen inn mot tunet vart restaurert.

**Eksteriør:** Eilertstova er ein rektangulær bygning med saltak som er plassert med gavlen ut mot fjorden. Huset står på ein gråsteinsmur som er svært høg under gavlen mot fjorden. Terrenget er bratt så grunnmuren fyl terrenget og er låg ved gavlen mot tungata. Huset har kjellar og inngangen til den er via ei umåla labankdør i gavlen mot fjorden.

Stovehuset er oppført i lafta tømmer i 1 ½ etasje med saltak tekka med uglaserte teglpanner. Pipa er i stein som er kalka kvit. Tømmeret er ovaltelja og synleg på langsida mot stabburet, gavlen mot fjorden, på langsida mot kårstova er det ståande panel fram til mellombygget som bind dei to bygga saman. Tømmeret er raudmåla. På delar av langsida mot kårstova er det lagt eit tak over mellomrommet mellom dei to byggingane for å få eit lite tilbygg. Inngangen til tilbygget er via ei umåla labankdør frå tunsida. Døra fyller omlag heile opninga mellom dei to husa. Langveggen på Eilertstova frå tilbygget til hjørnet med tungata er kledd med ståande umåla kledning. Største delen av gavlsida mot tungata har ståande kledning, men eit parti over inngangsdøra har synleg tømmer. Inngangsdøra er ei todelt dør av same type som på Linastova. Framfor inngangsdøra ligg det ei stor steinhelle.

I gavlen mot fjorden har Eilertstova to tre-rams vindauga med tre ruter i kvar ramme i første etasje, i loftsetasjen er det eitt to-rams vindauga med to ruter i kvar ramme. På langsida mot stabburet er det eitt to-rams vindauga med seks ruter i kvar ramme og øvst i gavlen mot tungata er det eit lite eitt-rams vindauga med fire ruter i ramma.

#### **Kårstove, nr. 24 i kartet figur 110**



*Figur 117. Kårstova i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland*

*fylkeskommune.*

**Plassering:** Kårstova står mellom Eilertstova og løa i rekkja med fem hus i den søre delen av tunet.

**Alder:** Kring 1820-1840. Stova er nemnd i ein branntaktst frå 1846 som ein ny stovebygning med frem rom, to vindauga i stova og kakkelomn. Huset var då torvtekt og delvis bordkledd. Ohnstad er usikker på kor mykje ein skal legge i ordet nytt, men menar at stova då knapt kan vere eldre enn frå 1820- talet.



Bygningen vart i 1846 verdsett til 150 dalar.<sup>30</sup> Vidare nemner Ohnstad at den noverande gangen i 1846 var kjøken med skorstein og kanskje gruve. Trappa opp til lemnen var laus, fast trapp kom seinare.<sup>31</sup>

**Tidlegare istandsetjing:** Kårstova vart restaurert i 1993-94. I den samanheng vart det lagt på nytt tak. Huset fekk ny kledning på langsida mot løa og i gavlen mot tunet i 2020. I tillegg vart dei to vindauga i gavlen mot tunet restaurert.

**Eksteriør:** Kårstova er ein rektangulær bygning som står med gavlen ut mot fjorden. Huset står på ein grunnmur av gråstein som har vore kalka. Då det står i eit bratt terreng er grunnmuren høg under gavlen mot fjorden og svært låg under gavlen ved tungata. Under huset er det ein kjellar og inngangen til den er gjennom ei umåla labankdør.

Huset er ført opp i ovaltelja tømmer med saltak tekka med uglaserte teglpanner og det har ei tynn rund stålpipeline/luftepipeline. Huset er kledd med liggande umåla kledning på langsida mot løa og i gavlen mot tungata. Dei andre to veggane har synleg tømmer som er raudmåla. På langsida mot Eilertstova er dei to bygningane bygd saman med eit tilbygg med tilnærma flatt byljeblekk tak. Dette tilbygget rekk omlag 2/3 opp på langveggen til kårstova. Langveggen over tilbygget har synleg tømmer. I gavlen mot fjorden er det montert hengebrett med sirkelavslutning framfor nova til den øvste tømmerstokken. I gavlen mot tungata er det montert tilsvarande men desse har ein diagonalt stilt firkant som avslutning.

I gavlveggen mot fjorden er det to to-rams vindauga med seks ruter i kvar ramme i første etasje. I gavlen er det eitt to-rams vindauga med eitt glas i kvar ramme. Tidlegare har det vore montert lemmer som kunne heisast opp framfor vindauga i gavlen. I dag er lemnen framfor vindauga i gavlen bevart på opphavleg plass medan lemmane for vindauga i første etasje manglar. Fjølene på veggen nedanfor vindauga som lemmane låg utanpå og festeanordninga over vindauga er bevart. Inngangsdøra til kårstova er i gavlen mot tungata, den er ei umåla to-delt labankdør. I denne gavlen er det eitt eitt-rams vindauga med seks ruter i ramma i første etasje og eit eitt-rams vindauga med fire ruter i ramma i loftsetasjen.

---

<sup>30</sup> Ohnstad s. 314, 1996

<sup>31</sup> Ohnstad s. 315, 1996

### Thomasløa, løe/driftsbygning, nr. 25 i kartet figur 110



Figur 118. Thomasløa i 2021. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune.

**Plassering:** Løa er den siste bygningen i rekkja på fem sør i tunet og står nær Kårstova. Framfor bygningen er det ein stor bø og i gavlsida er Hagen med dei gamle frukttræa. På baksida av løa er det ein hage/bø med fruktrær. Løa er ein kombinasjonsbygning med fjøs i delen nærast kårstova og så løe med to brot på delen nærast Hagen.

**Alder:** Kring 1700 som fjøs. Påbygd seinare og etter kvart som meir av jordarealet vart oppdyrka.

**Tidlegare istandsetjing/bygningsendringar:** Løa var opphavleg bygd som fjøs, men har blitt påbygd etterkvart som meir areal vart dyrka opp og ein hadde behov for meir plass. Den vart restaurert i 1990 då det vart lagt på byljeblekktak og takåsane vart bytte. Tidlegare hadde bygningen pannestein. Det vart og bygd ny utedoen samstundes. Den nye utedoen har om lag same plassering og storleik som vi ser på Johan Lindstrøm sin situasjonsplan frå 1927.

Vetti/Kvamme har fyljande omtale av bygningshistorikken til løa: «Antatt byggeår ca. 1860. Grunnmurens utforming er tidstypisk for denne perioden. Mye av tømmeret i veggene er gjenbrukstømmer. Dette harmonerer med opplysinger om at deler av bygningen er eldre og har fått nye påbygninger etter behov. Sannsynligvis har tidligere bygning(er) blitt demontert i forbindelse med oppføring av nåværende grunnmur, som inneholder fire rudndboger i langevegg mot vest og en (gjenmurt) i søndre gavlvegg. Tømmeret har blitt brukt om igjen ved oppføring av eksisterende konstruksjon.

Oppe består låna av to laftekasser som er bygget sammen. I nord inneholder den kyrafjøs og et midtrom. Dette ble utbygget med låvebro mot øst og oppløft-ark mot vest ca. 1948. Kjelleretasjen inneholder møkkakjeller samt sau- og geitefjøs. Låna var i sin tid blant de største i Aurland kommune.»

**Eksteriør:** Bygningen står med langsida ut mot fjorden mot vest og er ein lang bygning som står på ein stor gråsteinsmur. Grunnmuren har opphavleg vore kalka kvit. Grunnmuren er høg under langveggen mot fjorden og skrår med terrenget slik at den er låg under langveggen mot tungata. I grunnmuren mot fjorden er det fire breie dørøpningar med rundbogeforma avslutning. I desse er det doble labankdører. I gavlen mot sør er det ein rundbogeforma opning som er mura att.

Bygningen er ført opp i tømmer og består av fleire laftekasser med eit saltak som er delvis tekka med bøljeblekk og delvis med uglaserte teglpanner. På langsida mot tungata er det ein ark med pulttak der det tidlegare var ei låvebru som førte inn til den øvre del av låven. På langveggen er det også eit tilbygg med pulttak tekka med teglpanner ved fjøsdelen mot Kårstova. Tilbygget romma utedoen. Gavlen mot Kårstova og den nordre delen av langveggen mot tungata er kledd med ståande raudmåla panel. Resten av langveggen mot tungata og heile langveggen mot fjorden har synleg tømmer. Gavlveggen mot Hagen har liggande umåla panel. Sidene i arka har ståande panel. Tilbygget med utedo er i reisverk og er kledd med ståande panel.

I gavlsida mot kårstova er det to dørøpningar, ein i første etasje med inngang til fjøset og ein i loftsetasjen. I begge er det labankdører. På bakken framfor inngangsdøra til fjøset er det lagt store steinheller. I tilbygget med utedoen er det ei labankdør i kortveggen mot kårstova. På langveggen mot tungata er det ei dobbel labankdør under arka inn til låven i første etasje og ei dobbel labankdør i arka. Låvebrua som var her er vekke. På denne veggen er det og eit tre-rams vindauga med tre ruter i kvar ramme inn til fjøsdelen. I gavlen mot Hagen er det ingen vindauga eller dører. På langveggen mot fjorden er det ein firkanta opning i veggen på låven. I fjøsdelen er fire eitt-rams vindauga med tre ruter i kvar ramme lagt etter kvarandre.



### Eldhus, nr. 26 i kartet figur 110



Figur 119. Eldhuset. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune, 2022.

**Plassering:** Eldhuset ligg på oversida av tungata bak Eilertstova og tett på frukttrøa i hagen bak Thomasløa. Plommetre veks tett på eldhuset.

**Alder:** 1940-talet


**Tidlegare istandsetjing:** Eldhuset i Thomasmogarden var tidlegare ein lafta bygning som etter ein brann på midten av 1900-talet vart erstatta av noverande bygning. Foto figur 142 viser det tidlegare eldhuset.

**Eksteriør:** Eldhuset er ein nærast kvadratisk bygning med saltak tekka med bøljeblekk som står med gavlen ut mot fjorden. Eldhuset står på ein grunnmur av gråstein. Huset har ein reisverkkonstruksjon og er kledd med ståande umåla kledning. Inngangen til eldhuset er i gavlen mot tungata der det er sett inn ei enkel labankdør med smijernshengsler. På langveggen mot sør er det eit to-rams vindauga med to ruter i kvar ramme. Vindauga er svært øydelagt.

## 4.7 Oppsummering bygningane i tunet i dag

Bygningsmassen som heilskap i tunet er særst godt bevart og mange av bygningane har ein høg grad av autentisitet. Oddastova har blitt forlenga for å få på plass eit produksjonskjøkken. Dette har blitt gjort på ein skånsam måte og bryt ikkje med tunet sin struktur og bygningane sin skala. Svært mange av dei gamle bygningane i tunet har ei høg grad av autentisitet og det er gjort få endringar i dei. Men nokon av

bygningane har blitt erstatta med kopiar i samband med istandsetjinga som vart gjort i tunet i tida 1983-1996. I nokon av dei bygningane som vart sett opp som kopiar vart noko av det opphavlege materialet nytta men ikkje nok til at ein kan seie at bygningen vart bevart. Sjå figur 130 med oversikt over kva bygningar i tunet som er heilt eller delvis kopiar.




Figur 120. Kart over tunet der bygningen som er oppført som kopi er merka med raudt. Bygningane merka med blått har hatt ei høg utskiftingsgrad av material. Spesielt fjøsen og eldhuset i Guttormgarden har ein skifta ut mykje material og desse to bygga framstår i stor grad som kopiar.

## 4.8 Hagane

Inne i tunet var det fleire frukt og bærhagar, mykje av desse er framleis bevart. Nokon av dei gamle trea er vekke, men framleis er det att strukturar i tunet som viser oppbygginga av hagane, fleire gamle trær og busker. Når ein samanliknar tunet i dag med eldre foto av tunet ser vi at ein del av trea som står her i dag sannsynlegvis også var her på 1920-talet.





Figur 121. Kartskissa viser plasseringa av

dei eldre hagane i tunet på Otternes og åkeren på nedsida av Thomasløa. Den blå sirkelen markerer plasseringa av hagen ved Oddastova. Denne hagen er det ikkje att spor etter sidan Oddastova vart forlenga inn i denne hagen.

Strukturen på hagane fyl i stor grad strukturen på tunet og dei er tilpassa bygningane og drifta av garden. Det er i dag bevart fleire ulike hagar i tunet og i tilknytning til tunet der det i tillegg til oppbygd struktur i form av murar og gjerder også er bevart eldre frukttrær, sjå figur 121 for plassering av hagane. Vi finn her ein ved Nystova/kårstova i Guttormgarden, ein på nedsida mellom stabbeløa og stallen i Thomaskgarden, ein på oppsida av Thomasløa og ein på sida av Thomasløa. Den siste vert i stadnamnregisteret omtala som Hagen. Hagane har ulik karakter og storleik der den ved nystova i Guttormgarden er forholdsvis liten og trea står forholdsvis tett. Også hagen på nedsida mellom stabbeløa og stallen i Thomaskgarden er forholdsvis liten men her er det bevart færre trær. I tillegg til frukttræa er det her bevart nokon bærbusker. Hagane på oppsida og sør for Thomasløa var større og opnare. Desse to hagane ligg i utkanten av tunet der innmarka begynner og er vesentleg større enn dei hagane som ligg inne mellom husa. I tillegg til frukttræa ber desse hagane preg av å ha vore brukt til beite og slåttemark. Eldre foto viser også at det har vore ein hage ved Håkonstova i Andersgarden. I dag er det ikkje att nokon planter her, med unntak av eit stort bjørketre. Ei oppmålingsteikning av tunet frå 1927 av Johan Lindstrøm, figur 66, viser også at det tidlegare var ein hage med trær ved sørgavlen til Oddastova. Denne forsvann i samband med at Oddastova vart forlenga for å få plass til eit tilbygg i forlenginga av huset.

I tunet finn vi i dag att 6 områder som tidlegare har vore nytta som dyrkingshagar med frukttrær og bærbusker. I tillegg til eit område tett på bygningane i tunet som tidlegare var åker. Figuren ovanfor viser plasseringa av dei ulike hagane i tunet. Nr. 1 i figuren viser den tidlegare hagen ved Håkonstova i Andersgarden. Her er det i dag ikkje bevart andre planter enn ei stor bjørk. Nr. 2 i figuren ovanfor viser



hagen ved Nystova i Guttormgarden, dette er ein av dei best bevarte hagane i tunet. Her er den oppmura avgrensinga av hagen bevart i tillegg til mange eldre frukttre. Nr. 3 i figuren ovanfor viser plasseringa av hagen på nedsida av stabeløa og stallen i Thomasgarden. Nr. 4 viser hagen aust for Thomasløa. Nr. 5 er hagen sør-vest for Thomasløa. Nr. 6 viser plasseringa til den inngjerda søtapalen som tidlegare stod framfor Linastova i Thomasgarden. Det kan ha vore fleire hagar i tunet, men dette er dei som er mogleg å lokalisere ut i frå eldre bilete og frå det som er bevart i tunet i dag. På Johan Lindstrøm sin oppmålingsteikning frå 1927 vises det også ein liten avgrensa hage i sørgavlen på Oddastova. Denne har gått tapt i samband med at Oddastova vart forlenga for å få plass til eit moderne produksjonskjøkken og toalett til drifta av tunet. Plasseringa av denne er i figur 35 merka med ein blå sirkel.

I tillegg til dei inngjerda og tydeleg avgrensa hagane var og er det også ei rekkje trær som veks på ulike plassar i tunet. Ved den gamle vegen opp til tunet er den gamle stua almen framleis bevart. Dette er eit tre som vi finn att på bilete frå 1920-talet. Det var stort allereie på den tid og har sannsynlegvis ein høg alder. Det er og plassert ein alm i hjørnet mellom stabburet og eldhuset i Oddagarden, men denne er noko nyare. I tillegg er det frukttrær og syrin plassert tett på austre langvegg ved Thomasløa.

Alm var eit av dei viktigaste trea, då det var med å berga både folk og dyr når våren var sein. I fylje Anders Ohnstad likte dei på Otternes å ha almastuar ståande langs vegar og inn mellom røyser.<sup>32</sup> I dag finn vi att fleire almar i tunet, mellom anna den store gamle almestuen som står tett på den gamle vegen opp til garden.

I omtalen av hagane i dag er kvar presentert med kun eitt eller to foto. Sjå dokumentasjonsvedlegg 1B for fleire foto av hagane. Storleiken på hagane er basert på måling i kart, og må sjåast på som retningsgjevande. Det er behov for at dette vert målt opp i felt seinare.

---

<sup>32</sup> Ohnstad, 1996 s. 298-299

### Hagen ved Håkonstova, nr 1 på kart figur 121

På austsida av Håkonstova var det tidlegare ein hage som var avgrensa av Håkonstova, Vetlastova, fjellhammaren og hagen ved Nystova i Guttormgarden. Mot nord hadde hagen utsikt utover fjorden. Hagen var på omlag 190 m<sup>2</sup>, men sidan det er lite att av vegetasjon i den så er det vanskeleg å avgrense den eksakt. Den store bjørka som står her i dag vises også på foto frå 1926 på foto frå 1970-talet. I dag er det ikkje att noko av dei andre plantene i denne hagen, og den framstår som ei grøn flate. I tillegg til at det ligg ein del stein her etter istandsetjinga av Håkonstova.



Figur 122. Hagen ved Håkonstova med bevart bjørketre. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.

### Hagen ved Nystova/kårstova i Guttormgarden, nr. 2 på kart figur 121

Hagen ved Nystova i Guttormgarden er plassert mellom Nystova i sør og Vetlastova i Andersgarden i nord, og med tunvegen mot Oddastova i mot vest. Den er klart avgrensa og har eit areal på ca. 250 m<sup>2</sup>. Delar av hagen er oppbygd med ein mur i naturstein for å få ein flatare hage. Muren er høgast mot vest og nord der terrenget hallar nedover. Det er i dag eit gjerde i tre på den sørlege sida opp mot Nystova. Inngangen til hagen er i sør heilt oppe mot langveggen til Nystova der det er ein opning i gjerdet.

Inne i hagen er det frukttræa som er det mest karakteristiske elementet. Det er 11 ulike frukttrær der i dag samt ein stor syrin. Frukttræa fordeler seg på åtte kirsebærtre og tre epletrær. To av epletrea og nokon av kirsebærtrea kan ha ein høg alder. Eitt av epletrea veks inn i syringen og det kan vere eit som har planta seg sjølv og ikkje blitt flytta etter at det vaks til.

I tillegg til træa er det her spor etter blomsterbed langs veggen på Nystova. Det største går frå kjellardøra rundt hushjørna, langs heile gavlveggen og eit stykke langs øvste delen av austsida på hagen. Det andre går i frå kjellardøra og fram til sørvestre hjørnet på langsida av huset. Begge beda er avgrensa med lappskifer. Det minste bedet har i dag noko blommar, mellom anna ei akeleie. Alderen på blomane er usikker og dei kan vere nyare. I det andre bedet er det i dag ikkje nokon blommar, her veks det i hovudsak



brennesle. Unntaket er i hjørna mot aust der det står ei løpstikke, alderen på denne er usikker. Den kan vere planta i seinare tid.



Figur 123. Hagen ved Nystova i Guttormgarden med mur i naturstein og frukttrær. foto A. Bidne/VLFK 2021.

### **Hagen på nedsida av stallen og stabeløa i Thomasgarden, nr. 3 på kart figur 121**

Denne hagen er noko mindre enn hagen ved Nystova i Guttormgarden og har ei utstrekning på omlag 110 m<sup>2</sup>. Hagen er i dag ikkje like tydeleg avgrensa som den ved Nystova i Guttormgarden, det er til dømes ikkje noko avgrensing mot tungata, når ein følgjer den langs oppsida av stabeløa er det i dag ein opning i tunstrukturen mellom stabeløa og stallen. Ved stallen står det i dag eit plommetre på hjørnet opp mot tungata. Så er det eit ope mellomrom før det kjem meir vegetasjon på nedsida mellom desse to bygningane. Det er her bevart ei stikkelsbærbusk og ei ripsbusk samt to epletre. I tillegg står det ei selje her som ber preg av å ha vore stua. På nedsida av hagen er det nokon murar i naturstein som har vore ein del av oppbygginga av hagen. Tidlegare var hagen inngjerda med eit nettinggjerde, men det er vekke i dag. Nord for denne hagen vart det i 2021 etablert ein kjøkkenhage med ei rekkje ulike vekstar.





Figur 124. Hagen på nedsida av stallen og stabeløa i Thomasgarden. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.

#### **Hagen sørvest for Thomasløa, nr. 4 på kart figur 121**

Dette er den største av dei bevarte hagane og dekker eit areal på ca. 1700 m<sup>2</sup> og det står i dag att ca. 18 frukttrær her. I stadnamn registeret og i Erling Vikesland si skisse over innmarka, figur 145, vert dette arealet omtala som «Hagen». Her vart det tidleg planta frukttrær og ein del av trea her kan ha ein høg alder. Hagen har ein forholdsvis open struktur med god plass mellom frukttræa og er eit godt døme på korleis ein dyrka i fleire høgder på same areal. Med at ein i tillegg til frukttræa også brukte arealet til beite- og slåttemark.

I hagen er det i hovudsak eple- og pæretrær, men det er og nokon få mindre kirsebærtrær i utkanten. Hagen er inngjerda på fleire sider og mot nord og sør veks det ripsbusker og nypebusker i skråninga på utsida av gjerdet. Sjølve hagen er forholdsvis flat med ein liten høgde mot sør. Mot vest vert den avgrensa av at terrenget går bratt nedover. Mot aust er det ein mur med eit gjerde som skil denne hagen frå hagen på austsida av Thomasløa. Enkelte av dei eldre frukttræa i hagen er store og har med åra fått ei nærast skulpturell form. Dette er med på å gje hagen eit vakkert estetisk uttrykk.



*Figur 125. Hagen med dei gamle frukttrea. Fleire av dei store gamle trea har fått ei nærast skulpturell form som tilfører hagen ein ekstra estetisk dimensjon. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.*

### **Hagen på oppsida av Thomasløa, nr. 5 på kart figur 121**

Hagen på oppsida av Thomasløa har eit areal på ca. 1300 m<sup>2</sup> og består i dag i hovudsak av slåtte-/beitemark med frukttrær plassert på innsida av gjerdet langs grensa av hagen. Tidlegare kan det ha vore fleire trær inne i hagen, men i dag er det kun eitt epletre att som står inne i hagen. Dei fleste frukttrea er i dag i den nordre delen av hagen, men også i den søre grensa av hagen står det fleire frukttrær. Mange av trea er prega av at dei er lite stelt og at det er lenge sidan dei har blitt beskorne.

I nord veks det fleire plommetrær, der også eitt er plassert utanfor hagen tett på eldhuset til Thomasgarden. I tillegg til plomme er det også her nokon epletrær. Langs austsida av hagen finn vi to kiresbærtre samt ein alm. Eit pæretre er plassert på vestsida av hagen i nærleiken av Thomasløa. Lengst mot sør er det fleire trær. Her er det mellom anna eit plommetre og eit epletre. Litt inn i den søre delen av hagen står det eit Rognebærtre. Trea lengst mot nord står tett saman og det kan vere at nokon av dei er tre som har frøa seg sjølv og har vokse opp mellom dei frukttrea som er planta.





Figur 126.

Hagen på oppsida av Thomasløa. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.

### **Søtapalen ved Linastova i Thomasgarden, nr. 7 på kart figur 121**

I gavln ved Linastova var det lenge eit epletre som var planta tett inn til huset. Her var det ein låg mur som murte opp ein liten hage til dette treet. Treet var i tillegg inngjerda med eit gjerde av tre og netting som beskytta det mot husdyra. I dag er treet vekke men steinmuren står her framleis og viser avgrensinga til hagen. På det oppmurte området veks det i dag gras.



Figur 127. Linastova

med den oppmura vesle hagen framfor gavlen der Søtapalen tidlegare stod. Foto Arlen Bidne/VLFK, 2021.



## 4.9 Innmarka

Garden er svært brattlendt, då særleg i utmarkene ovanfor og nedanfor tunet. Der både fureskogen og lauvskogen stod i eit svært bratt terreng. Innmarka var oppdelt i haugar, hamrar og teigar. Grunnen til den seine utskiftinga kan ha vore at det var vanskeleg å samle innmarka på kvart bruk i eitt, eller å få til store einingar på grunn av ulik jordverdi og skiftande lende. I tillegg var det vanskeleg å finne nye tunplassar. Den flataste delen av innmarka finn vi på nedsida av Thomasløa der det er ein stor relativ flat teig som i dag vert brukt til slått/beite. Tidlegare var det åkrar her, og foto frå 1926 viser at det mellom anna vart dyrka korn her. På nedsida av teigen er det ein mur som bygger den opp og er med på å gjere den noko flatare enn området nedanfor. Teigen er i dag gjerda inn med eit nettinggjerde.

Ei oversikt frå 1869 over kva ein dyrka på Otternes gjev eit godt bilete av innmarka. Innmarka utgjorde då 283,5 mål der det vart dyrka poteter på 4,8%, korn på 30,9% og 64,4% var natureng.<sup>33</sup> I tillegg til innmarka var utmarka svært viktig for livberginga. Sjølv om nesten 2/3 delar av innmarka vart nytta til grasproduksjon gav dette berre halvparten av det foret ein hadde behov for. Resten av fôret måtte ein hente i utmarka. På Otternes gav lauvving ein stor del av foret, opp mot 20%.<sup>34</sup> Otternes hadde slåtteteigar langt unna garden, mellom anna i Morki der dei måtte ut i båt for å hente fôret. I tillegg slo dei også på heimestølen, høyet vart her lagra i utløene og vart så henta heim att til garden på vinteren.

Haugane over tunet vart også brukt som slåttemark. Her har ein bygd opp mange små murar som grunnlag for ein avsats som gjev ein liten voll med god slette. Det finnes fleire slike små og store vollar som har vore hausta og slege lenge. Til dømes var Gjertrud (1888-1971) så opptatt av at henna voll skulle slåast at ho leigde folk til å slå den når ho ikkje lenge klarte å gjera det sjølv.<sup>35</sup> Teigane var også blanda i utmarka, i 1826 vart det gjennomført skogsskifte som gav greie, rette grenser på ein del av arealet. Men nokon stader var eigedomstilhøva framleis nokså innfløkte, til dømes kunne det enkelte stader vere slik at eit bruk hadde rett til slåtten medan eit anna hadde rett til å bruke trea. Først med skogsskiftet i 1994, vart denne bruksdelinga tatt vekk.<sup>36</sup>

Då ein i 1918 bygde bilveg mellom Aurland og Flåm vart den lagt nede med fjorden. Ei fylje av dette vart at marka til Otternes vart påverka av denne vegen. Seinare har vegen blitt utvida til dagens E 16 noko som har ført til store endringar i strandsona og dei nedste delane av bøane til Otternes.

Ingvar Vikesland er ein av dei få som i dag opplevde og hugsar den gamle driftsmåten på Otternes. I brev av 12. januar 2023 med innspel til høyringa av forslag om freding gav han fyljande omtale vedrørande drifta av garden: «Eg er ein av få i dag som opplevde og hugsar gamal driftsmåte på Otternes. På 1950-talet stod eg side ved side med folk her, fødde godt ned på 1800-talet, og skar korn med stutturv og sette på staur. Slåtte marka vart onna med langorv og stutturv. Første sjølveigde motorslåmaskin på OTternes vart kjøpt inn til Tomasgarden i 1960. Første 4-hjulstraktoren kjøpte eg inn i 1980. I mellomtida kom det fleire motorslåmaskiner og 2-hjulstraktorar til gards.»

For foto av innmarka i dag sjå Dokumentasjonsvedlegg 1B.

---

<sup>33</sup> Ohnstad, 1996 s. 296

<sup>34</sup> Ohnstad, 1996 s. 296

<sup>35</sup> Ohnstad 1996 s. 318

<sup>36</sup> Ohnstad 1996 s. 320


## Stadnamn i innmarka

I stadnamnregisteret finn vi ei rekkje stadnamn knytt til innmarka på Otternes. Fleire av desse viser til bruken av området og i merknadane til stadnamna er det fleire opplysingar til kva desse område vart brukt til. Kartet i figur 7 og tabellen på side 5 viser dette.<sup>37</sup>

# 5. Bygningshistorikk Otternes

## 5.1 Anlegget på 1920-talet

### Situasjonsplanar




Figur 128. Oppmålingsteikning av tunet med hagar i 1927 av Johan Lindstrøm, Riksantikvaren.

Johan Lindstrøms situasjonsplan for Otternes samt A. Bugge sine bilete gjev oss mykje informasjon om korleis tunet var på 1920-talet. Situasjonsplanen fortel kva typar bygningar som stod i tunet og deira plassering. I tillegg til at den også viser ein del vegar, hagar og enkelttre som var viktige for tunet. Når vi samanliknar situasjonsplanen frå 1927 med dagens situasjon ser vi også tydeleg kva bygningar som har gått tapt i løpet av denne tida. I tillegg kan vi sjå kva bygningar som har kome til i løpet av perioden 1926-1974.

<sup>37</sup> Kartet, stadnamna og merknadane er henta frå opplysingar om stadnamn i [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)

Ei utfordring med situasjonsplanen er at den seier ikkje noko om kva bygningar som har høyrte til kva bruk. For dei bygningane som i dag er vekke veit vi ikkje sikkert kva bruk dei høyrde til. Vi kan trekkje slutningar om enkeltbygningar ut i frå kva bygningstype som manglar i til dei enkelte bruka i tunet i dag, men det kan vere vanskeleg å sei noko sikkert om dette.




Figur 129. Oversikt over bygningstypar i tunet i 1927. Teikningsgrunnlag er Johan Lindstrøm sin situasjonsplan frå 1927.

Nr.	Bygningstype	Merknad
1	Stove	Hovudhusa i bruka, av Lindstrøm omtala som daglegstove.
2	Kårhus	Kårhusa til bruka, av Lindstrøm omtala som Nystova. Dette kan indikere at desse stovebygningane er nyare enn dei som var hovudhuset på det enkelte bruket.
3	Driftsbygning	Av Lindstrøm omtala som lån. Fleirbruksbygningar med fjøs til ulike dyr og lager til høy og korn.
4	Stabbur	
5	Stall	
6	Fjøs	
7	Løe	I dag er dei frittstående små løene i tunet vekke. Det er kun stabbaløa att som viser storleik på ei av dei mindre løene som tidlegare stod i tunet. Denne er ein kopi av den opphavlege bygningen.



8	Eldhus	
9	Turk	Er i dag ein ruin som det er lite att av.
10	Utedo	Dei to utedoane som er merka av på planteikninga er begge bygd som tilbygg til ein annan bygning.




Figur 130. Johan Lindstrøm sin situasjonsplan over tunet der endringane er markert. Raudt markerer bygningar som er vekke. Grøn markerer bygning der det er usikkert om den står der eller har blitt erstatta av ein annan før midten på 1900-talet.

### Bygningane i tunet

Foto frå tunet frå 1920-talet og Johan Lindstrøm sin situasjonsplan for 1927 viser at svært mykje av bygningsmassen i tunet framleis er bevart. Det har blitt gjort nokon endringar i bygningsmassen, ved at enkelte hus som stod her på 1920-talet har blitt rive og det har kome nokon nye hus til. Dei største endringane er i klynga av hus mot nord i tunet. Samanliknar vi Lindstrøm sin situasjonsplan frå 1927 med dagens situasjon ser vi at fyljande bygningar er vekke:

- Løe som stod mellom stalle og driftsbygningen i Andersgarden.
- Fjøs som stod sør for løa nemnd ovanfor.
- Løe som stod mellom fjøset nemnd ovanfor og eldhuset i Guttormgarden.
- Stabbur som stod framfor langveggen til Håkonstova.
- Turken som stod plassert i innmarka like utanfor tunet.
- Utedo som tilbygg til eldhuset i Guttormgarden. Mogleg at eldhuset også rive og erstatta med dagens eldhus i Guttormgarden, men dette er usikkert.

I tillegg er det noko usikkert om eldhuset i Guttormgarden er det som står der i dag eller om også dette er fjerna og erstatta med eit nyare eldhus. Dagens eldhus er plassert omlag på same plass som på situasjonsplanen frå 1927, men det har ikkje noko tilbygg med utedo. Bilete frå 1990-talet s. 162 figur 269, viser eldhuset med utedo, noko som kan tyde på at det er det same eldhuset som står der i dag.



*Figur 131. Utsnitt av foto frå 1926 som viser tre av dei bygningane som i dag er vekke. Foto A. Bugge, Riksantikvaren.*

Foto av A. Bugge tatt i 1926 viser tre av bygningane som i dag er vekke, figur 131. Dei tre bygningane er løa mellom stallen og driftsbygningen i Andersgarden, fjøset bak stallen i Andersgarden og stabburet ved langveggen til Håkonstova.

Løa som stod mellom stallen og driftsbygningen i Andersgarden ser ut til å ha vore ein rektangulær lafta bygning med saltak. Møneretninga har vore nord/sør slik at gavlen vises mellom stallen og driftsbygningen. I 1926 hadde denne bygningen byljeblekk tak slik vi ser at fleire av bygningane i Andersgarden hadde.

Også fjøset var ein rektangulær bygning med saltak men den hadde møneretninga aust/vest. Bygningen var i lafta tømmer. Bygningen var ikkje kledd så tømmeret var eksponert på den delen av bygningen som vises på biletet. Taket kan vere tekka med fjøler, mogleg at delar av det har hatt byljeblekkplater men det er vanskeleg å sjå på biletet.

Stabburet som er vekke stod med gavlen tett inn til langveggen til Håkonstova. Også dette var ein rektangulær bygning oppført i lafta tømmer med saltak. Der tømmeret er eksponert. På Biletet er det vanskeleg å sjå kva type takteking det hadde, men det kan vere teglpanner. Stabburet hadde sannsynlegvis tre stabbar under kvar langvegg, usikkert om det er tre eller to stabbar i gavlen. Sannsynlegvis tilhørde stabburet Oddagarden. Dette ut i frå at det også stod nært Oddastova og at det bevarte stabburet i Oddagarden sannsynlegvis vart bygd på midten av 1900-talet. Dei andre tre bruka i tunet har stabbur med høg alder. Stabburet til Oddagarden som vart ført opp i 1947 kan ha vore til erstatning for det stabburet som i dag manglar i tunet. Turken og eldhuset i Oddagarden med tilbygg utedo manglar vi bilete av frå 1920-talet.

Det er usikkert når desse bygningane vart rivne, men foto frå 1970-talet viser at dei er vekke, noko som tilseier at dei forsvann ein gong mellom 1926 og 1970.

Når vi samanliknar tunet i dag med tunet slik det var på 1920-talet ser vi at den nordlege delen på den tida bestod av fleire hus og som ei fylje av dette var denne delen av tunet tettare enn i dag. Av dei fire husa som har blitt rivne er det kun to som har blitt erstatta med nye bygningar og dei nye bygningane har blitt plassert på nye plassar. Tunet framfor Håkonstova har endra seg ein del ved at det forholdsvis store stabburet som stod tett på langveggen med inngangsdøra vart rive slik at arealet her vart opnare.



*Figur 132. Stabburet i Andersgarden 1926. I bakgrunnen er del av gavlen til fjøset som tidlegare stod her. Utsnitt av foto av A. Bugge, Riksantikvaren.*

### Endringar i bygningsmassen

Når vi samanliknar foto frå 1920-talet med bygningane i dag ser vi at det er mange av dei som framstår i dag slik dei også var på 1920-talet. Med unntak av dei husa som er vekk er det i hovudsak kun mindre endringar på bygningane. Håkonstova i Andersgarden hadde på 1920-talet eksponert tømmer i gavlveggen mot fjorden og det var då lemmer som kunne heisast opp framfor glasa i første etasje. Grunnmuren i gavlveggen var kvitkalka. Det ser ut som at det har vore ein inngjerda hage på langsida av Håkonstova mot eldhuset. Vi ser her at det er eitt eller fleire mindre tre i framkant av tilbygget og at det er eit lite bjørketre omlag der det store bjørketreet står i dag.





Figur 133. Håkonstova i 1926, vi ser her trær planta tett på gavlen og ei av hesjene som var plassert inne i tunet. Utsnitt frå foto av A. Bugge, Riksantikvaren.

Driftsbygningen i Andersgarden er i stor grad slik den er i dag. Den har eitt tilbygg på langsida inn mot tunet, mogleg det er trekt litt tilbake for hjørna med gavlen. Det ser og ut som at gavlen mot aust har eksponert tømmer. Vidare kan det sjå ut som at driftsbygningen har torvtak.



Figur 134. Driftsbygningen i Andersgarden i 1926, bak til venstre er gavlen til løa som har blitt riven. Utsnitt frå foto av A. Bugge, Riksantikvaren.

I 1926 var eldhuset i Guttormgarden framleis i bruk. A. Bugge sine bilder viser eit eldhus som i stor grad er likt den kopien som står der i dag, figur 135. Eldhuset var bygd opp av ganske kraftige tømmerstokkar, taket var på denne tida tekka med byljeblekkplater. Ei stor gråsteinspipe kjem opp på langsida mot fjorden noko som understøttar Vetti/Kvamme sin kommentar om at det har vore ein peis her. Ut i frå storleiken på skorsteinen ser det ut som om det har vore ei ganske stor grue inne i eldhuset.

Bak eldhuset ser vi på figur 135 gavlen på fjøsen i Guttormgarden. Den er i dag erstatta med ein kopi, der nokon av laftestokkane er brukt om att. Den er i hovudsak lik fjøsens lik den står i dag, unntaket er at den på 1920-talet hadde ståande kledning på delar av gavlen. Også dørbladet skil seg noko frå døra som var her på 1920-talet ved at det då var ein synleg skråstivar mellom labankane på yttersida av døra.



*Figur 135. Eldhuset og fjøset i Guttormgarden i 1926. Utsnitt av foto av A. Bugge, Riksantikvaren.*

Linastova i Thomassgarden framstår også i hovudsak slik den står i dag. Unntaket her er grunnmuren som på 1920-talet ser ut til å ha vore delevis kvitkalka. Ut i frå biletet til A. Bugge, figur 136, ser det ut som om at hjørna på grunnmuren har hatt synleg gråstein medan midtpartiet med inngangsdøra til kjellaren var pussa/kalka kvitt. På tilbygget langs langveggen på Linastova var det på denne tida eit ekstra tilbygg ved inngangsdøra, figur 137. Dette tilbygget har kome til ved at taket har blitt forlenga over noko som sannsynlegvis var ein reisverkskonstruksjon kledd med ståande kledning. Golvet på dette tilbygget låg på eit vesentleg lågare nivå enn tilbygget nærast stova. Ut i frå form og storleik på tilbygget har det truleg vore ein utedo. På planskissa til SEFRAK-registreringa er dette tilbygget merka med do.





*Figur 136. Linastova med den inngjerda søt-apalen. Utsnitt av foto av A. Bugge 1926, Riksantikvaren.*

Bilete av A. Bugge, figur 137, frå 1926 viser at stabbeløa er i hovudsak slik den er i dag, med unntak at den då hadde ståande kledning på langveggen mot stallen i Thomasgarden. Vi ser her også noko av inngjerdinga av hagen mellom stabbeløa og stallen i Thomasgarden. På det same biletet ser vi også at Gjertrudstova hadde torvtak.




*Figur 137. Til venstre Linastova der vi ser at tilbygget på langveggen har fått ei forlenging . Til høgre i biletet ser vi langveggen til stabbeløa som på denne tida var kledd med ståande panel og hadde saltak. Utsnitt av foto av A. Bugge, 1926, Riksantikvaren.*



## Veg

Den gamle ferdslveggen hadde i fleire hundre år gått gjennom tunet, og vert av Ohnstad omtala som «riksveg».<sup>38</sup> Vegtraseen gjennom tunet er ei fylje av at det bratte landskapet med runde svaberg og hamrar nedanfor husa stengde for ein vegtrase nede ved fjorden. I tillegg er det vanleg at dei gamle ferdslvegane gjekk gjennom gardstuna.



Figur 138. Utsnitt frå amtskart frå 1915 som viser vegen forbi Otternes før den vart lagt ned langs stranden. Kart henta frå Kartverket sine historiske kart, [https://kartverket.no/historiske/0/94\\_amt1\\_nordre-bergenhus-amt-9-soe\\_1915.jpg300dpi.jpg](https://kartverket.no/historiske/0/94_amt1_nordre-bergenhus-amt-9-soe_1915.jpg300dpi.jpg)

Den gamle vegen gjennom tunet var ein gangveg der det var mogleg å kome fram med kløvhest. Den var ein av dei gamle driftevegane til austlandet.<sup>39</sup> Først i 1918 vart det bygd bilveg nede ved fjorden der E 16 går i dag. I tillegg var det stiar og gangvegar i skog og mark på Otternes som var viktig for drifta av garden, og kommunikasjonen mellom dei andre gardane i området. Fjorden var ein annan viktig ferdslveg og i mange tilfelle den mest effektive. Otternes hadde teigar på andre sida av fjorden og båten var då avgjerande for at dei kunne hauste av desse teigane. Naustet i Hellestøi (tilhøyrande Thomassgarden) er i dag eit tydeleg vitne om dette. Det lafta naustet er bygd med høyløe i hovudetasjen og naust til båt nedst der ein kunne ro båten inn under naustet.

<sup>38</sup> Ohnstad, 1996 s. 267

<sup>39</sup> Lavik, i Alvheim s. 13

På 1920-talet var nok den gamle ferdslevegen gjennom tunet framleis i bruk av dei som budde der og av andre som skulle mellom gardane i området. I Arne Berg sin rekonstruksjonsteikning av Otternes tunet, figur 64, er det skissert inn ulike vegar/stiar i tunet. Fleire av desse eksisterer også i dag.

### Hagar

I 1926 og 1927 gjennomførte Riksantikvaren synfaringar til Otternes. Under synfaringa i 1926 vart det teke ei rekkje bilete i tunet og i 1927 målte arkitekten Johan Lindstrøm opp fleire av bygningane i tunet. I tillegg teikna han opp ein situasjonsplan som viser plasseringa av hagane i tunet. I denne planen finn vi att dei fleste av hagane som er der i dag. Hagen ved Nystova i Guttormgarden er teikna inn og plasseringa på mange av trea finn vi att i hagen i dag. Hagen nedanfor stabbeløa og stallen i Thomasgarden er også teikna inn i omlag same utstrekning som den har i dag. Det kan her sjå ut som at både trær og bærbusker har fått same form for innteikning så det er vanskeleg å skilje mellom dei. Men fleire av dagens trær har same plassering som den vi finn i situasjonsplanen. I hagen på oppsida av Thomasløa er det teikna inn tette og jamne rekkjer med trær. Dessverre er det ikkje tilgjengelege nokon bilete som viser korleis denne hagen såg ut på 1920-tallet så det er vanskeleg å sei noko om den har vore så tettvokst med trær eller om den har hatt eit meir ope preg slik vi ser det på bileta frå 1970-talet og hagen i dag. Framfor Linastova er «søtapalen» teikna inn som eit solitært tre tett på huset. Den gamle stua almen ved vegen inn til tunet er også teikna inn som eit solitært tre på situasjonsplanen. Situasjonsplanen har ikkje tatt med hagen ved Håkonstova og Hagen sør for Thomasløa. Men foto frå Riksantikvaren sitt arkiv viser at det på 1920-talet var etablert hagar her.



*Figur 139. Marta Olsdtr. Otternes (kona til Eirik Pedersen) mellom kornstaurane ved Linastova kring 1920. Bak kornstaurane ser vi søtapalen framfor Linastova. Foto frå Gardssoga for Aurland band III s. 322.*

### Innmarka

På 1920-talet var garden i full drift og det var framleis mange som budde i tunet. Nokon av bileta som A. Bugge tok for Riksantikvaren i 1926 viser også delar av innmarka. Det er spesielt innmarka nedanfor husa til Andersgarden som er godt dokumentert i desse bileta. Dette er bilete som sannsynlegvis har blitt tatt i frå vegen opp til tunet. Vi ser her dei svært bratte bøane som i tillegg er oppstykkja av berget som kjem opp i dagen og bryt opp teigane med bratte skråningar, i tillegg til store steinar som stikk opp. Innmarka her ser ut til å ha vore brukt til slåtteteigar og biletet viser godt plasseringa av dei mange

hesjene. Noko som vises godt på figur 140. Landskapet har svært få trær og det er tydeleg at ein her har slått for å få med seg alt graset. Ser vi på neset som tunet står på er innmarka i nord og sør svært bratt og knausete. Medan den midt på er noko mindre knausete og bratt og det var her fleire større jorder. Dette vises godt på figur 141 som viser innmarka framfor husrekkja i Thomasgarden. Der ser vi at det på 1920-talet var åkrar her og der kornåkeren vises i framkanten av biletet. Innmarka på Otternes var i hovudsak ikkje inngjerda, kun dei beste teigane hadde gjerde rundt seg.<sup>40</sup>

Sidan jorda låg i teigblanding var det nødvendig med eit utstrakt samarbeid mellom bruka. Det var viktig at alle kom seg til sine teigar til rett tid slik at dei fekk hausta avlingen i tide. Innan 29. september, Mikkelmesse, måtte all avling ha kome i hus. For då kom dyra heim frå stølen.<sup>41</sup>



*Figur 140. Innmarka på nedsida av bygningane til Andersgarden. Det er sannsynlegvis fotografert frå vegen opp til tunet. Utsnitt av foto av A. Bugge, 1926, Riksantikvaren.*

---

<sup>40</sup> Ohnstad s. 319, 1996

<sup>41</sup> Ohnstad s. 319, 1996





Figur 141. Kornåkeren framfor husrekkja i Thomasgarden. Foto A. Bugge, 1926, Riksantikvaren.

## 5.2 Anlegget mellom 1930 og 1970

I denne perioden er det få foto som viser tunet. Fylkeskonservatoren tok nokon bilete på 1960-talet som viser tunet, sjå kap. 3.2.3. Dei delane av tunet som vises på desse bileta samsvarar i stor grad med bileta som Riksantikvaren tok i tunet i 1974. I Gardssoga for Aurland er det publisert fleire bilete frå tunet som viser det frå andre vinklar og såleis gjev meir informasjon om korleis tunet såg ut på dette tidspunktet. Biletet i figur 142 viser tunet sett frå Thomasgarden i 1940-åra. Biletet er teke frå vegen på oppsida av Thomasgarden og vi ser her fleire av husa til dette bruket saman med del av hagen på oppsida av Thomasløa. Det vi ser av hagen er at den har ei tett klyngje med trær, truleg frukttre, i delen nærast eldhuset, medan det kan sjå ut som at hagen vert opnare og har færre trær når den strekkjer seg mot Thomasløa. Dette er ein struktur som også samsvarar med flyfoto frå tunet i 1971, figur 146. Biletet på figur 142 viser også eldhuset i Thomasgarden som på dette tidspunktet hadde tretak og truleg var lafta.



Figur 142. Tunet sett frå Thomasgarden i 1940-åra. Foto frå Gardssoga for Aurland band III s. 270



Figur 143. Bilete som syner dei tre nordlegaste bruk. Truleg på 1960-talet. Biletet er henta frå Gardssoga for Aurland band III.

I Gardssoga for Aurland band III<sup>42</sup> er det eit bilete av tunet som er tatt truleg på 1960-talet, figur 143. Det viser fleire av bygningane som stod her på 1920-talet men som er vekke når vi ser på bileta tatt på 1970-talet. Mellom stallen og driftsbygningen i Andersgarden står framleis løa som vi ser på bileta frå 1920 talet og som er med på Lindstrøm sin situasjonsplan frå 1927. Det same gjer fjøsen som sto mellom denne løa og stabburet i Oddagarden. Dette stabburet står ikkje så tett på eldhuset som det gjer i dag, og det er mindre enn dagens stabbur. Storleiken og plasseringa på stabburet i Oddagarden samsvarar godt med Lindstrøm sin situasjonsplan, noko som tyder på at dagens stabbur kan ha vore bygd ein gong mellom 1960-talet og 1974 då bileta frå 1974 viser stabburet som står der i dag. Stabburet i Andersgarden er på dette tidspunktet kledd med liggande kledning. Det store stabburet som tidlegare stod vinkelrett tett på Håkonstova er vekke. Av dei tre løene som vises på biletet er det kun løa i Oddagarden som har fått takopplett og låvebru opp til loftet på løa. Foto frå 1974 viser at alle tre løene har fått takopplett. Det ser og ut som at den store pipa på eldhuset i Guttormgarden framleis står. Nystova i Guttormgarden har på dette tidspunktet kvitmåla kledning i gavlen (evt. det er sett opp ny kledning som ikkje har mørkna enno.) Gavlen i Gjertrudstova er på dette tidspunktet kledd med liggande panel.

### 5.3 Anlegget på 1970-talet

Mange av dei elementa som framleis er bevart i tunet finn vi att i foto frå 1970-talet. På denne tida var det framleis drift etter gamlemåten med teigblanding. Flyfoto frå 1971, figur 144 og 146, viser tydeleg strukturane i hagane og innmarka. Vi ser mellom anna godt korleis hesjene var plassert og delingane i dei ulike teigane. På flyfotoet vises også godt strukturen til hagane og plasseringa av trea. Til dømes ser vi her tydeleg at mykje av dagens struktur i hagen på oppsida av Thomasløa, med trea som omkransar ein open hage var godt etablert i 1972. Samstundes som at rekkja med tre i aust bestod av fleire tre enn i dag.

Flyfotoet viser også dei ulike teigane i innmarka. Dei ulike teigane hadde eigne namn dette og omtale av dei ulike teigane vises i kartet . I tillegg har Erling H. Vikesland teikna ei skisse som viser teigane på Otternes som er publisert i Gardssoga for Aurland, figur 145. <sup>43</sup>

---


<sup>42</sup> Ohnstad s. 269

<sup>43</sup> Ohnstad 1996 s. 316-317





Figur 144. Flyfoto av tunet og innmarka i 1971, med stadnamn. Vi ser her plassering av hagar og hesjer samt teigdelinga på innmarka. i 1971 var det framleis drift med teigblanding på garden. Langs strandsona ser vi vegen før utbygginga av E16. [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no) - Norge i bilder.



Figur 145. Skisse av Erling H. Vikesland som viser teigane på Otternes. Teikninga er publisert i *Gardssoge for Aurland*.

### Bygningane i tunet på 1970-talet

Flyfoto frå 1971, figur 146, viser bygningane i tunet slik dei var i 1971. Vi ser her at tunstrukturen i stor grad er tilsvarande den som er der i dag. Fem av bygningane som var her i 1927 er vekte, men turken står framleis. Dagens stabbur og eldhus i Oddagarden er komne opp, og arealet framfor inngangsdøra til Håkonstova er opnare enn i 1927 på grunn av at stabburet som stod framfor langveggen her er rive.

Bygningane i tunet på 1970-talet er dei same som er der i dag, med unntak av dei som er oppført som kopiar. Ut i frå fotografia som vart tatt av Riksantikvaren ser vi at mange av bygningane hadde ein ok tilstand, medan andre hadde behov for istansetjing.



Figur 146. Flyfoto frå 1971 som viser tunstrukturen på Otternes. Foto frå [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no) - Norge i bilder.

K. Skjeggstad hjå Riksantikvaren tok ei rekkje bilete i tunet på Otternes i 1974 som dokumenterer korleis tunet var då. Vi finn her ei rekkje mindre endringar i forhold til korleis tunet var i 1926 og i dag. I Andersgarden, figur 147 og 148, hadde stabburet liggande kledning på gavlen med inngangsdøra. Taket var på denne tida tekka med byljeblekkplater. På driftsbygningen ser vi at den no har takpanner på taket og den har fått eitt opplett midt på takflata inn mot tunet. Denne er tekka med byljeblekk. Det ser ut som om det tidlegare har vore ei låvebru opp til døra i arka , men at det no er lite att av denne. På kvar side av takopplettet ser vi tilbygga på langsida mot tunet. Det ser ut som at desse er kledd med liggande panel. Kårstova/Vetlastova har på dette tidspunktet byljeblekktak. Bilete frå 1972 viser og at gavlen ut mot fjorden på Håkonstova no er kledd og kvitmåla, sjå figur 159. Inngangsdøra til Håkonstova var på dette tidspunktet i gavlen mot Vetlastova, figur 148 . Denne plasseringa hadde døra fram til bygningen vart restaurert i tida 2019-2022.





Figur 147. I 1974 var stabburet i Andersgarden kledd med liggande panel i gavlen med inngangsdøra og det hadde byljeblekk tak. Utsnitt av foto av K. Skjeggstad, Riksantikvaren.



Figur 148. Utsnitt av foto som viser tidlegare plassering av inngangsdøra til Håkonstova i gavlen mot Vetlastova. Foto K. Skjeggstad, 1974, Riksantikvaren.



*Figur 149. Andersgarden i 1972, vi ser her at gavlveggen til Håkonstova er kvitmåla og er sannsynlegvis kledd med liggande kledning. Detalj av foto frå Fylkeskonservatoren i Sogn og Fjordane, Riksantikvaren.*

I Oddagarden viser foto på figur 150 at Oddastova framleis sin opphavlege storleik og vi ser at taket på denne no er tekka med byljeblekkplater. Gavlen mot Gjertrudstova er kledd med liggande panel og det er eit vindauga øvst med seks ruter. Hagen i gavlen mot Gjertrudstova er framleis inntakt sidan det første tilbygget enno ikkje var bygd. Biletet på figur 148, viser at driftsbygningen i Oddagarden no har fått eit takopplett midt på taket inn mot tunet. Opplettet har tak tekka med byljeblekk plater og det er ei dobbel dør inn som tek meste parten av veggplassen mot tunet. Resten av taket på driftsbygningen er tekka med teglpanner.



*Figur 150. Fleire av husa i Guttormgarden i 1974. Utsnitt av foto av K. Skjeggstad, Riksantikvaren.*

I Guttormgarden ser vi at Gjertrudstova har liggande kledning i gavlen inn mot Nystova, figur 150. Inngangsdøra er ei to-fyllingsdør og den har eit to-ramsvindauga oppe i loftsetasjen. Taket er tekka med byljeblekk. Nystova er i hovudsak slik den er i dag, men med ein anna type vindauga i gavlen mot sør. I



1974 var det her eit kvadratisk vindauga med fire ruter. Pipa er plassert på austsida av taket og den er forholdsvis låg. Nedst i venstre hjørne i biletet på figur 150 ser vi taket til eldhuset. Biletet viser at omlag halve taket var tekka med trebord og halve med byljeblekk. Vi ser og at den store pipa til eldhuset no er vekke. Driftsbygningen som ligg lengst bak i biletet har her fått eit takopplett omlag midt på taket mot tunet og det er ei dobbel dør inn under takopplettet. Fjøsene stod framleis i tunet og biletet på figur 154 og 155 viser korleis den såg ut på dette tidspunktet.



*Figur 151. Thomasgarden i 1974. Utsnitt av foto av K. Skjeggstad, Riksantikvaren.*

Thomasgarden framstår i stor grad som i dag. På kårstova og Thomasløa ser det ut som at ein har tetta ein lekkasje i taket med ei byljeblekkplate. Den største endringa frå 1924 er takopplettet på Thomasløa og låvebrua som endar i hagen på oppsida av løa. Eldhuset er det som står her i dag og vi ser her toppen av saltaket som var tekka med byljeblekkplater. Biletet på figur 152 viser den ståande kledningen på eldhuset. Det viser også at hagen på oppsida av Thomasløa er inngjerda av både eit nettinggjerde og eit plankegjerde, og den hadde ein stakittport ved inngangen til hagen. Figur 153 viser at det ekstra tilbygget på Linastova framleis stod og at både det og tilbygget var tekka med byljeblekkplater. Bileta frå 1970-talet viser at stabbeløa i Thomasgarden på dette tidspunktet hadde eit pulttak i staden for saltaket det hadde tidlegare, figur 155.





*Figur 152. Thomasgarden i 1974. Lengst til venstre ser vi eldhuset, omlag midt i bildet ser vi inngjerdinga til hagen på oppsida av Thomasløa, med ein kvitmåla stakkittport og nettingjerde på sida mot eldhuset og plankejerde mot kårstova.. Utsnitt frå foto av K. Skjeggstad, Riksantikvaren.*



*Figur 153. Linastova i 1974. På denne tida var det ekstra tilbygget framleis oppe. Utsnitt av foto av K. Skjeggstad, Riksantikvaren.*



Figur 154.

Fjøset i Guttormgarden og del av stabeløa i Thomasgarden i 1974. På biletet kan det sjå ut som at saltaket på stabeløa er vekke og har blitt erstatta med eit pulttak. Detalj frå foto frå Fylkeskonservatoren i Sogn og Fjordane, Riksantikvaren.



Figur 155.

Stabeløa i Thomasgarden nærast til venstre, og fjøsen i Guttormgarden omlag midt i biletet. På tidspunktet biletet vart tatt var saltaket på Stabeløa erstatta med eit pulttak. Foto K. Skjeggstad, 1974, Riksantikvaren.



## Hagane

På 1970-talet tok Riksantikvaren ei rekkje bilete av tunet på ulike synfaringar. Vi ser her at framleis er det mykje att av den gamle hagestrukturen og frukttrea. Biletet på figur 156 viser innmarka framfor Andersgarden og vi kan her sjå trea i framkant av Håkonstova. Ved Håkonstova ser vi på biletet frå 1974 figur 157 at det er ein inngjerda hage på austsida av Håkonstova. I hagen ser vi bærbusker som er planta i to rekkjer. I tillegg er det fleire mindre trær i framkant av Håkonstova og hagen. Bjørka som framleis er bevart i hagen vises tydeleg på bileta. På utsida av gjerdet som avgrensar hagen ved Håkonstova ser vi at det er eit ope grasdekkka område mellom hagen og Vetlastova.



*Figur 156. Otternes sett frå vegen opp til tunet. Vi ser her bjørka ved Håkonstova tydeleg og trevegetasjonen framfor hagen til Håkonstova. Foto ukjend, Riksantikvaren 1970.*





*Figur 157. Otternestunet sett frå opside. Vi ser her hagen ved Nystova i Guttormgarden omlag midt i biletet. Bak denne hagen ser vi trea i hagen ved Oddastova. Lengst til venstre ser vi hagen ved Håkonstova. Foto K. Skjeggestad, Riksantikvaren 1974.*

På denne tida ser vi at hagen ved Nystova i Guttormgarden er tett og frodig, og at den er avgrensa med eit høgt plankegjerde med liggande fjøler i sør. I nord er hagen også avgrensa med eit plankegjerde med liggande fjøler mot det opne graskledde arealet ved Vetlastova og Håkonstova. Bileta viser at på denne tida var trea i hagen ved Nystova store og frodige og ein hadde her det same tette uttrykket i trevegetasjonen som den har i dag. Flyfotoet på figur 146 og fotoet på figur 158 viser også at den vesle hagen ved Oddastova som er vist på Johan Lindstrøm sin situasjonsplan frå 1927 framleis var intakt. Vi ser her to av frukttrea og at hagen var inngjerda med eit nettinggjerde. Flyfotoet viser også at der det i dag er anlagt kjøkkenhage framfor fjøset i Guttormgarden er det i 1971 slåttemark med hesjer.



Figur 158. Tunet sett mot gavlveggen ved Oddastova. Her ser vi to av frukttr a som var i denne hagen. Hagen er inngjerda med eit nettingjerde. Foto K. Skjeggstad, Riksantikvaren 1974.



Figur 159. Tunet sett mot hagen ved stallen og stabel a i Thomasgarden. Vi ser her at hagen er inngjerda med eit plankejerde og det kan sj a ut som at det avskjer dagens tungate p a oppsida av tunet. Foto K. Skjeggstad, Riksantikvaren, 1974.

Hagen på nedsida av stabeløa og stallen i Thomasgarden er også meir velstelt enn i dag og tydelegare avgrensa (sjå figur 159, 161 og 162). Den er inngjerda med eit nettinggjerde og vi ser på bileta at det er både frukttre og bærbusker her. I nedre del av hagen ser det ut til at det er fleire bærbusker enn det vi finn i dag. I området der det i dag er ein ny kjøkkenhage, var det på 1970-talet ein grasbakke. På biletet på figur 159 ser vi hagen sett frå Eilertstova. Vi ser her at det er eit plankegjerde som avgrensar hagen og det kan sjå ut som at det sperrar av dagens tungate på oppsida av tunet.

Hagen på baksida av Thomasløa, figur 160, er framleis velstelt og er innramma av dels eit nettinggjerde og dels eit plankegjerde med liggande fjøler. Inngangen til denne hagen er gjennom ein kvitmåla hageport med ståande spiler, som minner om eit stakittgjerde og er plassert i den nordre delen av hagen. Trea i den nordredelen er klårt avgrensa og det er færre av dei enn det er i dag, noko som kan tyde på at trea på dette tidspunktet framleis vart skjøtta. Biletet viser også stiane mellom husa og heller framfor inngangsdøra til Kårstova i Thomasgarden.

I Hagen er det framleis frukttre, nokon av dei nedste ser ut til å ikkje vere så veldig gamle, noko som stemmer med bilete frå 1965 som viser forholdsvis nyplanta frukttre her. På biletet frå 1974, (figur 161), ser vi at desse trea har vokse til. Åkeren/bøen framfor Thomasløa er her også inngjerda med eit nettinggjerde og at åkeren er delt i to på langs av eit nettinggjerde. Dette har sannsynlegvis med at det på Otternes framleis var teigblanding og at det moglegvis var ulike brukarar på ulike deler av denne åkeren.

Ved Linastova i Thomasgarden viser biletet på figur 162 tydeleg at søtapalen framleis står. Den er no ikkje lenger inngjerda, og det kan vere at det er andre planter som veks kring den, men dette er vanskeleg å sjå på biletet.



Figur

160. Biletet viser oppsida av Otternes tunet. Frå venstre ser vi først hagen på oppsida av Thomasløa. Vi ser at det her er ein forholdsvis open bø med enkelte trær. Nærast eldhuset i Thomasgarden er det fleire trær som er planta langs kanten av bøen. Lengst til venstre ser vi nokon av trea i hagen ved stallen og stabeløa i Thomasgarden. På framsida av huset er bøen. Foto K. Skjeggestad, Riksantikvaren, 1974.





Figur 161. Thomasgarden/Framigarden, til høyre ser vi inngjerda beite/slåttemark og i bakkant er Hagen. Til høyre ser vi del av den inngjerda hagen ved Stabbeløa. Foto K. Skjeggstad, 1974, Riksantikvaren.



Figur 162. Tunet sett frå Thomasgarden/Framigarden. Til høyre er den inngjerda frukthagen framfor stabbeløa, vi ser her at det er busker i nedre kant av hagen og trær i øvre del av den. Midt i bildet ser vi «søt-apalen» framfor Linastova. Foto K. Skjeggstad, 1974, Riksantikvaren

## 5.4 Sefrak-registreringa

I 1988 vart tunet SEFRAK-registrert. I samband med denne registreringa vart det teke foto av alle bygningane i tunet. Dette gjev oss eit godt bilete av korleis tunet var før mykje av Aurland kommune si istandsetjinga av anlegget vart gjennomført. I tillegg til bygningane gjev bileta også informasjon om hagane og uteområdet på Otternes. Vi ser her mellom anna bruken av ulike typar gjerder og fleire av frukttrøa i tunet. Alle foto er tatt av Ingun Grimstad i 1988.

### Andersgarden

#### Eldhuset

Då tunet vart SEFRAK-registrert var eldhuset nyrestaurert. Bileta viser tydeleg grad av utskifting av material i bygningen.



Figur 163. Andersgarden med det

nyrestaurerte eldhuset til venstre.



Figur 164. Langside og gavl med inngangsdør.



Figur 165. Gavlside mot dagens parkeringsplass.



*Figur 166. Langside på oppsida av eldhuset.*



*Figur 167. Inngangsdøra til eldhuset.*

### Stall og sauefjøs




*Figur 168. Stallen/sauefjøs med driftsbygningen i bakgrunnen.*





*Figur 169. Langsida mot vegen.*



*Figur 170. Gavlsida.*



*Figur 171. Gavlsida med tilbygg til utedo.*



*Figur 172. Inngangsdørene.*

Løe med kyr og geitefjøs



Figur 173. Løe sett frå vegen.



Figur 174. Gavlveggen etter istandsetjing. Figur 175. Langveggen mot vegen.



Figur 176. Gavlveggen mot stallen.



Figur 177. Detalj av dør inn til løe mellom tilbygga.

## Stabbur

I 1988 var stabburet under restaurering. Under SEFRAK-registreringa var ein ferdig med grunnmuren og hadde starta med å lafte opp att bygningen.



att.

*Figur 178. Stabburet delvis lafta opp*



*Figur 179. Gavlen med inngangsdøra.*



*Figur 180. Langsida og gavlen mot fjorden.*





*Figur 181. Opning for dør inn til kjellaren. Figur 182. Stabburet sett frå inngangsdøra.*

### Håkonstova

På tidspunktet for SEFRAK-registreringa hadde Håkonstova inngangsdøra i gavlveggen mot Vetlastova. Biletet på figur 123 viser også eit nettinggjerde som avgrensing til hagen på langsida av Håkonstova.



*Figur 183. Gavlvegg mot Vetlastova og langvegg inn mot hagen. På biletet ser vi at på denne tida var inngangsdøra plassert i gavlveggen heilt mot hjørnet mot tunet.*



*Figur 184. Langsida mot tunet.*



*Figur 185. Gavlveggen mot Vetlastova.*



*Figur 186. Gavlveggen ut mot fjorden.*



*Figur 187. Vindauga i gavlveggen.*

Kårstova/Vetlastova



Figur 188. Langvegg mot

Håkonstova og gavlveggen med inngangsdøra.



Figur 189. Gavlveggen inn mot hagen.



Figur 190. Langveggen sett frå hagen til Nystova i Guttormgarden.





Figur 191. Detalj av inngangsdør.  
Håkonstova.




Figur 192. Detalj av kledning og vindauga i langveggen mot  
Håkonstova.

## **Oddagarden**

### **Oddastova**

Oddastova er den av bygningane som har blitt mest endra over tid. SEFRAK-bileta frå 1988 viser stova slik ho var medan det framleis budde folk i den. Bileta viser at to av veggane i stova ikkje var kvitmåla slik som i dag. Det er vanskeleg å sjå på bileta om veggane er umåla eller om dei er måla i ein mørk farge. Vi ser her bislaget med trapp framfor inngangsdøra og det førre tilbygget i gavlen mot Gjertrudstova. Dette tilbygget var i lafta tømmer og vises ikkje på bileta frå 1974 og må difor ha blitt bygd etter 1974. Planteikninga som vart skissert opp, figur 193, viser at stova hadde ein tre-romsplan i tillegg til at det var bygd til to små rom i gavlen mot Gjertrudstova. Planteikninga viser ikkje kvar trappa opp til loftet gjekk.

Den vesle frukthagen i gavlen mot Gjertrudstova var på dette tidspunktet vekke.



Figur 193. Planskisse over huset frå SEFRAK-registreringa.



Figur 194. Gavlsida ut mot tunet.

Vi ser her at det på 1980-talet var eit bislag med trapp opp til inngangsdøra.



*Figur 195. Langsida mot fjorden.*

*Vi ser her tydeleg det førre tilbygget som var i lafta tømmer og at frukthagen er vekke.*



*Figur 196. Langsida mot hagen til Nystova.*



*Figur 197. Vindauga i gavlen mot fjorden.*

### Sauefjøs



*og langveggen mot fjorden.*

*Figur 198. Gavlvegg med inngangsdøra*





Figur 199. Gavlvegg med inngangsrør og langvegg mot Oddastova. Figur 200. Gavlveggen.



Figur 201. Sauefjøsene omlag midt i bildet, der det ikke er mur.



Figur 202. Grunnmuren og stokkar som held bjelkelaget

Løe med stall, geite- og sauefjøs



Figur 203. Langsida ut mot fjorden.



Figur 204. Langside med låvebru.



Figur 205. Gavlside mot løa i Guttormgarden.



Figur 206. Langside mot Andersgarden.



Figur 207. Grunnmuren på framsida av løa.

### 3.2.7.3 Guttormgarden/Oppigaren Nystova/Kårstova



Figur 208. Langsida mot hagen og gavlsida med inngangsdøra.

Figur 208. Langsida mot hagen og



Figur 209. Langsida mot hagen.



Figur 210. Gavlsida mot hagen. Vindauga med skyvelemmane.



Figur 211. Detalj av vindauga med skyvelemmer.



Figur 212. Inngangsdøra med utvendig trapp.

### Gjertrudstova

SEFRAK-bileta vart tatt før arbeidet med restaureringa av Gjertrudstova starta. Dei gjev såleis eit godt bilete av bygningen før restaureringa. Det budde folk i stova då SEFRAK-registreringa vart gjort.





Figur 213. Gjertrudstova

omkransa av dei andre bygningane i tunet.



Figur 214 og Figur 215. Gavlveggen på Gjertrudstova. Vi ser her at den då hadde ei fyllingsdør med to fyllingar.



Figur 216. Langveggen mot Oddastova.



Figur 217. Gavlveggen mot fjorden.

## Stabbur

Då SEFRAK-registreringa vart gjort var stabburet forholdsvis nyrestaurert. Bileta viser tydeleg kva tømmer som hadde blitt skifta ut i samband med restaureringa.



*inngangsdøra.*

*Figur 218. Gavlveggen med*



*Figur 219. Detalj av inngangsdøra.*



*Figur 220. Gavlsida mot fjorden og langsida mot fjøsen.*



*Figur 221. Stabburet midt i bildet.*



*Figur 222. Langsida mot fjøsen.*

## Eldhus

Eldhuset var nyrestaurert ved SEFRAK-registreringa. Bileta viser tydeleg kva materiale som var ny og kva som var brukt opp att.



*inngangsdøra.*

*Figur 223. Gavlveggen med*





*Figur 224. Havlveggen mot Thomasgarden.  
inngangsdøra.*



*Figur 225. Langveggen mot berget og gavlveggen med  
inngangsdøra.*



*Figur 226 og Figur 227. Eldhuset sett ovanfrå frå berget bak tunet.*

### **Fjøs til kyr**

Fjøsen var bygd opp att på nytt før SEFRAK-registreringa vart gjort. Bileta gjev viser godt det store omfanget av utskifting av materiale som vart gjort på den. Bygningen er i praksis ein eksteriør kopi av den opphavlege fjøsbygningen.



*mot stabburet.*

*Figur 228. Inngangsdøra i gavlveggen*



*Figur 229 og Figur 230. Langsida mot fjorden. Her er det nokon få tømmerstokkar som har blitt brukt om att.*



*Figur 231. Langsida mot tungata. Til venstre stabeløa. Figur 232. Detalj frå langveggen mot tungata.*

Løe/driftsbygning



*Figur 233. Langsida mot stovehuset*

*og gavlside med inngangsdør.*



*Figur 234. Gavlside mot løa i Oddagarden.*



*Figur 235. Gavlside mot Thomasgarden.*






Figur 236. Gavlside mot Thomasgarden.



Figur 237. Detalj av dører på langsida mot stovehuset.



Figur 238.

Oppmålingsteikning som viser rominndelinga i hovudetasjen.

### Thomasgarden/Framigaren

I Thomasgarden vart alle husa, med unntak av eldhuset SEFRAK-registrert. Registreringa gjev eit godt bilete av dette bruket slik det var i 1988. Vi ser her at fleire av husa har behov for istandsetjing. Bileta av stallen og stabburet viser at dette arbeidet er starta opp.

### Stabbur/kvernhus



inngangsdøra.

Figur 239. Gavlveggen med



Figur 240. Detalj av inngangsdøra.



Figur 241. Langsida og gavlveggen mot fjorden.



Figur 242 og Figur 243. Til venstre langsida og gavl mot fjorden. Til høyre gavl mot fjorden.



## Stovehus, Linastova

Bileta og oppmålingsteikninga i SEFRAK-registreringa viser utedoen som var bygd til tilbygget på langsida mot Thomasgarden. Denne vart ikkje sett opp att etter at huset var restaurert.




Figur 244 og Figur 245. Gavlveggen mot fjorden og langveggen mot Thomasgarden. Det yteste tilbygget var utedoen som seinare har blitt fjerna.



Figur 246. Dei to tilbygga på langveggen.

Figur 247. Langveggen med inngangsdøra.



Figur 248. Oppmålingsskissa vi ser her plasseringa av utedoen. Skissa manglar rominndeling i stova.



Stabbeløa



stabbeløa. På dette tidspunktet hadde løa pulttak.

Figur 249. Kortsida med inngangsdøra til



Figur 250. Langsida mot stallen i Thomasgarden.



Figur 251. Kortsida ut mot fjorden.



252. Detalj av kledning på langsida.



Figur 253. Detalj av tømmerveggen i kortsida mot fjorden.

Figur

## Stall

Under SEFRAK-registreringa var arbeidet med istandsetjinga av stallen nesten ferdig. Bileta viser tydeleg kvar dei hadde skifta ut material, og vi ser at taket er gjort klart for å legge opp takpanner. På nokon av bileta ser vi litt av den inngjerda hagen mellom stallen og stabbeløa. Dei fortel oss at hagen har vore inngjerda med plankegjærde med liggande fjøler på oppsida med husa og med nettinggjærde på nedsida.



Figur 254. Langsida med inngangsdørene til stallen. Lengst til høgre ser vi litt av den inngjerda hagen mellom stallen og stabbeløa.



Figur 255. Gavlsida og langsida mot tunet.



Figur 256. Langsida mot fjorden.



Figur 257. Detalj av det opne rommet under stallen.



Figur 258. Detalj av inngangsdøra.

## Stabbur

Stabburet var ferdig istandsett på tidspunktet for SEFRAK-registreringa. Bileta viser ny trapp inn til stabbret og at det har fått nye stabbar og ny dør.



og trappa.

Figur 259. Gavlveggen med den nye inngangsdøra



Figur 260. Gavlveggen og langsida mot stallen.



Figur 261. Gavlsida mot fjorden, til høgre er Eilertstova.



Figur 262. Langsida og gavlsida mot fjorden.



Figur 263. Husrekkja i Thomasgarden med stabburet, Eilertstova og kårstova ståande med gavlen ut mot fjorden.



## Stovehus, Eilertstova

På tidspunktet for SEFRAK-registreringa budde det framleis folk i Eilertstova. I tillegg til stova gjev bileta også informasjon om hagen bak Thomasløa og vi kan her sjå ulike gjerder og stakittporten inn til hagen i tillegg til at det på dette tidspunktet stod eldre trær i hagen, truleg frukttre.



*Figur 264. Gavlveggen med inngangsdøra*

*og langveggen mot stabburet.*



*Figur 265. Langveggen mot stabburet.  
vi litt av stabburet.*



*Figur 266. Eilertstova sett frå hagen bak tunet. Lengst til venstre ser*



Figur 267. Eilertstova sett frå hagen på oppsida av Thomasløa. Vi ser her porten i stakitt, plankegjerdet og eit gamalt frukttré som står tett på porten.



Figur 268. Gavlveggen mot fjorden.

### Stovehus, kårstova



Figur 269. Gavlveggen med inngangsdøra. Vi ser her litt av mellombygget mellom kårstova og Eilertstova. Til venstre ser vi litt av hagen som er inngjerda av både nettingjerde og plankejerde i tillegg til porten i stakitt.



Figur 270. Gavlveggen med inngangsdøra, til høyre er Eilertstova. Figur 271. Gavlveggen mot fjorden. Vi ser her skyvelemmene som er framfor vindauga.



Figur 272. Husrekkja til Thomasgarden. Kårstova står nærast løa. Figur 273. Detalj av kledning.



## Løe/driftsbygning



Figur 274. Løa sett frå hagen på oppsida. Vi ser her låvebrua som var bygd opp av store tømmerstokkar. Til venstre er eitt av frukttrøa i hagen.



Figur 275. Gavlveggen sett frå hagen ovanfor.



Figur 276. Langveggen med låvebru.



Figur 277. Langveggen mot fjorden. Lengst til høgre er litt av hagen.



Figur 278. Detalj av dør inn til kjellaren.

## Oppsummering SEFRAK-registreringa

Fotoa frå SEFRAK-registreringa viser godt korleis tunet var i 1988 medan det framleis budde folk i tunet. Vi ser her at det har blitt gjort ein del endringar med bygningane fram til i dag. Dei største endringane finn vi på Oddastova og stabbeløa. I 1988 var det eit mindre tilbygg i gavlen mot Gjertrudstova og det var eit bislag med trapp over inngangsdøra. Tilbygget var utført i lafta tømmer der tømmerstokkane var

synlege. Tilbygget har seinare blitt erstatta med eit nytt og større tilbygg som er like breidt og høgt som stovehuset. I tillegg er bislaget med trapp over inngangsdøra fjerna.

Stabbeløa hadde på dette tidspunktet pulttak tekka med byljeblekk og den hadde kledning på langveggen. Tilstanden ser ut til å vere dårleg. Huset vart seinare rive og det vart sett opp eit nytt som skulle vere kopi av denne. Den nye stabbeløa skil seg frå den vi ser på bileta frå 1988 ved at den har saltak og det er ikkje kledning på langsida mot stallen. Foto frå 1926, figur 141, viser at stabbeløa på dette tidspunktet hadde saltak tekka med torv.

På Linastova vart tilbygga på langveggen rive. Etter at stova var remontert vart kun tilbygget nærast langveggen som vart remontert. Det ytterste tilbygget som romma utedoen vart ikkje ført opp att. Planskissa i SEFRAK-registreringa viser storleiken på utedoen som stod her.

Av mindre endringar i bygningane i tunet ser vi at Håkonstova i 1988 hadde inngangsdøra i gavlveggen mot Vetlastova og ikkje i langveggen ut mot tunet slik den er i dag. Denne plasseringa av inngangsdøra ser vi også i foto frå 1974, figur 148 og i foto frå 2017, figur 329. Den nye plasseringa av inngangsdøra kom i samband med istandsetjinga av stova. Inngangsdøra i Gjertrudstova var i 1988 ei fyllingsdør med to fyllingar. Denne vart erstatta med ei to-delt labankdør i samband med istandsetjinga gjort av Aurland kommune.

## 5.5 Restaureringa av anlegget 1984 – 1996

Etter at kommunen overtok bygningane i tunet starta dei opp ei større istandsetjing av dei. I 1984 vart dei første bygningane reparert og prosjektet var truleg ferdigstilt kring 1996. I løpet av denne tida var fylgjande bygningar sett i stand:

Gard	Bygning	Istandsett*
Andersgarden	Eldhuset	1984
	Stall, delvis ombygd til toalett.	1980-talet
	Driftsbygning, demontert store utskiftingar av treverk, arka frå 1948 vart fjerna	1984
	Stabbur, demontert og remontert. Stor grad av utskifting av materiale.	1985-88
Oddagarden	Oddastova, tilbygg to ulike versjonar.	
	Driftsbygning, nytt byljeblekktak, ny kledning og ny låvebru	1989
Guttormgarden	Kårhus, Nystova, restaurert med mellom anna nytt tak.	1985
	Gjertrudstova, istandsetjing av tak og konstruksjon, ny kledning	1995-96
	Stabbur, demontert og skifta ut øydelagt materiale.	1985
	Eldhus, demontert og bygd opp som kopi. Noko tømmer vart om att brukt.	1984
	Fjøs, riven og bygd opp som kopi litt tømmer kunne brukast om att.	1984
Thomasgarden	Linastova, demontert og remontert.	1994-95

	Stabbur/tidlegare kvern, reparasjonar på tak, nye vindskier, ny stabbe og nokon nye kledningsbord.	
	Stabbeløa, bygd opp som ny kopi.	199?
	Stall, restaurert med mellom anna nytt tak og ny kledning i svolen.	1984-1993
	Eilertstova, nytt tak og skorstein, med gjenbruk av gamle takstein, sperr og sutak.	1993-1994

\*Tidspunktet for istandsetjing av bygningane er basert på opplysingar i rapporten frå Mons Kvamme og Geirr Vetti, samt dateringar av foto frå Aurland kommune. I nokon tilfelle er det litt ulike opplysingar i desse kjeldene.

Omfanget av istandsetjing av bygningane i tunet har variert frå mindre tiltak, til at bygningane har blitt gjenoppført som kopi av den som stod der. Dette avspeglar truleg tilstanden på bygningane då arbeidet med istandsetjinga av tunet starta på 1980-talet.

Sjølv om det har blitt gjennomført omfattande istandsetjing av mange av bygningane i tunet og nokon er oppattført som kopiar, har arbeidet vore gjort med stort omsyn til bygningane og tunet som heilskap. Eit resultat av dette er at tunet framleis framstår i stor grad slik det var på 1920-talet, jf. foto som var tatt av tunet då.



Figur 279. Tunet under restaureringa. Vi ser her at Oddastova har fått eit lite tilbygg og at stabbeløa framleis står, med pulttaket slik vi såg på bileta frå 1970-talet. På eldhuset i Oddagarden står framleis tilbygget med utedoen. Gjertrudstova er ferdig istandsett, medan arbeidet på Linastova enno ikkje er starta. Den nye bilvegen på framsida av løene i Oddagarden og Guttormgarden og vidare ned til bustadhuset nede på bøen er her godt synleg. Foto frå Aurland kommune, biletet er truleg teke på 1990-talet.



## Andersgarden

I Andersgarden var det fire hus som vart sett istand. Tre av dei, eldhuset, stabburet og driftsbygningen, hadde truleg ein svært dårleg teknisk tilstand. Alle tre vart demontert i samband med istandsetjinga og det vart til dels skifta ut mykje tømmer når dei vart remontert.

I eldhuset vart om lag 50% av tømmeret skifta ut med nytt tømmer. Stabburet hadde ein omfattande istandsetjing og vart i tillegg tilrettelagt slik at det var godkjend av Mattilsynet til bruk som lager. Her vart også grunnmuren tatt ned og det vart sett opp lecamurar på begge langsidene som så vart kledd med den opphavlege steinen.

Delar av stallen vart samstundes ombygd til toalett for dei besøkande. På driftsbygningen vart arka frå 1947 fjerna og takflata tilbakeført. Tilbygga på langsida inn mot vegen vart og bygd nye, i tillegg til at det vart skifta ut ein del tømmer i bygningen.



*istandsetjing. Foto Aurland kommune.*

*Figur 280. Eldhuset etter*



restaurering.

Figur 281. Stabburet under



kommune.

Figur 282. Stabburet under restaurering. Foto Aurland





Figur 283. Ny grunnmur i leca under stabburet. Lecamuren vart seinare kledd inn med stein. Foto Aurland kommune.



Figur 284. Oppe til venstre ser vi delar av gavlen til både stallen og løa. Den nye materialen i løa er godt synleg. Foto frå Aurland kommune.





*Figur 285. Løa med nye tilbygg. Foto Aurland kommune.*

### **Oddagarden**

I Oddagarden vart driftsbygningen sett i stand. Her vart det lagt på nytt byljevlekketak i tillegg til at den fekk ny kledning i eine gavlen og det vart bygd ny låvebru. Nokon nye dører vart også sett inn. Det vart også sett inn eit vindauga i langsida mot fjorden.

Oddastova har truleg hatt to ulike tilbygg i gavlen mot sør. Foto frå 1990-talet viser eit mindre tilbygg enn det som er der i dag. Det var fastbuande i huset fram til 1996. Dagens tilbygg kom truleg etter at dei hadde flytta ut, då tilbygget er innreia til produksjonskjøkken knytt til kafédrifta i tunet.



Figur 286. Løene i Oddagarden (til venstre) og Guttormgarden før istansetjing. Foto frå Aurland kommune.



287. Løa i Oddagarden under restaurering. Foto Aurland kommune.

Figur





Figur

288. Løa i Oddagarden. Nytt vindauge i langsida mot fjorden. Foto frå Aurland kommune



Figur 289. Løa i Oddagarden etter istandsetjinga. Foto frå Aurland kommune.





Figur 290. Løa i Oddagarden under restaurering. Foto Aurland kommune.

### **Guttormgarden**

I Guttormgarden vart det gjennomført ei større istandsetjing av stovehuset, Gjertrudstova, der tak og takkonstruksjon vart fornya. I tillegg fekk den ny kledning og roteskadar i konstruksjonen vart reparert og det vart laga nye vindauga. På kårstova/Nystova vart det gjort nokon reparasjonar på taket. Stabburet vart demontert og bygd oppatt, ein del av tømmeret måtte skiftast ut med ny.

Eldhuset hadde truleg svært dårleg tilstand då dette vart demontert og det vart bygd opp ein kopi av det. Noko tømmer vart brukt om att, men grua og pipa som vi ser på bilete frå 1926, figur 135, var truleg vekke då istandsetjinga byrja og vart heller ikkje rekonstruert. Også fjøsen må truleg ha hatt ein svært dårleg tilstand. Fjøsen vart riven og det vart sett opp ein eksteriørkopi, litt av tømmeret kunne brukast opp att og inne i fjøset er det godt synleg kva materiale som er gamal og kva materiale som er ny. Bygningen sitt interiør vart tilpassa til ny bruk som serveringslokale.





Figur 291. Istandsetjinga av Gjertrudstova er starta opp, delar av kledningen er riven. Foto frå Aurland kommune.



Figur 292. Istandsetjing av Gjertrudstova, nye sperrer er montert og delar av gavlen er demontert. Foto frå Aurland kommune.





Figur 293. Gjertrudstova under istandsetjing. Utskifting av tømmer i gavlen og nye sperrer. Foto frå Aurland kommune.



Figur 294. Langsida mot stabburet under restaurering. Foto Aurland kommune.





Figur 295. Istandsetjinga av Gjertrudstova nærmar seg ferdigstilling. Til venstre er eldhuset i Guttormgarden ferdig restaurert. Foto Aurland kommune.



Figur 296. Gavlen mot fjorden under istandsetjinga. Foto frå Aurland kommune.





Figur 297. Gjertrudstova ferdig istandsett. På stabburet ved sida av stova er taket sett i stand og kopien av fjøsen er ferdig. Foto frå Aurland kommune, 1996.



298. Gjertrudstova ferdig istandsett. Foto frå Aurland kommune, 1996.

Figur



Aurland kommune, 1996.

Figur 299. Nystova/kårstova etter istandseting. Foto frå





Figur 300. Eldhuset og stabburet i Guttormgarden. Foto Aurland kommune.



Figur 301. Driftsbygningen i Guttormgaden. Foto Aurland kommune.

## Thomasgarden

Fem av bygningane i Thomasgarden vart sett i stand i denne perioden. Den mest omfattande istandsetjinga her var på Linastova som vart demontert. Både grunnmur og tømmerkonstruksjonen var truleg svært dårlege. Foto viser at delar av grunnmuren har rasa ut og at det har vore stor utskifting av tømmer, mellom anna vart alt tømmeret på langveggen mot sør skifta. Innvendig var veggane på soverommet på loftet og koven i første etasje trekt med papir som var måla. I stova var veggane delvis dekkja med umåla porøse plater. Dette vart fjerna i samband med istandsetjinga og ikkje remontert etterpå. Interiøra i Linastova var måla, men den nye materialen er ikkje måla slik at det inne er svært synleg kvar ein har skifta ut material.

På stabburet ved Linastova vart det og gjort ein del mindre reparasjonar, ut i frå foto frå Aurland kommune ser vi at ein av stabbane er skifta ut, samt at det er gjort reparasjonsarbeid på kledning og taket.

Stabbeløa må ha vore det huset i Thomasgarden som truleg hadde dårlegast tilstand. Foto på figur 249-251 viser at taket er vekke på bygningen og det har blitt lagt på eit pulttak. Stabbeløa vart riven og det vart i staden sett opp ein kopi av den. På stallen ser vi at den har fått ny kledning i svolen og det vart lagt papp på taket til svolen. Taket på Eilertstova var også dårleg og vart lagt på nytt. Her vart det som var mogleg av den gamle taksteinen, sperrene og sutaket brukt om att. I tillegg vart skorsteinen reparert.



Figur 302. Thomasgarden, svolen på stallen er reparert. Foto Aurland kommune.





Figur 303. Thomasgarden. Foto Aurland kommune.



Figur 304. Linastova før istandsetjing, skotet og utedoen langs langveggen er riven. Vi ser her at Gjertrudstova og stabburet ved sida av den er ferdig restaurert. På stabburet ser vi tydeleg kva material som er ny og kva som er gammalt. Foto frå Aurland kommune.





Figur 305. Linastova før istandsetjing. Foto frå Aurland kommune, 1993.



Figur 306. Inngangsdøra til Linastova før istandsetjinga. Foto Aurland kommune.





Figur 307. Grunnmuren til Linastova etter at stova vart demontert. Foto Aurland kommune.



Figur 308. Grunnmuren til Linastova etter at stova vart demontert. Foto Aurland kommune.





Figur 309.

Den reparerte grunnmuren til Linastova. Foto Aurland kommune.



Figur

310. Den reparerte grunnmuren til Linastova. Fundamentet til grua om lag midt i bildet. Foto Aurland kommune.





Figur 311. Remontering av Linastova. Alt tømmeret i veggene mot sør har blitt skifta ut. I bakgrunnen til høyre ser vi gavlen i det tidlegare tilbygget til Oddastova. Foto Aurland kommune.



Figur 312. Remontering av Linastova. Foto Aurland kommune.





313. Tømmerkonstruksjonen ferdig remontert og det er lagt nytt tak. Foto Aurland kommune, 1996.

Figur



314. Tømmerkonstruksjonen er ferdig remontert og stova har fått nytt tak. Til venstre i biletet ser vi noko av takreparasjonane og ein ny stabbe på stabburet. Foto Aurland kommune, 1996.

Figur





Figur

315. Tømmerkassa til Linastova er lafta opp att. Biletet viser tydeleg grad av utskifting av material. Foto Aurland kommune, 1996.



Figur

316. Bygging av kopi av stabeløa. Foto Aurland kommune.





Figur 317. Thomasløa og delar av hagane rundt den. Foto frå Aurland kommune.



Figur 318. Thomasløa med låvebru frå hagen i bakkant og inn på øvste delen av låven. Foto frå Aurland kommune.

## 5.6 Tunet før istandsetjinga byrja i 2017

I 2017 løyvde Sogn og Fjordane fylkeskommune tilskot frå tilskotsordninga til freda kulturminne i privat eige til istandsetjing av Håkonstova. På dette tidspunktet var det fleire av bygningane som hadde behov for større og mindre istandsetjingsarbeid og tildelinga i 2017 var starten på dette arbeidet. I åra etter har det blitt løyvd midlar til istandsetjing av fleire bygningar, samstundes som det er behov for ytterlegare istandsetjing i åra framover. Bileta nedanfor viser tunet før byrjinga av istandsetjinga i 2017.

### Tunet



*Figur 319. Frå venstre vises Nystova i Guttormgarden, Vetlastova og Håkonstova i Andersgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.*





Figur 320. På venstre side av vegen er stabburet og taket på løa i Oddagarden, på høyre side er løa og stallen i Andersgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 321. Stabburet i Andersgarden, i bakgrunnen ser vi stallen og bak til venstre er taket på løa i Andersgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 322. Til venstre er løa i Oddagarden, til høyre er løa i Andersgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 323. Frå venstre ser vi Håkonstova og Vetlastova i Andersgarden. Bak er Nystova i Guttormgarden og lengst til høyre er Oddastova i Oddagarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 324. Frå venstre ser vi hjørnet på Håkonstova, Vetlastova, Gjertrudstova og Oddastova. Framfor Gjertrudstova ser vi litt av hagen ved Nystova i Guttormgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 325. Frå venstre viser Gjertrudstova, hagen og Nystova i Guttormgarden. Bak hagen ser vi Oddastova og Vetlastova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 326. Frå venstre ser vi Oddastova, stallen og stabburet Andersgarden, litt av Håkonstova og Vetlastova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 327. Frå venstre ser vi Linastova, del av Oddastova, Gjertrudstova og Stabburet i Guttormgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018.





*Figur 328. Frå venstre ser vi løa til Guttormgarden, Sauefjøs til Oddagarden, Linastova til Thomasgarden, Gjertrudstova og stabburet til Guttormgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.*

## Andersgarden



*Figur 329. Håkonstova før istandsetjinga starta. Vi ser her at på dette tidspunktet hadde stova inngangsdør i gavlen mot Vetlastova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.*





Figur 330. Håkonstova, langveggen mot parkeringsplassen. På dette tidspunktet var tilbygget på langsida vekke og kun grunnmuren stod att. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 331. Gavlveggen til Vetlastova og langveggen til Håkonstova, i framgrunnen litt av det arealet som tidlegare var brukt til hage. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 332. Langsida og gavl med inngangsdør til Vetlastova. I bakgrunnen er Nystova i Guttormgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 333 og

Figur 334. Vetlastova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 335. Stabburet, i bakgrunnen til venstre ser vi eldhuset. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 336. Bak til venstre er stallen, stabburet til høgre. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 337. Stallen, tilbygget i gavlen romma utedoen. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 338. Gavlveggen til stallen, i bakgrunnen løa. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 339. Løa sett frå vegen. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.

### Oddagarden



Figur 340. Gavlvæggen til Oddastova, til høgre sauefjøs. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 341. Oddastova, sauefjøsene og eldhuset. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 342. Eldhuset til venstre og stabburet til høyre. Bak ser vi litt av løa. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 343. Oddagarden med sauefjøs, eldhuset og stabburet. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 344. Løa, langveggen med låvebru. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



## Guttormgarden



Figur 345. Nystova, til venstre litt av hagen og til høyre hjørnet på Gjertrudstova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 346. Nystova, gavlen med inngangsdøra. Til venstre litt av hagen og bak hagen ligg Vetlastova i Andersgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 347. Gavlveggen til Nystova, med lemmer til å skyve opp framfor vindauga. Til venstre er eit av dei gamle epletrea i hagen. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 348. Gavlveggen med inngangsdøra til Gjertrudstova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 349. Gavlen med inngangsdøra til stabburet. Til venstre er gavlen til fjøsen og til høyre for stabburet er langsida til Gjertrudstova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 350. Eldhuset, til høyre del av gavlen til Gjertrudstova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 351. Løa med dei tre nye døren på langveggen. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.

## Thomasgarden



*Figur 352. Linastova, til høgre er sauefjøsene og ein flik av Oddastova i Oddagarden. Bak langveggen ser vi litt av stabburet og bak til venstre er Gjertrudstova i Guttormgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.*





Figur 353. Frå venstre er Linsastova, stabburet og hjørnet på Oddastova. i bakgrunnen er løa til Guttormgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 354. Langveggen med skotet på Linastova, bak er Oddastova. Til høgre er Gjertrudstova og stabburet i Guttormgarden. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





*Figur 355. Til venstre er Stabbeløa og til høyre ser vi stallen. mellom disse bygningane ligg hagen med gamle frukttr e og b erbusker. Vi ser ogs a litt av murane som er bygd opp i hagen. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.*





Figur 356. Stallen, langsida mot fjorden og gavlsida mot husrekka i Thomasgarden. Bak til venstre er stabeløa, til høgre er litt av stabburet. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 357. Til venstre er langsida av Eilertstova, til høgre er stabburet. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 358. Frå venstre ser vi Thomasløa, kårstova og Eilertstova. Framme til venstre ser vi litt av hagen på oppsida av Thomasløa. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 359. Til venstre Thomasløa, midt i bildet er gavlveggen med inngangsdøra til kårstova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 360. Frå venstre ser vi litt av gavlen til Eilertstova, stabburet, stallen og stabeløa. Foto Arlen Bidne/Vestland fylkeskommune, 2017.



Figur 361. Gavlveggen med inngangsdøra til stabburet. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 362. Eilertstova, Langsida med mellombygget til kårstova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 363. Eilertstova, gavlveggen med inngangsdøra. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 364. Frå venstre ser vi litt av hagen bak Thomasløa, Thomasløa og hjørnet på kårstova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017. Figur 365. Gavlveggen med inngangsdøra til kårstova, del av langveggen til Eilertstova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





fylkeskommune, 2017.

Figur 366. Eldhuset. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane



Figur 367. Husrekke i Thomasgarden. Frå venstre ser vi stabburet, Eilertstova, kårstova og Thomasløa. I bakgrunnen er frukthagen. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur

368. Husrekkja i Thomaskjærdet sett mot tunet. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017. Figur 369. Gavlvegg mot fjorden og langsida på stabburet. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.



Figur 370. Kårstova, gavlfasade mot fjorden med skyvelemmar framfor vindauga. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.





Figur 371. Eilertstova, gavlfasade mot fjorden. Biletet viser også endeveggen i mellombygget mellom Eilertstova og kårstova. Foto Arlen Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 21017.

## 5.7 Oppsummering bygningshistorikk 1926 – 2022

Tunet har i denne tidsperioden gjennomgått ein del endringar, samstundes så er svært mykje framleis bevart av tunstruktur, hagar og bygningar. Ut i frå bildematerialet og underøskingar av bygningane ser vi at den største endringa skjedde i perioden mellom 1926 og 1974. I denne perioden vart fleire av bygningane i den nordlege delen av tunet rivne, samstundes som at det vart ført opp eit nytt stabbur. I tillegg vart dei store løene modernisert med at dei fekk ført opp ei flatark med låvebru slik at ein kunne køyre høyet inn øvst i løene.

På midten av 1980-talet var mange av bygningane i ein dårleg teknisk tilstand og det var nødvendig å starte opp ei omfattande restaurering av desse. Då Aurland kommune overtok eigarskapet til bygningane i tunet sette dei i gang eit større istandsetjingsarbeid. Fleire av bygningane måtte demonterast slik at grunnmur kunne reparerast og skada material skiftast ut. Linastova var ein av dei bygningane som vart demontert, ved remonteringa vart ikkje utedoen gjenoppbygd noko som gjer at det i dag er få utedoar att i tunet.

I eldhuset og stabburet i Andersgarden, eldhuset og stabburet i Guttormgarden var det nødvendig med ei høg grad av utskifting av materiale. Fjøsen i Guttormgarden og stabbeløa vart oppført som eksteriørkopiar. I fjøsen i Guttormgarden var det litt materiale som kunne brukast om att men hovudmengda av material var ny. Interiøret i bygningen vart og nytt og den vart tilpassa til serveringslokale.

Oddastova er den bygningen som har gjennomgått mest endringar. På 1980-talet var det her eit bislag med trapp langs langveggen med inngangsdørene og eit lite tilbygg i gavlen mot Gjertrudstova. Tilbygget vart seinare rive og erstatta med dagens tilbygg som er ei forlenging av Oddastova. Dette tilbygget rommer eit moderne produksjonskjøkken til drifta av tunet. Ei fylje av at stova vart forlenga er at hest- og kjellevegen mellom Lina-stabburet og hjørnet/muren på Oddastova vart om lag halvert. I dag er det kun gangveg her. Samstundes vart trappeinngangen med tak i nordaustre hjørne borte og frukthagen i gavlveggen gjekk tapt.

Av mindre endringar er monteringa av kjøkkeninnreiing i koven i Gjertrudstova for å tilpasse stova til servering.

I stallen til Andersgarden vart det gjort endringar i interiøret ved at delar av bygningen vart tilrettelagt til publikumstoalett.

Kring 2015 hadde fleire av bygningane behov for vesentleg istandsetjing, i hovudsak gjaldt dette bygningar som ikkje hadde blitt sett istand i samband med Aurland kommune si istandsetjing av tunet på 1980- og 1990-talet. Ei av utfordringane no var fundamenta på fleire hus, noko som førte til at Håkonstova og stabburet i Thomasgarden måtte demonterast for å utbetre fundamenta. I tillegg måtte det gjerast arbeid på fundamenta på Eilertstova. Samstundes som fundamenta vart reparert vart det også gjort istandsetjing av resten av bygningane. Under istandsetjinga av Håkonstova vart det gjort ei endring på bygningen ved at inngangsdøra vart flytta frå gavlveggen til langveggen.

Eit fellestrekk med dei endringane som har blitt gjort i tunet er at dei er forholdsvis små og gjort i ein skala som ikkje bryt med den øvrige bygningsmassen. Dei husa som har blitt erstatta med kopiar har blitt utført på ein god måte slik at tunet sin struktur og opplevingsverdi har blitt bevart. Dei grepa som har blitt gjort for å tilpasse tunet til bruk som bygdetun har vore små og ein har klart å gjere dette utan å bygge nye store bygg, noko som har bidratt til å bevare skalaen på bygningane i tunet.



## 6. Kulturhistoriske verdiar

Dei kulturhistoriske verdiane i Otternestunet har vore godt kjend i forvaltninga i lang tid og det var planar om å starte opp fredingssak for tunet på midten av 1970-talet. I 1984 held Aurland kommune ein eigen konferanse om framtida for Otternestunet og dei kulturhistoriske verdiane i det. Distriktsantikvaren for Vestlandet Per Jan Lavik held her eit innlegg der han trekkjer fram dei lange linene i jordbruksdrifta og at ein her har bevart både bygningar og reiskap og driftsmåtar som representerer ein ubrotten tradisjon tilbake til jernalderbusetjinga.<sup>44</sup> Han viser også til at «Otternestunet er eit framifrå døme på funksjonell utnytting av ressursar og terreng, utforma i møtet mellom tusen år gamal tradisjon og kravstore naturvilkår.»<sup>45</sup>

Dei kulturhistoriske verdiane i Otternestunet er knytt til tunet som heilskap og samspelet mellom bygningane, hagane og innmarka. Vidare er det fleire av enkeltbygningane som har ein høg kulturhistorisk verdi i seg sjølv noko som vert kort omtala i kap. 6.3. Dei godt bevarte hagane med gamle frukttre har òg ein høg kulturhistorisk verdi i seg sjølv.

### 6.1 Eigenskapar

#### Alder

Alderen på bygningane i tunet strekkjer seg frå 1700-talet og fram til 1947, med hovudvekt på bygningar frå 1800-talet. Mange av bygningane har høg alder, av spesiell aldersverdi er løene og stallane som er bygningstypar det er bevart få av med så høg alder. Til dømes er det i Thomasløa bevart ein kyrafjøs frå kring 1850-talet. I tillegg er fleire av bustadhusa og stabbura av høg alder.

#### Autentisitet/opphavleg

Bygningane i tunet står på sin opphavlege plass og sjølv om nokon av dei bygningane som stod her i 1926 er rivne er det framleis bevart eit høgt tal gamle bygningar i tunet. Dette gjer at tunet sin struktur og heilskapen mellom bygningane har bevart ei høg grad av autentisitet. Nokon bygningar er ført opp som kopiar eller med høg grad av utskifting av materiale, kopiane er godt utført slik at tunet sin heilskap og struktur er bevart. Mange av bygningane i tunet er særst godt bevarte frå slik dei stod på 1800-talet, dette gjeld både stovehusa og andre typar bygningar. Dei fleste av stovehusa er særst godt bevart og har ei høg grad av autentisitet både eksteriør og interiør. Av særskild verdi er òg dei gamle løene/driftsbygningane som er bevart. I denne samanhengen peikar Thomasløa seg ut då kyrafjøsen i bygningen er særst godt bevart i tillegg til løedelen.

Inn i mellom bygningane i tunet var det fleire frukthagar. Desse var dels murt opp og tydeleg av grensa. I tillegg var det to større frukthagar sør i tunet ved Thomasløa. Framleis er det bevart mykje av desse hagane, både dei oppmura strukturane, gamle trær og busker. Noko som gjer at hagane i tunet har ei høg grad av autentisitet.

Då garden ikkje vart utskifta før i 1985 var det fram til då framleis teigblanding i innmarka. I dag er teigblandinga vekke, men ein kan framleis finne noko spor etter den i landskapet. Innmarka vert i dag brukt til beite og grasproduksjon slik at den framleis er open og det er jordbruksdrift på den.

---

<sup>44</sup> Lavik – manus til innlegg på konferansen Otternes 1984 ...frå fortid til framtid s. 2

<sup>45</sup> Lavik – manus til innlegg på konferansen Otternes 1984 ...frå fortid til framtid s. 4

## **Mangfald og variasjon**

Tunet på Otternes representerer eit mangfald av ulike bygningstypar som var nødvendig for den tradisjonelle gardsdrifta på Vestlandet. I tunet finn vi ulike variasjonar av stovehus frå 1700- og 1800-talet. Slik som røykstover som er ombygd til lemstover og halvlemstover, og stove hus med eit hovudplan med både to- og tre-roms planløsning. I kjellaren til fleire av stovehusa finn vi i dag att spor etter at dei har vore brukt som fjøs. I Eilertstova er det framleis bevart mykje av fjøsinnreinga i kjellaren. Dette saman med dei store løene med fjøs og den frittstående sauefjøs i Oddagarden og stallane viser eit mangfald i korleis ein haldt dyr tidlegare. Stabbura i tunet representerer og ei tidslinje med stabbur frå 1700-talet og fram til 1940-talet, noko som viser endringa i måten ein bygde stabbur på over eit langt tidsrom. Det er også ein stor variasjon i storleiken på stabbura der dei to stabbura i Thomasgarden representerer både det største og det minste stabburet. Av desse er det vesle stabburet ved Linastova av særskild interesse då det viser korleis ein har brukt om att ei kvern til stabbur.

Dei bevarte frukthagane i tunet er eit anna element som bidreg til mangfaldet og variasjonen i tunet. Dei viser til at ein her også la vekt på å dyrke frukt og bær i tillegg til korn og poteter.

Då heilskapen i tunet er særskild godt bevart representerer det også eit mangfald av historiar knytt til drifta av ein tradisjonell vestlandsgard. Tunet fortel om kvardagslivet til dei som budde her og dreiv garden. Ved at det er bevart både eit mangfald av bygningar, lause gjenstandar, hagar og innmarka representerer tunet ei mangfaldig kjelde til kunnskap om dei ulike sidene ved gardsdrifta og levemåten til dei som budde her.

## **Samanheng og heilskap**

Dei mange bevarte ulike bygningstypane på Otternes viser særskild godt den eldre tradisjonelle gardsdrifta med mange ulike bygningar med ulik funksjon som var nødvendig for å kunne skape eit levebrød for dei som dreiv garden. Ved at det er bevart så mange ulike bygningstypar er heilskapen i klyngetunet godt bevart. Vidare viser dei godt bevarte hagane og innmarka til samspelet mellom bygningsmassen og kulturlandskapet. Der kulturlandskapet vart forma av drifta på garden. Dei små hagane inne i tunet viser også korleis ein har dyrka på dei plassane der dette har vore mogleg og utnytta alle tilgjengelege ressursar.

## **Dynamikk og endring**

Tunet på Otternes har blitt forma over svært lang tid. Det er usikkert kva tid dei første bygningane i tunet vart reist, og mange av bygningane i tunet i dag har ein høg alder. Samstundes har det over tid blitt gjort endringar på bygningar og nye bygningar har kome til. I løpet av 1800-talet vart det gjort ein del endringar på bygningane. Desse endringane viser korleis ein har endra og tilpassa bygningane etter nye leve- og driftsmåtar. Til dømes viser ombygginga av fleire av stovehusa overgangen frå røykstove til stove med peis.

Endringane har kome sakte og over lang tid, noko som var vanleg utvikling i dei tradisjonelle gardsbruka fram til utskiftinga. Då det var ei nedgangstid for tunet kring førre hundreårsskifte, med mange unge som utvandra til Amerika, vart det ikkje gjort store endringar i tunet i denne tida slik vi finn mange andre stader. Eit resultat av dette er at den gamle tunskipnaden og bygningsmassen vart bevart og tunet beholdt sitt alderdommelege preg som framleis er der i dag.



På midten av 1900-talet vart det gjort ein del moderinseringar i tunet. Dei store løene fekk alle takopplett og køyrebru inn på loftet slik at ein kunne køyre høyet inn der. I tillegg vart det bygd nytt stabbur i Oddagarden. Med stabbar i betong og konstruksjon i reisverk skil dette stabburet seg frå dei andre i tunet som har trestabbar og er i lafta tømmer.

I innmarka var det forholdsvis få endringar i og med at teigblandinga varte fram til 1985. Den største endringa her kom truleg med innføringa av dyrking av poteter i første halvdel av 1800-talet, som vart ein viktig del av næringsgrunnlaget til garden.

### **Brot og kontrast – kontinuitet**

Bygningsmassen på Otternes fortel om ei drift av garden som har lang kontinuitet. Den lange tida garden har vore i drift og med dei sakte endringane i bygningsmassen for å tilpasse seg nye driftsmetodar viser til korleis ein over tid har tatt i bruk ulike nyvinningar. Eit døme på dette er dei stovene som har blitt bygd om frå røykstover til lemmstover etter at ein gjekk vekk frå røykonn og installerte peis med pipe og jernomn med pipe.

### **Lesbarheit og tydelegheit**

Ved at det er gjort få nye endringar i tunet er det lett lesbart og det representerar ein stor pedagogisk verdi og kunnskapsverdi. Heilskapen i tunet er tydeleg og det er difor lett å kunne formidle historia om både dei ulike sidene ved livet i tunet og drifta av garden.

### **Sårbarheit og tålegrenser**

Då tunet har ei høg grad av autentisitet er det svært sårbart for endringar i bygningsmassen. I framtida er det viktig at ein unngår at det kjem inn nye bygningar og at ein heller fokuserer på å få tatt i bruk dei bygningane som allereie er i tunet. Det er mange bygningar i tunet med ulik tilstandsgrad, og for enkelte av bygningane er forfallet ei trugsel mot dei kulturhistoriske verdiane. Det er difor viktig at ein får laga ein forvaltningsplan for tunet med ei prioritering av bygningane som må setjast i stand.

For hagane er det viktig at dei gamle plantesortane vert bevart. Her er det viktig at dei gamle trea og buskene vert skjøtta. Samstundes så bør ein vurdere moglegheita for å få poda opp nye frukttre frå dei gamle trea i tunet. Innmarka er i dag i stor grad godt bevart med få nye inngrep. Den vert brukt til beite og slått og det er viktig at denne bruken kan fortsetje då den tek godt vare på omgjevnadane til tunet. Innmarka er sårbar for endring av produksjon som krev nye innstallasjonar som endrar karakteren til den.

### **Samspelet mellom tunet og omgjevnadane**

Naturen og drifta av garden er vesentlege for utforminga av klyngetuna. Då tuna var plassert slik at ein ikkje brukte beste jorda til byggegrunn, samstundes som ein hadde lett tilgang til innmarka og til vatn vart det fort avgrensa kvar på garden ein kunne bygge. Då ein på Otternes skulla ha tunplass til fire bruk som alle skulle ha eit mangfald av bygningar, vart det nødvendig å bygge tett. Plasseringa av husa vart bestemt av terrenget og drifta av garden. På Otternes er mykje av innmarka framleis i bruk til gardsdrift noko som er svært positivt for forståinga av samspelet mellom tunet og landskapet som omgjev det.

## 6.2 Kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi

### Kunnskapsverdiar

Tunet på Otternes representerar store kulturhistoriske verdiar som kjelde til kunnskap om vår bygningshistorie, materialhistorie, handverkshistorie, landbrukshistorie og sosialhistorie. Dei godt bevarte bygningane i tunet rommar kunnskap om bygningstypar, materialtilgang og handverk over ein lang tidsperiode. Ved at tidsperioden er lang viser dei også korleis bygningane og handverket har endra seg over tid etter kvart som ein har fått nye behov, og nyvinningar innan byggeskikken har kome til. Mangfaldet av bygningstypar i tunet gjev oss kunnskap om kva bygningstypar som var nødvendige for drifta av tunet og korleis desse endra seg over tid. Ved at ein har bevart mange ulike bygningar i tunet gjev dei og kunnskap om kva arbeidsforhold både kvinner og menn hadde i den tida det budde folk i tunet. Stovehusa med dei godt bevarte interiøra representerer ei god kjelde til kunnskap om korleis folk budde tidlegare og korleis dette har endra seg frå 1700-talet og fram til 1990-talet då den siste fastbuande flytta ut av tunet.

Gjennomgangen ovanfor av hagane på Otternes viser at anlegget har store kulturhistoriske verdiar. Dei godt bevarte hagestrukturane saman med dei eldre frukttrea og andre planter er ei særskild god kjelde til kunnskap om tidlegare tider si fruktdyrking. Kunnskapsverdiene her er knytt til både oppbygginga av hagane, struktur og tilpassing til både tunet og terrenget, og den kjeldeverdien som plantematerialet har som ein potensiell genbank til gamle frukttre i Sogn.

Samspelet mellom bygningane, hagane og innmarka er ei unik kjelde til kunnskap om drifta og levemåten på eit tradisjonelt gardsbruk på Vestlandet i tida før utskiftinga. Samla sett representerer tunet med hagar og innmark store kulturhistoriske verdiar.

### Opplevingsverdiar

Gjennom si utforming og samspelet mellom bygningar, innmark og hagar representerer tunet også store opplevingsverdiar. Der eit besøk i tunet er som ei reise tilbake i tid. Der dei mange ulike trebygningane med sine bruksspor og patina saman med hagane og innmarka gjev dei besøknade ei estetisk oppleving. Samstundes så kan ein også oppleve spor etter slit og fortida sitt levevis der ein var avhengig av å sjølv kunne produsere det meste av det ein trengde for å livberge seg. Tunet gjev oss i dag ei oppleving og forståing av den sjølvveigande bonden på vestlandet sitt levevis og korleis dette har vore med på å forma landskapet. Mangfaldet med bygningar og samspelet mellom dei, hagane og innmarka gjev tunet store pedagogiske verdiar og det byr på mange moglegheiter til å formidle historia om vestlandsbonden og deira levevis.

I denne samanhengen er dei gamle hagane og frukttrea viktige for at dei besøknade får oppleve heilskapen i eit klyngetun. Fleire av dei gamle frukttrea, spesielt pæretrea i Hagen, har gjennom åra fått ei særmerkt og skulpturell form, noko som igjen bidreg til at dei besøknade får ei estetisk oppleving.

### Bruksverdiar

Tunet har stort potensial til vidare bruk. Dei mange bygningane og grøntarealet, samt plasseringa like ved verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap og cruisehamna i Flåm gjer at potensialet for besøknade i sommarsesongen er stort. Stiftinga Otternes bygdetun held på å utarbeida planar for den vidare bruken av tunet.

Vidare representerer dei gamle hagane eit stort potensial for auka bruksverdi. Trea ber framleis frukt og dagens besøknade er opptatt av kortreist mat. Sommaren 2021 og 2022 var det kafé/restaurantdrift i



tunet. Ei vidare føring av dette i kombinasjon med skjøtsel og nytte av dei gamle frukttrøa og bærbuskene vil vere med på å auke opplevingsverdien for dei besøknade og bidra til å nytte seg av ressursane i tunet.

## 6.3 kulturhistorisk verdi knytt til dei enkelte bygningane

I tillegg til dei kulturhistoriske verdiane knytt til tunet som heilskap representerer dei ulike bygningane kulturhistoriske verdiar i seg sjølv. Oversikta nedanfor gjev kort greie for dei enkelte bygningane sine kulturhistoriske verdiar.

Andersgarden	
Bygning	Vurdering
Eldhus	Bygningen er viktig for heilskapen i tunet. I tunet er det fire eldhus som saman viser ulike former for eldhus reist til ulike tider og i ulike byggjeteknikkar. Eldhuset har ein høg alder og er eit godt døme på dei små, lafta eldhusa på gardane på Vestlandet.
Stall og sauefjøs	Stallen er ein skjeldan bygningstype med stor verdi for heilskapen i tunet. Innreiinga av stallen er bevart. Bygningen hadde fleire funksjonar i tillegg til stall, sauefjøs og utedo. Fjøsinnreiinga gjekk tapt i samband med at det vart installert toalett i delar av bygningen. Utedoen er ein av to i tunet som er bevart. Eldre utedoar er skjeldne og det er viktig å bevare dei for å vise mangfaldet av bygningar som var nødvendig for levemåten på gardsbruka på Vestlandet. I tillegg har bygningen ein høg alder.
Løe/driftsbygning	Løe/driftsbygningen har ein høg alder og er ein tidstypisk bygning som i dag er skjeldan. Løedelen er framleis godt bevart, medan fjøsdelen har gått tapt. Tilbygga mot vegen er rekonstruksjonar av tidlegare tilbygg. Bygningen har kulturhistorisk verdi i seg sjølv og som ein del av heilskapen.
Stabbur	Stabburet har ein høg alder og er ein viktig bygningstype i tunet. Bygningen framstår med høg grad av autentisitet og har beholdt sin utsjånad sjølv om ein stor del material vart skifta i samband med istandsetjinga.
Stovehus, Håkonstova	Stova har ein høg alder og ei høg grad av autentisitet i både eksteriør og interiør. Den har bevart mange detaljar i tillegg til hovudkonstruksjonen. Stova har halvlem og viser til korleis ein tilpassa bygningane etter at ein fekk ny type eldstad. Halvlemstover er i dag skjeldne. Huset har stor kulturhistorisk eigenverdi og er viktig som ein del av heilskapen i tunet.
Stovehus, Vetlastova	Stova har ein høg alder og er svært godt bevart med mange detaljar i både eksteriør og interiør. Den har ein høg kulturhistorisk eigenverdi i tillegg til å vere ein del av heilskapen i tunet. Vetlastova er eit godt døme på levemåten for kårfolket på ein vestlandsgard. I tunet er det bevart fire kårhus og saman viser dei til både mangfaldet og fellestrekk til kårhus på gardane på Vestlandet.
Oddagarden	
Bygning	Vurdering
Oddastova	Oddastova har ein høg alder, men er den av bygningane i tunet som er mest ombygd då det her vart bygd til eit produksjonskjøkken på 2000-talet. Det gamle stoverommet og loftsrommet er framleis bevart og har ein høg verdi.

	Stova har verdi som ein del av heilskapen i tunet. Tilbygget har ingen kulturhistorisk verdi, men det har stor bruksverdi for drifta av tunet.
<b>Fjøs/sauefjøs</b>	Sauefjøsene er ein av få frittståande fjøsbygningar som står att i tunet. Bygningskonstruksjonen er godt bevart, men fjøsinnreiinga er nyare. Bygningen har høg verdi som ein skjeldan bygningstype og som ein del av heilskapen i tunet.
<b>Eldhus</b>	Eldhuset er med å vise mangfaldet innanfor bygningstypen ved at det er bygd i reisverk. I tillegg er eldhuset lite endra og har ein høg grad av autentisitet. Eldhuset har kulturhistorisk verdi i seg sjølv og som ein del av heilskapen i tunet.
<b>Stabbur</b>	Stabburet er truleg ein av dei siste bygningane som vart bygd i tunet medan det enno var i drift. Ved at det er bygd i reisverk og har stabbar i betong er det eit verdifulle døme på korleis ein har modernisert stabbursbygningane i tråd med meir moderne material og byggjeteknikk og er eit døme på utviklinga av bygningsmassen i tunet. Stabburet viser også til variasjonen av stabbur på vestlandet ved at det er det einaste av stabbura i tunet som ikkje er lafta.
<b>Løe/driftsbygning</b>	Løe/driftsbygningen har ein høg alder, og har blitt tilpassa ulike behov opp gjennom tidene. Største delen av bygningen er truleg frå midten av 1800-talet, men låvebrua og arka er frå midten av 1900-talet. Bygningen har ei høg grad av autentisitet og er eit godt døme på 1800-talet sine driftsbygningar og korleis dei har blitt tilpassa bruk over eit langt tidsrom.
<b>Guttormgarden</b>	
<b>Bygning</b>	<b>Vurdering</b>
<b>Nystova, kårhus</b>	Kårstova har ein høg alder og det er bevart særskilt mykje av det originale materialet og overflater i både eksteriør og interiør. I eksteriøret er det også bevart to av trelemmane som kunne heisast opp framfor vindauga i gavlen mot Andersgarden. Dette var eit element som tidlegare var vanleg i området, men som no er skjeldan. Interiøret er også særskilt godt bevart, av særskild verdi er det måla listverket i kammerset og den dekormåla døra i stoverommet. På grunn av den høge autentisiteten har bygningen ein svært høg eigenverdi som kulturminne, i tillegg har den ein høg kulturhistorisk verdi som del av heilskapen i tunet. Bygningen, saman med dei andre kårhusa, viser til mangfaldet av kårhusa på vestlandsgardane.
<b>Gjertrudstova</b>	Gjertrudstova har ein høg alder og er svært godt bevart. Bygningen var truleg bygd som ei røykstove og viser korleis ein har endra på bygningane som fylje av endring av eldstad. Då den på 1800-talet fekk peis med pipe og ein la lem over stova og sette inn vindauga og innvendig panel. Gjertrudstova viser her ei noko anna form for ombygging enn den vi finn i Håkonstova og Eilertstova. Dette er med å vise noko av mangfaldet i korleis ein tilpassa stovehusa etter at røykoven vart erstatta med peis og pipe. Dette gjev Gjertrudstova ein høg eigenverdi som kulturminne og ein høg verdi som del av heilskapen i tunet.



<b>Stabbur</b>	Bygningen har ein høg alder, og sjølv om den vart demontert for reparasjon i 1985 er det framleis bevart mykje av den opphavlege materialen. Bygningen framstår i dag med ein stor grad av autentisitet. Interiøret har ein høg grad av autentisitet og er ei sær s god kjelde til kunnskap om eldre stabbursbygningar. I tunet er det bevart fem ulike stabbur av ulik storleik, alder og byggjeteknikk. Saman gjev dei eit godt bilete av mangfaldet av stabbur som vi tidlegare fann på Vestlandet. Bygningen har ein høg kulturhistorisk eigenverdi og ein høg verdi som del av heilskapen i tunet.
<b>Eldhus</b>	Bygningen har ein høg alder, men vart demontert i 1984 og i samband med istandsetjinga måtte ein skifte ut svært mykje material, så bygningen framstår i dag nærast som ein kopi av det opphavlege eldhuset. På grunn av at det er lite att av det opphavlege materiale er bygningen sin kulturhistoriske verdi primært knytt til huset som ein del av heilskapen i tunet.
<b>Fjøs til kyr/ serveringslokale</b>	Fjøset som står her i dag er i hovudsak ein eksteriørkopi av den opphavlege bygningen. Nokon få opphavlege tømmerstokkar er bevart. Då det er så lite bevart av den opphavlege materialen i bygningen er den kulturhistoriske verdien primært knytt til bygningen som ein del av heilskapen i tunet.
<b>Løe/driftsbygning</b>	Bygningen har ein høg alder og er ein tidstypisk løe/driftsbygning frå midten av 1800-talet, delar av tømmeret er av ein eldre type, noko som tyder på at det kan vere gjenbruk frå ein eldre bygning. Bygningen har ein høg kulturhistorisk eigenverdi og verdi som ein del av heilskapen i tunet.
<b>Thomasgarden</b>	
<b>Bygning</b>	<b>Vurdering</b>
<b>Stabbur/kvernhus</b>	Stabburet har ein høg alder og er eit skjeldan døme på bruksendring frå kvernhus til stabbur. Det er eit godt døme på korleis ein har brukt om att bygningar etter at den gjekk ut av opphavleg bruk. Bygningen har ein svært høg grad av autentisitet som stabbur. I tunet er det fem ulike stabbur som viser til mangfaldet av stabbur på gardane på Vestlandet. Stabburet var til kårfolket på garden og er det minste av stabbura i tunet, det er eit godt døme på at stabbura vart tilpassa hushaldet det var ein del av. Stabburet har ein høg eigenverdi som kulturminne i tillegg til verdi som ein del av heilskapen i tunet.
<b>Linastova</b>	Bygningen har ein høg alder og er svært godt bevart. Mykje av interiøra er framleis bevart og av særskild verdi er det kvelva taket i loftsrommet mot fjorden, då det er bevart få kvelva tak på tømmerhus knytt til tradisjonelle gardsbruk. Linastova har og ein høg verdi som del av heilskapen i tunet og mangfaldet av bustadstypar som er samla her.
<b>Stabbeløa</b>	Stabbeløa er ein kopi av løa som stod her tidlegare, og er bygd i 1983-84. Bygningen har kun verdi som ein del av heilskapen i tunet.
<b>Stall</b>	Stallen har ein høg alder og det er bevart få så gamle stallar i Vestland. Den representerer difor ein skjeldan bygningstype. Den har ei høg grad av autentisitet og delar av interiøret i sjølve stallen er bevart. I svolen er det

	skifta ut svært mykje materiale , og den delen har verdi som del av heilskapen i bygningen sitt eksteriør.
<b>Stabbur</b>	Stabburet har ein høg alder, og er sær s godt bevart både i eksteriøret og interiøret. Dette stabburet er det største av stabbura på garden og har truleg vore brukt av to hushald. Det er med på å vise til mangfaldet av stabbursbygningar på Vestlandet som er godt representert på Otternes. På bakgrunn av den høge alderen og høge grada av autentisitet har stabburet ein høg eigenverdi som kulturminne i tillegg til ein høg verdi som del av heilskapen i tunet.
<b>Eilertstova</b>	Eilertstova har ein høg alder. I tillegg viser bygningen endringane i buform frå røykstove til halv-lemstove på 1800-talet. Den er sær s godt bevart med fleire spesielle interiørdetaljar som i dag er skjeldne. Spesielt halvlemmen med utskore gelender mot aust og vest. Bruk av halvlem er eit døme på tilpassing til ny eldstad, der ein etter å ha skifta ut røykomn med peis og pipe fekk moglegheit til å utnytte loftsetasjen på ein annan måte. I dag er det bevart få halvlemstover i Vestland og dette er ein skjeldan bygningstype. Eilertstova er og med på å vise mangfaldet mellom stovehus på gardane på Vestlandet. Eilertstova har høg kulturhistorisk eigenverdi og som ein del av heilskapen i tunet.
<b>Kårstova</b>	Kårstova har ein høg alder og har gjennomgått få endringar frå 1860 og fram til i dag og bygningen har ei høg grad av autentisitet. Den har og bevart bygningsdetaljar som tidlegare var vanlege men som no er skjeldan, slik som til dømes skyvelemmane framfor vindauga i gavlen mot fjorden. Bygningen har høg kulturhistorisk eigenverdi og høg kulturhistorisk verdi som ein del av heilskapen i tunet.
<b>Thomasløa, løe/driftsbygning</b>	Bygningen er svært godt bevart frå slik den var på midten av 1800-talet, og med unntak av den tilbygde arka frå midten av 1900-talet har den gjennomgått få endringar. Bygningen har ein høg grad av autentisitet i både eksteriøret og interiøret. Kyrafjøsens sitt interiør er av sær s høg verdi då dette er svært godt bevart og det er skjeldan å finne så godt bevarte fjøs med så høg alder. Thomasløa sin kjeldeverdi og formidlingsverdi er høg då den er eit autentisk og representativt døme på korleis dei moderne driftsbygningane på midten av 1800-talet byrja å ta form. På grunn av storleiken og plasseringa kan den sjåast på som eit av signalbygga i tunet. Løa har ein høg kulturhistorisk eigenverdi og ein høg verdi som del av heilskapen i tunet.
<b>Eldhus</b>	Eldhuset er ein av dei nyare bygningane i tunet og viser at eldhus var ein viktig bygningstype langt opp på 1900-talet. Dagens eldhus viser korleis ein bygde eldhus på midten av 1900-talet og er med på å vise mangfaldet til denne bygningstypen. Eldhuset har kulturhistorisk verdi i seg sjølv og som ein del av heilskapen i tunet og er eit godt døme på eldhus bygd på midten av 1900-talet.



## 6.4 Otternes sett i samanheng med dei andre freda klyngetuna i Vestland

### Bygningane

Bygningsmassen på Otternes har mange fellestrekk med bygningsmassen på dei andre freda klyngetuna i Vestland. Dette heng nok saman med at dei alle ligg i forholdsvis like landskap og har vore skapt ut i frå behova til den tradisjonelle gardsdrifta på Vestlandet. Otternes skil seg frå dei andre freda klyngetuna i Vestland ved at tunet er organisert som eit kombinert klynge- og rekkjetun. For både Otternes, Osmundnes og Mølstertunet er det ikkje bygd nokon moderne bygningar inn i mellom eller heilt tett på tunet. Felles for både Mølstertunet og Otternes var at i samband med utskiftinga flytta eigarane ut av tunet og selde det for bruk til museum/bygdetun. Dei nye tuna til gardsbruka vart så plassert eit stykke unna det gamle tunet slik at begge desse tuna framleis er omgjevne av innmarka. Sveitserstilen har heller ikkje sett noko merke på tunet på Otternes slik vi finn det i ein del av dei andre klyngetuna.

Saman med dei andre freda klyngetuna i Vestland er Otternes med på å vise til både likskapane og mangfaldet i dei tradisjonelle gardsbruka i tida før utskiftinga. Tuna har ulike eigenskapar knytt til bygnings typar, bygningstekniske løysingar, tun struktur, plassering i landskapet, samspelet mellom tun og innmark. Dette gjer at dei freda klyngetuna i Vestland saman viser til mangfaldet mellom gardsbruka i tida før utskiftinga.

### Hagar og innmark

Samanliknar vi hagane på Otternes med dei andre freda klyngetuna i Vestland ser vi fleire likskapstrekk. Inngjerdinga av hagane finn vi att både på Ystås og Aga, sannsynlegvis har dei også vore det på Havrå. Det var viktig å beskytte frukttræa og bærbuskene mot dyra som gjekk gjennom tunet. Eit anna trekk som vi finn att i tuna er at ein vel å plante både frukttræ og prydtre tett på husa. Dette kan ha med at det er trangt i tuna og at det er lunare tett inntil husveggen slik at ein her får eit betre vekstmiljø for træa.

Karakterane på hagane heng tett saman med landskapet. På Aga ligg tunet i eit forholdsvis flatt område og det er ingen høge murar som avgrensar hagane. Medan det i Otternestunet, som ligg svært brattlend, er fleire av hagane oppbygd med til dels høge murar i nederkant noko som gav plass til dyrkinga og samstundes som hagane vart avgrensa. Inne i tuna var det lite område der ein kunne dyrke på, noko som gjer at dei større frukthagane var plassert på innmarka utanfor tunet. Dette vises tydeleg på Aga der tunet framleis i dag er omgjeve av store frukthagar der ein dyrkar frukt for sal. På Otternes ser vi også at dei største hagane, Hagen og hagen på oppsida av Thomasløa, ligg inntil utkanten av tunet og kan sjåast på som ein overgang mellom tun, hage og innmark. På Havrå planta dei frukthagar på 1930-talet på innmarka men det er sagt lite om det også var eldre frukttrær inne i tunet. I tunplanen frå 1949 ser vi at det på den tida var ei rekkje trær og nokon hagar inne i tunet. Det same finn vi også att på Ystås.

I samband med freding av andre klyngetun i Vestland har hagane i tunet vore lite vektlagt. Unntaket er Havråtunet som er forskriftsfreda som eit kulturmiljø. Her har fokuset vore på det heilskaplege kulturlandskapet frå fjord til fjell i eit førindustrialisert landbruk. Sjølv om det har vore gjort mykje kartlegging og forskning på kulturlandskapet er det også her gjort forholdsvis lite undersøkingar knytt til frukt dyrkinga.

På Ystås er det varsla oppstart av fredingssak og til liks med fredingssaka på Otternes er hagar og kulturlandskaps verdiar noko som vil bli vurdert. Hagane på Ystås har i dag få eldre plantar, samstundes

som det har blitt planta inn ei rekkje nye plantar. Nokon av dei er tradisjonelle historiske plantar, medan andre er moderne planter. På Otternes er det framleis mange eldre trær og med unntak av den nyanlagte kjøkkenhangen er det få nye/moderne planter i anlegget. Autentisiteten på hagane i Otternestunet er såleis svært høg og det er viktig at den vert tatt vare på.

I ingen av dei andre tre fredingssakene for klyngetun har hagane blitt vurdert som eit kulturminne i seg sjølv, dei har kun vore ein del av heilskapen utan at det har blitt gjort noko særleg kartlegging av dei i samband med fredinga. I samband med fredinga av Otternes har ein her moglegheit til å gjere ei vurdering av hagane sin sjølvstendige verdi som kulturminne. På bakgrunn av at det er mykje bevart av både strukturar og eldre planter på Otternes og at hagane inne i tunet ikkje er forstyrre av nyare bygningar og andre installasjonar så tilseier det at hagane bør bli omfatta av ei freding etter kml § 15.

## 6.4 Oppsummering kulturhistoriske verdier

Otternes har nasjonal verdi som eit særst godt døme på klyngetuna på gardane på Vestlandet. Dei store verdiane i tunet er knytt til tunet som ein representant for dei vanlege gardsbruka på Vestlandet i tida før det store hamskiftet i jordbruket. Tunet som heilskap representerer store kulturhistoriske verdier som kjelde til kunnskap om vår landbrukshistorie, bygningshistorie, materialhistorie, handverkshistorie og sosialhistorie.

I 1857 kom *Lov um Jords og Skovs Udskiftning af Felledsskab* som påla oppløysing av jordfellesskapet og utskifting av gardane dersom ein av brukarane krov dette. Ei fylje av denne lova var at det vart sett i gang ei storstilt utskifting av gardane på Vestlandet. Utskiftinga av gardane førte også til at dei gamle klyngetuna vart oppløyst og bruka fekk samla jorda si kring eit nytt tun til kvart enkelt bruk. Dette førte til ei radikal endring av jordbrukslandskapet og tunskipnaden, og i dag er det svært få av dei gamle klyngetuna som står att. Otternes er eit av dei få klyngetuna med mange brukarar og bygningar der den gamle tunstrukturen, bygningar og frukthagar framleis er bevart utan at det er kome nye bygningar inn i, eller tett på tunet. Dette gjer tunet til ei særst god kjelde til kunnskap om gardstuna i tida før utskiftinga.

Som bygningssgruppe har stovene av ulik alder, storleik og utforming ein høg kunnskapsverdi. Til saman viser dei til mangfaldet i stovetypar på 1700- og 1800-talet. Av særskild verdi er dei to stovene med halvlem som i dag er ein skjeldan bygningstype som viser til overgangen frå røykonnstover til lemstover med peis/jernomn og pipe. Vidare har kårstovene med sine svært godt bevarte interiør frå 1800-talet ein høg kunnskapsverdi og opplevingsverdi.

Stabbura med ulik alder og storleik viser korleis desse har blitt tilpassa ulike behov over eit langt tidsrom. Stabburet ved Linastova var tidlegare eit kvernhus som vart ombygd til stabbur då det ikkje lenger var hensiktsmessig å nytte det til kvernhus, noko som viser korleis ein har nytta dei tilgjengelege ressursane og gitt ny bruk til ein bygning som ikkje lenger var hensiktsmessig.

Eldhusa har ulik alder og er utført på ulik måte. Saman viser dei at eldhus var viktig på garden i eit langt tidsperspektiv og at ein så seint som på 1940-talet hadde behov for å føre opp eit nytt eldhus. Eldhusa gjev oss i dag kunnskap om drifta av garden knytt til konservering av mat i eit langt tidsperspektiv

Dei bevarte stallane og den frittstående sauefjøsene er gode dømer på bygningstypar som det i dag er få att av. Gardstuna i det førindustrielle samfunnet bestod av mange ulike bygningar som hadde kun ein



funksjon. Stallane og sauefjøsene gjev oss her kunnskap om dyrehaldet i tida før det store hamskiftet i jordbruket.

Lagring av fôr til dyra var svært viktig for å kunne berge dei over vinteren. Dei store løene/driftsbygningane er alle gode dømer på tidlege driftsbygningar med fleire funksjonar slik dei vart bygd og vidareutvikla på 1700- og 1800-talet. I tillegg til løedelen er det i løene/driftsbygningane til Oddagarden, Guttormgarden og Thomasgarden bevart delar av fjøsinnreiinga. Her er kyrafjøsene i Thomasløa av særskild verdi då interiøret her er særst godt bevart.

Tunet er ei viktig kjelde til kunnskap om den tradisjonelle gardsdrifta på Vestlandet i tida før det store hamskiftet. Ved at både tunstruktur, bygningar, frukthagar og innmark er bevart er det ei viktig kjelde til kunnskap om dei ulike sidene ved gardsdrifta og levemåten i det førindustrielle jordbrukssamfunnet. Otternes var ein vanleg vestlandsgard og gjev såleis innsikt og kunnskap om korleis vanlege bønder levde tidlegare. Garden har ei lang historie som framleis er synleg i tunet då det består av bygningar frå 1700-talet og fram til 1940-talet noko som gjev oss kunnskap om korleis drifts- og levemåten endra seg over eit lengre tidsrom.

Fruktdyrking har ein lang tradisjon i Sogn og frå 1800-talet vart det vanlegare å dyrke frukt for sal. Dei tidlege frukthagane bestod av trær med store kroner som stod med god avstand frå kvarandre. Dette mogleggjorde dyrking i fleire høgder på same areal, ved at ein kunne slå gras til fôr og samstundes hauste frukt frå trea. Også inne i tunet vart det planta frukttre på areal der dette var mogleg. Dette er godt bevart i tunet på Otternes, er ei god kjelde til kunnskap om den tidlege fruktdyrkinga i Sogn. Det at plantemateriale framleis er bevart gjer at ein også har moglegheit til å bevare genmaterialet frå dei gamle frukttrea.

Otternes har ein stor opplevingsverdi. Tunet ligg høgt og lett synleg samstundes som det er ope for publikum. Dei mange ulike godt bevarte bygningane, saman med frukthagane og innmarka gjev også dei besøkjande ei estetisk oppleving. Tunet ligg like utanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden og er godt synleg frå verdsarvområdet og gjev såleis ein ekstra opplevingsverdi for dei besøkjande til verdsarvområdet.

Tunet har ein høg bruksverdi som bygdetun, men og som attraksjon til dei mange turistane som kvart år kjem til området.

## 7. Kjelder

- Alvheim, Herleiv, m.fl    Otternes 1984 ... frå fortid til framtid.    Konferanserapport 1984
- Berg, Arne    Norske gardstun    1968
- Hauge, Leif    *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Aurland kommune*    1989
- Hjeltnes, Stein Harald    Gamle sortar frå Sogn    *Gravenstein. Fruktdyrking i Sogn gjennom 200 år. Årbok for Sogn 1992*
- Hjulstad, Olav    *Uthushistorie. Driftsbyggingar på norske gardsbruk frå jernalderen til i dag.* 1991
- Hovland, Bjørg    Omsetning av frukt frå Luster    *Gravenstein. Fruktdyrking i Sogn gjennom 200 år. Årbok for Sogn 1992*
- Husabø, Per J.    Skjering og forming av frukttre    *Gravenstein. Fruktdyrking i Sogn gjennom 200 år. Årbok for Sogn 1992*
- Kleppa, Hermund    Premiering i hagebruket    *Gravenstein. Fruktdyrking i Sogn gjennom 200 år. Årbok for Sogn 1992*
- Midttun, Gisle    *Sogn* 193..
- Måge, Finn    *Norsk frukthistorie. Sett frå Hardanger* 2016
- Ohnstad, Anders    *Gardssoge for Aurland. Ein del av Vangen Sokn. Frå Loven til og med Frondalen Band III* 1996
- Ohnstad, Anders    *Aurland bygdebok Frå 1835 – 1985* 1990
- Røyrane, Eva og Oddleiv Apneseth    *Klyngetun* 2018
- Skre, Brita Gjerdåker    *Havråboka. Soga om ein gammal gard på Osterøy* 1994
- Urtegaard, Gunnar    Fruktdyrking i Sogn i eldre tid    *Gravenstein. Fruktdyrking i Sogn gjennom 200 år. Årbok for Sogn 1992*
- Vikesland, Ingvar    Minne frå barndommen om folk og gard på Otternes kring 1950    artikkel i *Glimt frå Aurlandssoga band II, 1997*, red Anders Ohnstad
- Voss folkemuseum    *Voss folkemuseum* 1992

### Arkiv/rapportar

SEFRAK- registreringane av tunet

Vedtak om freding av Osmundnes i Gloppen kommune.

Dokumentasjonsvedlegg til fredingsvedtak for Osmundnes i Gloppen kommune.

Riksantikvaren sitt arkiv



Vestland fylkeskommune sitt saksarkiv

Vetti, Geirr og Mons Kvamme Otternes bygdetun, tilstandsvurdering, istandsetningsplan med kostnadsoverslag 2008.

#### Databaser:

Askeladden

Fylkesatlas.no

Kartverket, Historiske kart <https://www.kartverket.no/om-kartverket/historie/historiske-kart>

Lovdata:

Forskrift om fredning av Havrå som kulturmiljø, Osterøy kommune, Hordaland.

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1998-12-04-1188?q=forskrift%20havra%C3%A5>

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse Hordaland

[file:///C:/Users/arlbid/Downloads/Kulturhistoriske\\_landskap\\_Hordaland%20\(1\).pdf](file:///C:/Users/arlbid/Downloads/Kulturhistoriske_landskap_Hordaland%20(1).pdf)

Jordal, John Bjarne Kartlegging av artsmangfold og naturtyper på Havrå i Osterøy i 2016-2017


[http://www.jbjordal.no/publikasjoner/Rapport\\_Havraa2018.pdf](http://www.jbjordal.no/publikasjoner/Rapport_Havraa2018.pdf)

Økland, Olaug Norun den tradisjonelle garden – verdigrunnlag og vernehistorie 1998

<https://www.nb.no/items/14428136947b09a49bf67fb7472a0501?page=11&searchText=havr%C3%A5%20boka>

#### Upublisert materiale

Bøthun, Siri Wølneberg og Morten Clementsen utkast til *Skjøtsel av kulturlandskapet på Havrå. Framlegg til skjøtselstak i Forvaltningsplan for Havrå*. Skjøtelsesplanen ligg føre kun i utkast og er ikkje ferdigstilt.



vestlandfylke.no